



---

BERGEN STUDIES IN SOCIOLOGY

**Innsyn og utsyn**

**Undervegs**

**Atle Møen**

BERGEN STUDIES IN SOCIOLOGY SERIES NR. 13/2021  
ISSN: 2535-3519  
Research paper, 2021  
ISBN: 978-82-578-1012-2  
DEPARTMENT OF SOCIOLOGY  
UNIVERSITY OF BERGEN  
BOX 7802, 5020 BERGEN

# Innsyn og utsyn

**Undervegs**

**Atle Møen**

## **Innhaldsliste**

### **I. Oppvakning frå «Den amerikanske draumen»**

Den amerikanske samansverjinga  
Donald Trump som ein historisk figur  
Tankespinn og talehandlingar  
Ei forfallshistorie.  
Trumpismen – ei maskulin motstandsrørsle  
Fornuft og kjensler i Amerika  
Det bifokale blikket

Fornuftige og myndige medborgarar  
Konspirasjon, primitiv animisme og (postmoderne) myter

### **II. Koronaen**

Koronaen, vitskap og myte  
I Koronaens tid: Turistar og omstreifarar  
Samfunnet på prøve  
Den uverkelege verkelegheita

### **III. Mørke om dagen**

Ikonoklasme, eller drapet på Samuel Paty  
Så kom terroren  
Kvardagen vender tilbake  
På sporet av ei anna framtid  
Mens vi ventar på katastrofen  
Slik vinn terroristane fram  
Aksiale sivilisasjonar, multiple modernitetar, og Islamsk fundamentalisme

### **IV. Å rekna med, eller å rekna med**

Eit sjølvspelande piano  
Den nye politiske ånda  
Fornuft og lidenskap i Brann  
Skjønn og digitalisering  
Kunsten i augneblinken

### **V. Merknader i marginen**

Noreg som høgdepunkt i evolusjonen

*Ein stor takk til far min, Ivar Møen.*

## Føreord

Dette er eit festskrift til 60 - årsdagen min, ikkje fordi eg meiner at denne dagen er så spesiell og merkverdig, men fordi eg har eit passande høve til å publisera nokre av mine engasjerte skriftstykke, og takka alle som har gjort mitt liv og virke mogeleg. Eg har stor glade av å kasta eit sosiologisk ljós over aktuelle tema, og eg vonar at desse innspela i det offentlege ordskiftet, kan vera til interesse, glede og nytte for deg som leser.

Då eg var barn og ungdom, trudde eg at livet ville bli kort og vanskeleg, og eg minnest ein gong syskenbarnet mitt Jens Ryum og eg, på vegen heim frå Vangen til Palmafossen, etter ein typisk ungdomsrangel, svinga inn til ein lagerplass, der det låg fleire stablar med telefonstolpar. Der tok vi ein lang pause, og sette oss for å røykja i den varme og ljose sommarnatta, og å røykja var noko som svært mange gjorde på 1970 -talet. Det var ein vakker grytidleg morgen med lukt av blomar, lett tåke rundt fjelltoppane, rett før soloppgang, og av ein eller annan grunn kom vi inn i ei dyster stemning, ei heilt vanleg bakrusstemning, vil eg tru, Der midt i dette svartsynet i den ljose sommarnatta som gradvis vart morgen, byrja vi å kappast om kven som ville døy først (syskenbarnet mitt hadde ein medfødt hjartefeil, som blei behandla seinare). Enno veit vi heldigvis ikkje utfallet av denne kappestriden, men no er eg blitt eldre enn det mine sosiologiske farsfigurar blei, alle døydde rundt dei 60, og det gjer meg undrande og takksam: Emil Durkheim (1858- 1917) og Max Weber (1864- 1920) vart ikkje 60, mens Georg Simmel (1858 -1918) døydde då han var 60.

Eg har vel gjort det relativt bra i livet, sett frå eit utvendig perspektiv, og eg har fått mange gåver som har gjort livet mitt rikt. Eg har svært mange å takka for livet eg

har levd, og markeringa av min 60-årsdag, gjer eg også for å takka alle ikring meg. Den mest autentiske og viktigaste erfaring eg har fått gjennom livet, er at all fridom, verdighet, kreativitet og lukke eg har hatt i livet, er noko andre menneske har gjeve meg. Åleine er eg ingen ting, hjelpelaus, ufri og med tankelammande kjensler, saman med andre kan eg vera mykje, og eg treng hjelp til å vera fri og tenkja med kreativitet og glede. Mor, far, søster og mange nære slektingar, var den inste borga i barndommen, og dei gav meg oppmuntring, tryggleik og sjølvkjensle. Eg hadde ein så god barndom - og ungdomstid på Palmafossen, og alle kameratane mine tok meg med på alt. Eg var ikkje rørslehemma mellom alle desse beina og armane som bar meg når det trengtest. Kameratane mine var like viktige for meg som familien min, og desse eineståande og flotte gutane frå Palmafossen gav meg høve til å vera med på nesten alt, og det eg ikkje kunne gjera sjølv, som til dømes å sparka fotball, var eg likevel med på som deltagande tilskodar. Eg levde meg så intenst inn i spelet at eg nesten var på banen, sprang, finta og scora mål. Eg har som mange andre vore gift og skilt, og vi har no to vaksne jenter - Johanna Fredrikke og Oda Kristense som heldt meg på nokolunde stø retning i livet, og som fyller meg med stor takk og glede.

Eg har også mykje å takka kollegaene min ved Sosiologisk institutt for, her kan vi søkja fellesskap, og her kan vi mura oss inne på kontoret, om vi ynskjer det. Og eg vil takka den lidenskaplege interessa eg har fått utdelt som ei nådegåve frå verdsånda, noko som gjer det meiningsfullt å leva, midt inne i livsstrevet og den kvardagslege rutine.

Desse klassiske sosiologane, som eg no har levd lengre enn, har inspirert meg på ulike vis, til å bli engasjert i verda omkring meg. Dei er ikkje så direkte synlege i denne teksten, og kanskje helst fordi eg ser på verda gjennom deira perspektiv. Vi kan ikkje sjå dei augne vi ser med, og vi ser ikkje alltid dei perspektiva som kastar

Ijos over verda. Max Weber er viktig for meg når det gjeld hans syn på at samfunnsutviklinga ikkje har ei objektiv meinings, eller prega av ein historisk vilje og nødvendige utviklingslover, men vi som sosiologar må studera konkrete aktørar sine subjektive meinings. Det finst ingen intensjon bak alt som skjer, og det er ingen Gud, verdsånd, eller hemmelege samansverjingar som styrer samfunnsutviklinga. Det meste av det som skjer er enten tilfeldige utfall, eller produktet av eit mangfald av sosiale handlingar som er forma av aktørane sine subjektive meinings. Dette synet er minst like viktig å fremja i dag som på Webers tid. Samfunnsutviklinga er ikkje styrt av biologiske utviklingslover, eller økonomiske lover, og det finst ikkje historiske subjekt, slik som proletariatet, eller nasjonen, som kan realisera framsteg og fridom for oss alle. Det finst heller ikkje ein stor plan, slik som Eurabia, Qanons tankegalskap om den «djupe staten», eller skjulte agentar som har stjåle eller rigga det amerikanske valet. Slikt sludder og vas, slike irrasjonelle fantasiar skaper paranoia og vrangførestillingar hos den enkelte og sug all kraft utav demokratiet. Dette tankehavariet er i dag det største trugsmålet mot eit opent og demokratisk samfunn. Det finst berre subjektiv meinings og ein konkret realitet, og aktørar som kjemper og strever for å realisera sine interesser, sine verdiar og ideologiar innanfor ein konkret røyndom, eller realitet.

Durkheim har vore viktig for meg når det gjeld hans analyse av den emosjonelle, kroppslege og seremonielle samhandlinga som skaper høg temperatur i samfunnet, slik at det sosiale livet syder, boblar og kokar. Alle samfunn, til alle tider, enkle og komplekse, i stort og i smått, har denne vekslinga mellom lågintensive daglege syslar og kvardagslege rutinar, på den eine sida, og eit intensivt liv med brusande kjensler innanfor seremoniar av mange slag, frå fredagslunsjen på jobben, til festlege feiringar, bursdagar, bryllaup, konfirmasjon, russetida, fadderveka, 60-

årsdagar, 17. mai markeringar, Rosetogene, valkampar, og mykje anna av stort og smått, som skrur opp temperaturen i samfunnet, og som løftar oss litt over den rutineprega kvardagen, sjølv om denne kvardagen alltid er grunnmuren i liva våre og avgjerande for at vi skal ha eit godt liv. Men Durkheim gjorde oss merksame på den veldige kreativiteten, eller skapingskrafta, som vert sett fri gjennom dette emosjonelle - og seremonielle livet, og det er ofte gjennom seremoniar at vi skaper nye idear og ideal, heilage ting som flagg og roser, kollektive minne, tatoveringar og emblem for gruppemedlemskap, moral, slik som skilje mellom godt og vondt og reint og ureint, venn og fiende, og aller mest; vi kjenner oss styrka og meir verfulle når vi har gjennomført vellykka seremoniar i lag med andre.

Eg har også alltid vore begeistra for Georg Simmel sine studiar av den estetiske moderniteten, slik som kunst, reiser, det flyktige og tilfeldige, det eventyrlege, den framande, kreative samtalar mellom framande, det blaserte, pengane som ein vev i samfunnet, mangfaldet av pulserande vekselverknader, og *Geselligkeit*, dette omgrepet som fokuserer på det selskaplege i samfunnet, eller den reine estetiske forma i det sosiale livet. Det selskaplege, eller primatet på den reine estetiske forma, finn vi i konversasjonen, der vi ofte held samtalen gåande utan tanke på kva vi snakkar om, konversasjon er den reine forma utan innhald, og konversasjonen er eit mål i seg sjølv. Dette estetiske perspektivet på samfunnet har også metodologiske konsekvensar, som er viktig for meg. Alle enkelthendingar, spesifikke erfaringar og små detaljar ved det sosiale livet, kan også kasta ljós over det generelle og universelle. Dette er bakgrunnsstrålinga for noko av mitt akademiske virke, og mine små og store tekstar.

Desse tekstane som eg publiserer her i denne essay-samlinga er

«Undervegs» på fleire måtar. For det første er det lett omskrivne avisinnlegg, for det andre er det skisser som eg vil skriva meir på, og for det tredje er denne essaysamlinga «Undervegs» på den måten at eg vonar på at eit forlag vil gje ut denne vesle boka. I mi faglege reise har det alltid vore viktig for meg å formidla sosiologisk innsikt til studentane, og stundom skriva om aktuelle hendingar, og å forsøka å kasta eit sosiologisk ljós over den verda vi alle lever i. Desse små tekstane er skrivne med engasjement og interesse. Dei viser noko av min lidenskap, og i følgje Max Weber er alt det som har verdi for oss, skapt gjennom vår lidenskap. Tittelen på boka er Innsyn og Utsyn, og dette viser til at eg forsøker å få eit relativt detaljert innsyn i nokre detaljar, og på denne måten kan vi kasta ljós over generelle fenomen i dagens samfunn, altså skaffa oss eit utsyn over allmenne fenomen.

## **Oppvakning frå «Den amerikanske draumen»**

## **Den amerikanske samansverjinga**

Klassepolitikken har prega det politiske landskapet i Europa, mens dei politiske kampane USA har vore sentrert rundt identitetspolitiske tema. Den amerikanske identitetspolitikken sprang ut av den afro-amerikanske borgarrettsrørsla på 60-talet sitt krav om formell likestilling og vedkjenning av den svarte identiteten. Dette opna også opp for ei liberal, kritisk og progressiv frigjeringsrørsle i heile verda, noko som vart eit mønster for framveksten av kvinnerørsla, homorørsla og handikaprørsla.

Denne kampen for vedkjenning av kulturelle skilnader og universelle rettar, vart eit viktig supplement til klassepolitikken og søkelyset på fagorganisering, velferdsstat og rettferdig fordeling.

Men identitetspolitikk utan klassepolitikk kan verta blind, slik at det kan veksa fram ein eksepsjonell sosial og økonomisk ulikskap i saman med kampen for vedkjenning og respekt. Svak søkelys på klasse og velferdsstat har også ført til forvitring av offentlege institusjonar og innskrenking av felles siviliserte møteplassar, slik at menneske med ulike identitetar, lever relativt isolert frå kvarandre, fordi dei samhandlar ikkje innanfor felles institusjonar. Rasemotsetnader og valdeleg rasekamp, og andre øydeleggjande konfliktar, skuldast ofte mangel på offentlege møteplassar, og just fordi slike offentlege rom gjer at det vert mogleg å samhandla med kvarandre og erfara ein felles medborgarskap mellom ulike rasar, mellom kvinner og menn, mellom forskjellige religionar, og mellom menneske med eit mangfold av seksuelle legningar og ulike funksjonsevner. Samfunnssolidaritet er noko som vert skapt når menneske faktisk arbeidar i saman for å løysa felles problem, og denne grunnleggjande nasjonale fellesskapen er langt mindre avhengig av felles verdiar og felles kultur, enn det vi kan få inntrykk av gjennom det vi høyrer og les i det offentlege ordskiftet.

I USA har det lenge vore ei slags samansverjing (sjølvsagt ikkje bevisst, men heller innebygd i det politiske ordskiftet) mellom demokratane og republikanarane omkring identitetspolitiske tema, og i ly av denne politiske stormen om identitet og rase, har det utvikla seg to eksepsjonelle kjenneteikn ved det amerikanske samfunnet: Det eine er den ekstreme sosiale og økonomiske ulikskapen, og det andre er at USA er det første og einaste demokratiske samfunnet som er eit fengselssamfunn, som er spesielt innretta mot å stengja inne «farlege, unge, svarte menn».

Dagens *Black Life Matters* kan tolkast som ein respons på at den afroamerikanske befolkninga ofte møter staten som ein repressiv fengsels - og politistat, og i mindre grad møter den svarte befolkninga ein demokratisk velferdsstat med offentlege institusjonar, slik vi er vante med i Skandinavia. Ein av grunnane til den farlege polariseringa i USA, er at offentlege institusjonar har forvitra, slik at menneska ikkje kan møta kvarandre i sivilisert og fredeleg samhandling. Denne identitetspolitikken kan også innehalda sin eigen versjon av ein slags jakobinsk radikalisme, der eit rettmessig krav om ein viss form for opprydding av historiske minnesmerke, er i ferd med å bli radikalisert til eit jakobinsk skrekkelde, der illsinte demonstrantar øydelegg historiske minnesmerke og statuar.

Ein kan også seia at politivalda i USA har to ansikt: Sett i frå eit perspektiv motset svarte menn seg arrestasjon, fordi dei manglar tillit til den statlege valdsmakta, og i nokre tilfelle kan dette føra til at politiet kan mista kontrollen og hamna i situasjonar der dei må bruka naudverje. Men dei mange videoane som syner politivald, kan også syna fram eit anna ansikt:

USA har lenge vore eit rasistisk samfunn, der svarte vart haldne nede gjennom politisk, økonomisk og ideologisk undertrykking, og gjennom terrorveldet og lynsinga

gjennomført av Ku Klux –klan. Denne periodevise lynsinga styrka ofte den indre solidariteten til dei kvite, og skremte den svarte befolkninga til lydnad og underkasting. Eg meiner ikkje at politidrapa er ei «sivilisert» lynsing, men det kan likevel vera ein konsekvens av fengselssamfunnet, og det at den svarte befolkninga vert disiplinerte gjennom politiet si tvangsmakt. Den kvite terroren og lynsinga av svarte har skapt kollektive minne om ein veldig urett og total forneding, av det afroamerikanske fellesskapet, og politidrap av svarte menn, aktiviserer dette kollektive minnet, fordi det minner dei om Ku-Klux- Klan sitt skrekkelde.

Det republikanske partiet har sidan 1980 talet og fram til i dag mobilisert med tre ulike ideologiske tyngdepunkt: Det første har vore ein ny- imperial militarisme, noko som nådde sitt høgdepunkt i invasjonen av Irak og fjerninga av Saddam Husein i 2003. Det andre ideologiske tyngdepunktet har vore ny-liberalismen og fjerning av sosiale rettar og nedbygging av velferdsstaten. Det republikanske partiet har også fått ei veldig ideologisk kraft frå eit tredje tyngdepunkt, nemleg den evangeliske rørsla og den kristelege fundamentalismen, som nettopp har gått i hop med intoleranse mot alternativ moral og livsstil, slik som homorørsela, kvinnerørsela, og den svarte befolkninga sin spesifikke historie og kultur.

Denne konservative identitetspolitikken har difor også omdanna tema omkring sosial og økonomisk ulikskap, til spørsmål om rase, rett til å bera våpen, abort, moral og religion. Den potensielt økonomiske radikalismen til kvite arbeidarar, vert bøygd til ein konservativ populisme, og desse kvite arbeidarane har lytta til konservative politikarar når desse har skulda på svarte velferdssnyltarar, arbeidsskye immigrantar, og velferdsdronningar, for den økonomiske misere hjå kvite arbeidarar.

Det er denne meir eller mindre opne rasismen som også førte til at kvite arbeidarar innanfor «rustbeltet» og i sør-statane har slutta rekkene bak Donald

Trump, og difor kunne desse arbeidarane røysta mot sine eigne klasseinteresser.

Den identitetspolitiske rasismen trumfar over klassepolitikken for kvite arbeidrarar, noko som har ført til at fattige arbeidrarar har støtta skattelette for dei rike og ei veldig favorisering av Big -business framfor interessene til den amerikanske arbeidarklassen.

Den politiske samansverjinga mellom dei to partia i USA omkring identitetspolitikken, har frå demokratane sin synsvinkel vore ein absolutt støtte til dei identitetspolitiske sosiale rørslene, frå den svarte borgarrettsrørsla, via kvinnerørsla, og no til slutt den sosiale rørsla for homofil og lesbisk frigjering, og handikaprørsla sin frigjeringskamp. Det demokratiske partiet i USA har vore eit identitetspolitsk parti, men har rygga unna klassepolitikken, og kampen for sosial rettferd, velferdsstat og felles offentlege institusjonar. Identitetspolitikk har ført til formell frigjering av undertrykte grupper, men diverre har dette gått hand i hand med nedbygging av velferdsstaten og neglisjering av klassepolitikken.

Ein kan kanskje seia at dei identitetspolitiske sosiale rørslene har fremja frigjering og respekt av identitetar, men denne politikken har også bidrige med å ta bort søkjeljaset på den økonomiske ulikskapen innanfor det amerikanske samfunnet. Det er mot denne bakgrunnen ein også kan tolka åtaka på historiske monument som ein fånyttes og forvirra protest. Dette er ein overflatisk demonstrasjon, ei biletknusing (ikonoklasme) som ikkje bidreg til å kjempa mot den eksepsjonelle sosiale- og økonomiske ulikskapen i USA og det amerikanske fengselssamfunnet.

## **Donald Trump som ein historisk figur**

Donald Trump vil på ein eller annan måte koma til å bli ein historisk figur. Vi står midt oppi ein kaotisk periode i amerikansk politikk – vi er *in media res* - og vi som samfunnsforskarar søker etter gode omgrep for å forstå og forklara fenomenet Donald Trump og trumpismen som er ei sosial rørsle med tyngdepunkt i den maskuline, kvite arbeidarklassen. Ei av mange oppsiktsvekkande kjennsgjerningar, er at denne sosiale rørsla også har makta å omforma Det republikanske partiet frå å vera *The Grand Old Party* til å vera ein slags jublende supportergjeng, eller ein postmoderne mediesekt, som ser på Trump som ein person som kan frelsa dei frå mykje som er galt, slik som nedlegging av industriarbeidsplassar, innvandring frå Mexico, ikkje minst frelsa dei frå eliten i Washington, som har fjerna seg frå vanlege folk sine interesser og erfaringar.

Det er mange som har begynt å kalla Trump for ein fascist, og nokre aspekt ved Trumps presidentgjerning har heilt klart hatt fascistiske trekk, slik som åtaket på pressa, den bøllede retorikken, flørttinga med visse væpna gjengar (*Proud Boys*) og trua på den store konspirasjonen som rigga eller stal valet. Hitler gjekk til frontalåtak mot «*die Lügenpresse*» og han hadde mange paranoide idear om at jødane styrte verda, og at Tyskland tapte krigen fordi dei vart dolka i ryggen av jødane ved fronten. På nett dette punktet er det stor likskap mellom Hitler og Trump, fordi han begynte si karriere med å skjella ut journalistar, klandra *main-stream* media for å produsera *fake news*, han gav mexicanske innvandrar skulda for kriminaliteten og mangelen på arbeidsplassar, og endeleg skapte han den store lygna om at valet var rigga og stjåle, altså ein slags dolkestøyt - legende. Dette kan vera ein form for fascism, men det er så mange aspekt ved Trump og trumpismen som skil dette fenomenet radikalt frå den historiske fascismen i Italia og Tyskland på 1920-30 talet, slik at det har

avgrensa verdi å hengja fascistbjølla på Trump. I mellomkrigstida sto eit nasjonalistisk borgarskap i valdeleg konflikt med ein internasjonalistisk arbeidarklasse, mens i dagens USA er dette tilhøvet snudd på hovudet, med ein global elite som er i konflikt med ein nasjonalistisk og proteksjonistisk arbeidarklasse.

Men det finst eit perspektiv og nokre historisk sosiologiske omgrep frå den tyske sosiologen Max Weber (1864 – 1920), som kan kasta ljós over fenomenet Donald Trump. Eg tenkjer her på Max Webers typologiar over legitime herredømme, eller legitime dominansrelasjonar, der Weber er interessert i kva det er ved eit herredømme som gjer at befalingane, kommandoane, eller avgjerslene vert lyste, etterlevde, eller følgde fordi befalingane vert oppfatta som rimelege, fornuftige og rettmessige av den underordna. Weber mynter det velkjente skille mellom rasjonelt legalt herredømme, tradisjonelt- patrimonialt herredømme og karismatisk herredømme. Mot bakgrunnen av desse typologiane kan ein seia at Trump praktiserte ein postmoderne mix mellom tradisjonelt herredømme, med ein patrimonial eigarskap til statsforvaltninga, og eit karismatisk herredømme med emosjonelle folkemøte, medieshow og Twitter - demagogi.

Trumps presidentstyre hadde nettopp innslag av tradisjonelt herredømme, eller det som Weber kalla for patrimonialt statsstyre. Trumps oppfatta tilhøvet mellom seg sjølv som presidenten, dei ulike rådgjevarane og ministarane som prega av personleg lojalitet. Trump styrte staben sin som ein husherre styrer hushaldet sitt, og forventa absolutt lojalitet frå undersåttane i statsadministrasjonen. Det var svake grenser mellom Trumps private hushaldning, og den offentlege amerikanske staten. Dette var også grunnen til at sonen, svigersonen, dottera, kona og andre familiære medlemmar av hushaldet var dei nærmaste medarbeidarane, og just som ein herre i ei

hushalding, krev absolutt underdaning og lojalitet, kravde Trump underordning frå tenarane, eller medarbeidarane sine.

Dette var eit brot med det legalt-rasjonelle herredømme, der rådgjevarar og ministrar har ei upersonleg forplikting til statsapparatet, der den fagutdanna embetsmannen har autoritet i kraft av formelle reglar, og der dei styrer ved å retta seg etter juridiske prosedyrar. Eit anna sentralt kjenneteikn ved det legalt- rasjonelle herredømme er at det vert fatta avgjersler på eit formelt sakleg grunnlag, utan personlege motiv, strengt upartisk og utan kjensler, eller *sina ira et studio*. Denne delen av amerikansk politikk og herredømme, vart mindre viktig gjennom Trumps styresett.

Trumps patrimoniale herredømme vart tømt både for fagkunskapen, og utarma p.g.a. mangel på føresjåelege rutinar, slik at statsstyringa vart vilkårleg og despotisk, nærmest sultanistisk slik som Putins Russland og Erdoganas Tyrkia. Trump styrte staten som ein hustyrann, og statsforvaltninga svinga ustabilt på Trumps stemningsbylgjer. Husherrar krev som oftast absolutt lydnad, og er dårlege til å handtera diskusjonar og usemjje, og husherren krev også ein absolutt vedkjenning og ros av sine syn, standpunkt og meiningar. Dei som talar i mot husherren, vert utstøytt frå familievarmen, lojaliteten vert brått borte, og Trump sparka fleire medarbeidarar enn nokon annan president har gjort tidlegare, etter det eg kjenner til.

Men dette presidentherredømme kunne ikkje forankrast i tradisjonen, eller den evige gårsdagen. Dette presidentstyret hadde også svært svake innslag av det legalt- rasjonelle herredømme. Difor måtte presidenten innimellom skaffe legitimitet, eller rettferdiggjera det vilkårlege og humørstyrte herredømme gjennom sterke innslag av karismatisk herredømme. I førmoderne tider var det profetane som hadde denne karismaen, eller dei særskilde nådegåvene til å gje mening til ein

ekstraordinær situasjon. Profetane kunne utføra eit mirakel og gje ei krise meining. Det er også andre reine typar med karisma, slike som krigshelten og den politiske demagogen, eller føraren i fascistiske masserørsler. Det er også slik at forvaltningsstaben vert utvalde mellom dei som personleg "gjev seg til" herskaren, og ikkje på grunnlag av kompetanse.

Trumps karisma var knytt til at han hadde ei spesiell evne til å snakka usant, men likevel vekte desse lygnene gjenklang i dei kollektive kjenslene til den ekstatiske massen av tilhøyrarar, og talen til Trumps samsvarte med den maskuline kvite arbeidarklassen si erfaring av å ikkje bli verdsette, vedkjente, og å ikkje ha ei lovande framtid, fordi deira eksistens var truga av kinesisk industri og mexicanske immigrantar. Trumps karismatiske genialitet og demagogiske kraft var at han gjennom eit slags mirakel transformerte opplagte lygner til ein emosjonell og eksistensiell sanning, for alle dei som har tapt vedkjenning og fått redusert sine livssjansar.

Eit anna kjenneteikn ved Trumps karisma, var at han braut med den politiske rutinen, og det litt stive og høgtidlege politikarspråket. Trump talte til folket sitt som om han var i ein støyande bar, han raljerte i talene, fornærma utanlandske representantar, laga artige og nedsettande kallenamn på sine motstandarar, og han sto fram i dei fleste samanhengar som ein brautande mannsjåvinist og racist. Talen hans skapte gjenklang hjå den kvite arbeidarklassen, om lag slik dei svarte folketalarane kunne skapa ei emosjonell bylgje i den afro-amerikanske sjela.

Men Trump måtte også opptre slik at denne karismaen heile tida vart vedlikehalden og overført i tid og rom til den jublende gjengen av støttespelarar. Den typiske moderne strategien er å overføre karismaen direkte til eit parti eller sosial rørsle, men den postmoderne strategien er å i scenesetja medieshow, ekstatiske

folkemøte (Trumps presidentstyre var eigentleg ein evig valkamp) og Twitter - demagogi, noko som førte til at Trump heile tida var i søkjeljoset, slik at hans umettelege behov for ros og vedkjenning kunne verta tilfredsstilt.

På denne måten privatiserte Trump den amerikanske staten og viska ut skiljelinjene mellom hushushaldet sitt og den offentlege staten, noko som førte til mangel på kompetente fagpersonar til å utrusta regjeringskontora, og fråvær av faste statsrettslege prosedyrar. Det vart ein serie med rådgjevarar, medarbeidrarar og inkompetente ministrar, som heile tida satt på husherren sin nåde, og dei var ministrar så lenge dei aksepterte å underkasta seg Trumps meininger, standpunkt og politiske strategiar utan saklege motførrestillingar; medarbeidarane måtte ha ein familiær lojalitet til husherren Trump. Dette skapte også eit styre av dilletantar med ein ustabil husherre som president. Jo Biden må no gjenreisa fagkompetansen og det legalt- rasjonelle herredømme, men han treng å skapa ein ny karisma og entusiasme i Det demokratiske partiet for å fullt ut lykkast som president.

## Tankespinn og talehandlingar

Vi lever ikkje i den beste av alle moglege tider, men mykje er bra; levealderen aukar, færre menneske lever under prekær svolt, barnedøden er kraftig redusert (mellom anna som følgje av vaksinasjon), og færre dør i krig, enn nokon gong før. Vi lever i ei tid med Opplysning, framsteg, og med stadig forbetring av den vitskapelege kunnskapen. Mykje er bra og blir stadig betre, og det er dette evolusjonspsykologen Steven Pinker kallar Opplysning no! Dette vil ikkje seia at alt er perfekt, og det vil det aldri verta. Det er likevel viktig å halda fast på ideane, om fornuft, vitskap, framsteg, frigjering og demokrati, også i pandemien si tid, under klimatrusruslane og den nye postmoderne irrasjonalismen, som viser seg i dei mange alternativ-høgre grupperingane, og den islamske radikalismen. Felles for den islamske fundamentalismen og den radikale høgresida, er at desse representerer eit totalt havari for fornufta, og ein irrasjonell og fornuftstridig tru på KONSPIRASJONSTEORIAR.

Faren med desse konspirasjonsteoriane er ikkje det absurde, irrasjonelle og tanketomme i desse «tankemodellane», eller illusjonane, i seg sjølv. Det er trist og tragisk for den enkelte at dei viklar seg inn i slike tankespinn, men vi lever i eit fritt samfunn, der det er fritt fram å vera ein idiot. Kvar enkelt kan tru på kva dei vil for meg. Men problema med desse menneska er at dei ikkje slår seg til ro med sine vrangførestillingar og tankespinn. Eg har merka meg at menneske med slike illusjonar og hjernespinn, absolutt må forsøka å overtala andre i at dei har ein slags eineståande innsikt, eller *imaginatio*. Det er ofte ein omvendt proporsjonalitet mellom kunnskapskvalitet og overtalingslyst. Det synest for meg at desse menneska med desse idiotiske og absurde ideane, absolutt må få meg til å tru på dette meiningslause sludderet og vaseit.

Eg klarer likevel som ein relativ danna professor, halda ut dette. Vi som er samfunnsforskarar må lære oss å omgåast diverse myter om samfunnet, men det røyner på tolmodet når folk utan kunnskap om menneske og samfunn, absolutt må læra meg om korleis alt heng i hop, til dømes at vi blir styrte av ei eller anna hemmeleg samanslutning, frimurarane, paven, vaksineindustrien, FN, eller eit pedofilt nettverk. Det er ikkje grenser for denne absurde idiotien, og dei radikale tankefeila.

Dette kan vi halda ut til nød, og desse idiotiske ideane sirkulerer for det meste i parallelle samfunn, slik som Document.no, Resett, hjå nokon forvirra eks-politikarar, og innanfor tanketomme ekkokammer der irrasjonaliteten vert forsterka, og når farlege høgder. Det er sørgeleg at desse menneska, som lever i bobla, eller ekkokammerset, ikkje er klar over det sjølve, nett slik at ein gullfisk ikkje er klar over at den bur i ein bolle. Det finst ingen utveg til å justera denne tankegongen, slik menneske er fanga innanfor desse tankespinna. Tragisk nok, men i og med at dette finst mest innanfor ekkokammera, på sosiale media, slepp vi andre å høyra desse meiningsane i dei offisielle redaksjonsstyrte media.

Men den største faren knytt til denne nye irrasjonalismen, er at desse absurde tankespinna er eit trugsmål mot demokratiet og ein opplyst og rasjonell meiningsutveksling. Det er ein moralsk feil å surra seg fast i usanne idear. Det er difor også, som vi nettopp har vore vitne til i USA, ein farleg kort avstand mellom ord og handling. Trumps konspiratoriske tankespinn, som har blitt utvikla innanfor Det republikanske partiet, som gradvis er omdanna frå å vera eit politisk parti til å vera eit ekkokammers for Trumps illusjonar. Og dei veit ikkje sjølv at dei lever i fiskebollen, og difor er det uhorveleg mange av republikanarane som trur på den store lygna til

Trump, og det er ingen tvil om at Trump sjølv trur på dette, og difor kunne han setja i verk storminga av Kongressen gjennom ei talehandling, som vekte folkemassane til handling.

Ord blei direkte omsett til handling, og Trumps konspirasjonsteoriar samsvarde eksakt med og skapte resonans og gjenklang hos den brokete massen av halv kriminelle, maskuline og alternativ høgre- mobben. Dei fleste av oss har visst lenge fått ein meir uhyggeleg demonstrasjon på at vi har eit moralsk ansvar andsynes å tenkja fornuftig og avvisa irrasjonelt tankespinn. Akkurat her tillèt eg meg litt professoral arroganse – eg vil ikkje bli fortalt av desse idiotane korleis samfunnsutviklinga fungerer, nett på same viset som ein kirurg, ikkje vil at pasientane skal instruera han i utføringa av hjartekirurgi.

Vi lever i ei tid med store vitskaplege framsteg, men denne vitskaplege rasjonaliteten kan brått slå over til nye mytar, eller ei svært urovekkande form for animistiske, magiske og mystiske verdssyn. Dette er et døme på det som Adorno og Horkheimer i 1944 omtala som «Opplysningas dialektikk». Innanfor desse globale nettverk av kunnskap, sirkulerer også dei mange konspirasjonsteoriane, eller den primitive og opphavelege animismen, der verda er besjela av gode og vonde ånder, der det mest av alt står hemmelege samansverjingar bak alt som skjer i verda. Den primitive animismen med «tankens allmakt» har oppstått i ein ny versjon gjennom nye mytar innanfor dagens komplekse nettverks- og informasjonssamfunn. Før i tida var det grenser i kunnskapen for kva vrangførestillingar som var mogleg å fabrikkera, mens innanfor dagens informasjonssamfunn finst det uendelege mengder med kunnskapar som kan setjast saman til kreative illusjonar, vrangførestillingar og konspirasjonsteoriar.

Litteratur:

Adorno, T.W og Horkheimer, M. (1944, 2011) Opplysningens dialektikk. Oslo:  
Spartacus forlag

Pinker, Steven (2018). *Enlightenment Now: The Case for Reason, Science,  
Humanism, and Progress*. Penguins Books

## Ei forfallshistorie

Vi kan ikkje slutta å undra oss over det store forfallet som skjedde i USA i overgangen frå Barack Obamas presidentperiode til Donald Trump som sitjande president. Obama var ein intelligent talar som gjorde bruk av dei store språklege og retoriske ressursane som finst i den svarte kulturen. Donald Trump sine talar minner oss om ein mobbar og bølle frå skulegarden, eller den ilske skrålinga mellom menn i ein drikkefellesskap.

Desse språklege og kulturelle ressursane til det svarte folket kan vi få innsikt i gjennom å lesa W.E.B. Du Bois si bok *The Souls of Black Folk* (1903). Han skildra det skapande og oppstemte livet som utspelte seg innanfor dei svarte kyrkjefellesskapa. Menneska song, jubla og dansa i lag, og kjenslene svinga i takt opp til ekstatiske høgder. Songen var særskilt sentral i desse seremoniane, og desse *Sorrow- songs* representerte det svarte folket sine sorger og fortvilingar, men også håpet om ei heilt anna framtid. Dei svarte song om si historie og sitt kollektive minne gjennom ei jublende sorg. Jublande, fordi songen gav eit løfte og eit håp om frigjering, rettferd og lykke, sorg fordi dei song om all den fornedring dei svarte hadde opplevd gjennom slaveriet. I tillegg til den frenetiske stemninga, dansen, songen, og jubelen, var presten, eller oratoren, ein viktig sosial figur som med orda sine skapte ein lysteleg velklang, eller resonans hjå kyrkjelyden, som også auka styrken i dei talte orda.

Kyrkjeseremoniane skapte ein veldig emosjonell energi og formidla eit kollektiv minne, og oratoren, presten, eller den karismatiske folketalaren, forsterka stemninga i salen ved å knyta ann til dei viktigaste tradisjonane i det amerikanske samfunnet, nemleg bibelen og den republikanske politiske tradisjonen. Den svarte pastoren talte

om fridom for alle menneske, og viste til at det segregerte, valdelege og rasistiske samfunnet braut med Amerika sine høgste ideal om at alle var like under Gud, og grunnlovsfedrane sine utsegn om at dei fann det som innlysande sant at alle menneske var fødde like og frie, og hadde den same trøngen til å streva etter lykke.

I USA har desse språklege og emosjonelle ressursane gong på gong blitt aktiviserte i den svarte borgarrettsrørsla og seinare i kvinnerørsla, homorørsla og handikaprørsla. I ein av dei mest kjente talane til Martin Luther King framført under marsjen mot Washington i 1963, sette han folkemassen i emosjonell rørsle og entusiasme med desse orda, som var i ei rekke med liknande ord: «I have a dream that one day this nation will rise up and live out the true meaning of its creed: 'We hold these truths to be self-evident: that all men are created equal». Orda hans skapte ein veldig klang hjå alle som var der, det gjekk ei bylgje gjennom publikum, og han forsterka krafta i orda sine gjennom å henta styrke frå den jublende massen og ved å referera til den bibelske tradisjonen og den sterke arva frå den republikanske tradisjonen.

Barack Obama gjorde mykje av det same: Han tala om dei universelle ideaala i det amerikanske samfunnet, og talane hans vart forsterka og løfta fram av kollektive minne og intense emosjonelle stemningar. Talane til Obama var lada med energien frå ei sosial rørsle, og han talte også om å innfri det løftet som grunnlovsfedrane hadde gjeve, og han viste fram denne amerikanske utopien som ein standard for alle, og som ein målestokk for samfunnskritikk. Det har vist seg at det er mogleg å få i stand frigjering og likskap, gjennom songen, dansen og den sorgfulle stemninga, i saman med rasjonell og sakleg tale innanfor ein kritisk offentleg diskusjon. Den svarte borgarrettsrørsla har vore ei syngjande rørsle gjennom det amerikanske samfunnet: «We shall overcome» lydde over heile verda, i nye samanhengar. Men

diverre er det ofte slik at den formelle frigjeringa kan skjula nye former for økonomiske og sosiale ulikskapar, og systematisk disiplin og vald mot dei svarte, frå det amerikanske politi- og fengselssamfunnet.

Der Martin Luther King og Barack Obama synte fram dei fremste ideala og dei beste sidene ved USA, representerer Donald Trump det verste ved USA. «Make America Great Again» betyr ikkje å realisera ideala om universell fridom, likskap, og utvegen til å søkje lukka. Det er heller tale om at pengar og makta skal råda grunnen åleine, inkarnert i denne presidenten sin forvirra stormannsgalskap. Det er dominansen gjennom pengar, militær, politi og den arrogante haldninga om at amerikanarane er betre enn alle andre, og dei kvite er meir verd ann dei svarte, og at USA kan bli store igjen ved å byggja ein mur mot Mexico. Donald Trump sine retoriske ressursar er henta fram frå talemåtane til alle dei som mobbar og plager andre. Det er grenselaus sjølvskryt av bøllen, ein slags barnsleg tyrann, i kombinasjon med sviktande realitetssans. Det er også slik gutegjengen, eller drikkevenene snakkar når rusen har svekka dømmekrafta, og orda og aggressjonen får strøyma fritt. Det er ikkje tale om klangen frå den emosjonelle songen som løftar menneska mot nye horisontar.

Det er talen frå det umodne menneske som er overtydd om at verden er nett slik dei indre fantasiane om verden er. Er det nokon som prøver å korrigera presidenten sine fantasiar, omgrep og førestillingar om verda, fyk han rett i strupen på journalistane, og klagar dei for å produsera alternative fakta. Dette åtaket på dei offisielle media minner om Hitlers åtak på «lügenpresse», og hans hardnakka ide om den jødiske konspirasjonen som styrte verda. Trumps presidentgjerning er i ferd med å gjera uoppretteleg skade på det Amerika som i periodevis har vore eit ideal for mange.

## Litteratur

Du Bois, W.E.B. (1903, 2007). *The Souls of Black Folks*. New York: Oxford University Press

## **Trumpismen – ei maskulin motstandsrørsle**

Trump har vore ein ekstraordinær president gjennom heile presidentperioden, og mot slutten av presidentperioden viste han seg fram på den mest karakteristiske måte, nemleg at han sjølv avgjorde kva som er sanninga. Det er nesten ikkje til å tru kva Trump stelte i stand. Eit absolutt vilkår for at ein kan ha eit rettferdig demokratisk val er at dei formelle valreglane om røystegjeving, oppteljing og reglar for å fordela valmenn vert respekterte. Dette å erklæra sigeren før alle røystene var talte og senda ut «ordre» om å stoppa oppteljinga, var eit alvorleg brot mot dei konstitusjonelle reglane i valprosessen. Dette har mange kalla eit forsøk på statskupp, og det vart verre med den høgreradikale mobben sitt åtak på Kongressen 6. januar. Trump kom med sterke skuldingar om valfusk, og han kom med ein slags oppmoding, eller oppvigling til valdsbruk. Dette er alvorleg i eit samfunn der det florerer med våpen, og det eksisterer det som ein lyt kalla for paramilitære troppar med sinte menn, slike som *Bad Boys*. Dette må også sjåast i samanheng med kva Trump tidlegare har uttalt om at han ikkje har tru på eit rettferdig val, og at det slett ikkje er sikkert at han vil overgje makta si til Biden. Han har heilgardert seg: Enten så vinn han, eller so tapar han fordi demokratane fuskar.

Den stormaktsgale og narsissistiske Trump har ein målestokk for sanning: det som han trur er sanning, er sanning. Dersom han trur det er valfusk, er det valfusk, ingen fakta kan motseia Trumps fantasiar. Media sine rapportar om valet er *fake news*, og kan ikkje måla seg med Trumps vrangførestillingar. Vi må berre håpa på at rettsvesenet, media, OSSE og andre institusjonar er så sjølvstendige og

velfungerande at dei kan kasta ljós over dette forsøket på å trumfa sin eigen vilje igjennom.

Men alle villfaringar har også rot i røynda, og slik er det også med Trumps irrasjonelle og halsstarrige tru på at han er vinnaren av valet. Donald Trump har ikkje berre vore ein representant for det republikanske partiet, han har vore den karismatiske leiaren for ei sosial rørsle. I tidlegare presidentval har det ofte vore Demokratane som har henta styrke frå ei brei folkerørsle, nemleg borgarrettsrørsla. Denne borgarrettsrørsla har også vore knytt til kyrkjesamfunn, og frontfigurar frå denne rørsla har tala om at alle menneske er fødde frie, og henta støtte både frå den bibelske tradisjonen og den republikanske arva. Martin Luther King og Barack Obama har begge vore typiske representantane for denne djupe rørsla i amerikansk politikk.

Men i dette valet var det Trump som mobiliserte ei brei folkeleg rørsle. Han hadde store folkemøte med oppglødde menneske som sat og sto tett i tett utan koronaangst. Trump reiste rundt og haldt fleire folkemøte kvar einaste dag, i eit frenetisk tempo. Han såg rundt seg og over alt blei han møtt med ei jublende folkemengd som løfta han høgare og høgare opp i skinet av sin eigen grandiositet. Han kjente energien frå tilhengjarane sine, og han var i sentrum av det valskredet som førte til at 70 millionar stemte på han, nesten ingen andre presidentar hadde opplevd noko liknande, då med unnatak av Biden som vart den suverene vinnaren med 75 millionar stemmer. På sett og vis vann Trump på valdagen, men som kjent alle stemmer skal teljast før ein kan kåra ein vinnar!

Demokratane hadde ein langt meir stille og hygienisk valkamp, der tilhøyrarane sto med munnbind i forsvarleg avstand, eller sat i bilane sine. Den entusiastiske stemninga som Obama ein gong skapte var borte. Det var ingen

jublende masse med menneske som bylgja i saman som ein lekam. Det var ein disiplinert folkemasse som også stemte på førehand i mykje større grad enn Trump sine veljarar gjorde. Det var livlause, rolege, disiplinerte og fråskilde mellomklasseveljarar som vart numerisk fleire enn Trumps entusiastiske og oppglødde menneskemasse. Trump vart den emosjonelle vinnaren, mens Biden vart den rasjonelle, kognitive, numeriske og hygieniske vinnaren. Trump har sjølv sagt vanskeleg for å forstå og akseptera at dei oppglødde valmøta likevel ikkje førte til at han vann valet. Han såg rundt seg og menneska jubla, i hans erfaringsverd blei han løfta fram av eit valskred.

Trump har vore den karismatiske leiaren for ei folkerørsla, som er geografisk lokalisert i midt-vesten. Det er ei typisk amerikansk identitetspolitisk rørsle, men med kvite menn på landsbygda som gjer opprør mot den kosmopolitiske eliten i byane. Den amerikanske politikken har eigentleg aldri vore prega av klassespørsmålet. Det er identitetspolitikken som har skapt dei politiske skiljelinene i USA. Ei mengde med menneske har kravd vedkjenning og likestilling for identitetane sine, slik som afrikansk- amerikanarar, mexicanarar, asiatar, lesbiske, homofile, transseksuelle etc., men den opphavelege kvite mannen utanfor dei store byane er blitt marginaliserte, og mista stemmene sine. Desse mennene lengtar naturlegvis tilbake til ei tid der den mannlege industriarbeidaren hadde stabil lønnsinntekt, kunne forsørga kone og barn, og dei var husherrar som alle i naboskapen respekterte. Trump har gjeve stemmene tilbake til desse mennene og løfta fram deira tap av verdi og livssjansar, og slik sett har Trump vore leiaren for ei nasjonalistisk folkerørsla for den rurale kvite mannen.

Og Trump har alltid hatt direkte kroppsleg og emosjonell kontakt med denne rørsla, om lag slik dei store leiarane i arbeidarrørsla her i Skandinavia hadde direkte kontakt med mennene i arbeidarklassen. Det er på desse store folkemøta at Trump

har vore i sitt rette element, og dei mange skandaløse talane, med sexismen og rasismen, utskjellingane og lygnene, som har ført til avsky hjå den urbane eliten, har skapt gjenklang hjå dei utstøyte kvite mennene.

Trump kan difor ikke tru at denne kroppslege og emosjonelle rørsla, som han har blitt løfta fram av, og som han har gjeve styrke og stemme til, ikkje førte til at han kunne bli verande i Det kvite hus.

## Fornuft og kjensler i Amerika

**Dersom vi ser bort** frå den krusinga på overflata som meiningsmålingane registrerer, og heller loddar i djupet av dei sosiale rørlene, oppdagar vi at det var ein serie med sosiale årsaker som skapte valsigeren til Donald Trump.

Det er lett å peika på at Trump hadde det retoriske og emosjonelle overtaket. Hillary Clinton var intellektuelt sett overlegen Trump, men veljarane vart ikkje overtydde gjennom rasjonelle argument, utan at desse argumenta samstundes skapte djup resonans i kjenslene hjå veljarane. Trump hadde mange sjølvmotseiande, irrasjonelle og urealistiske politiske standpunkt, men rørte likevel ved kjenslene til svært mange. Han agerte som ein ufysisleg bølle og ein forførande demagog, og dette likte folk.

**Hillary Clinton tapte** eigentleg valet nettopp på at ho forsøkte å visa amerikanarane at Trump var ein bølle og kvinnehatar. Ikkje minst då ho prøvde å skjella ut dei som støtta Trump som trongsynte kvinnehatarar, homofobe og rasistar: «Ja, kva så», svara mange, og dei jubla for denne mannen som heldt valtalar som om dei skulle ha vore framførte på ein bar. Han lulla tilhøyrarane inn i ei djup kjensle av at alt ordnar seg, om lag slik ei mor nynnar til barnet sitt: Ein repeterande tale, nett slik som takten i ein song.

Det var også dette emosjonelle aspektet og den forførande overtalinga som ikkje vart fanga opp av meiningsmålingane. Desse er gode på å måla rasjonelle overtydingar, men målingane oppfattar ikkje dei meir diffuse, men mykje sterke kollektive kjenslene.

**Det republikanske partiet** har eigentleg hatt det ideologiske, retoriske og emosjonelle overtaket sidan den store geopolitiske høgredrejinga, som vart akkompagnert av Ronald Reagan og Margareth Thatcher i byrjinga til 1980-talet. Før denne «konservative revolusjonen» var verdspolitikken forma av sosialliberale og sosialdemokratiske parti som inngjekk kompromiss med nasjonale kapitalistar. Det var få uløyselege politiske stridar, og prominente samfunnsforskurar, som Daniel Bell, skreiv og talte om «slutten på ideologiane».

**Men ikkje lenge etter** vart verdspolitikken prega av ein heilt ny ideologisk fundamentalisme med to variantar: Den iranske revolusjonen i 1979 som førte til ein ny tidsalder for den islamske fundamentalismen, og den nyskapte fundamentalismen internt i USA på 1980-talet. Den siste skapte ein svært ideologisk prega politikk med tre ulike nyansar:

- Den evangeliske fundamentalismen som mellom anna kjempa mot abort, kvinnefrigjering og homorørsla.
- Nyliberalismen som arbeidde for å redusera dei sosiale utgiftene og svekka fagforeiningane.
- Ein ny imperial ideologi med svak realitetsorientering, noko som førte USA inn ein vonlaus krig i Irak.

Donald Trump er ikkje ein ihuga ideolog, og han er meir ein typisk pragmatisk konservativ og ein høgreradikal «populist», som gjer fleksibel bruk av heile dette registeret på den ytste høgresida.

Det som overraska meiningsmålarane, var at Trump mest truleg fekk til ei sterkare mobilisering av sine kjerneveljarar enn Clinton. Dei fleste unge i byane, dei

intellektuelle, mange i den profesjonelle mellomklassen, kvinnene i byane, dei urbane, dei svarte og latinske immigrantane stemmer ofte demokratisk. Men i alle fall dei unge som mobiliserte støtte for Bernie Sanders, har neppe røysta på Hillary, dei latinske immigrantane har ofte ikkje stemmerett, og dei svarte låg valdeltaking.

**Donald Trump mobiliserte** truleg for fullt i Tea Party-rørsla, som for 2-5 år sidan engasjerte heile den aldrande kvite mellomklassen av begge kjønn, og særskilt i rurale strok. Desse menneska kjempa for vyrdnaden til den hardtarbeidande amerikanar, som har gjort seg fortent til trygder og helsetenester gjennom dyre forsikringar og hardt arbeid. Dei mobiliserte emosjonell energi mot alle dei som ifylgje Tea Party-folka fekk «welfare» utan å ha gjort seg fortente til dette gjennom arbeidsinnsats, slik som mange unge menneske og svært mange innvandrarar. «Obamacare» vart i denne samanhengen sett på som rein sosialisme, og Obama sjølv vart nedvurdert som ein «svart» innvandrar.

**Det nye med Trump** var at han så tydeleg retta retorikken inn mot den maskuline arbeidarklassen, alle desse som ein gong levde eit meiningsfullt og sosialt verdig liv med god inntekt innanfor bilindustrien og stålindustrien i «the rust belt». Dei første analysane etter valet har vist at det var her presidentvalet i realiteten vart avgjort.

Desse unge mennene i arbeidarklassen må heile tida jaga etter därleg betalt servicearbeid. Dei har opplevd eit brutal fall frå den verdige arbeidarklassen ned til det «working poor», der dei møter immigrantane i ein kamp om låglønna tenestearbeid. Her vekte Trumps slagord «to make America great again» veldig emosjonell gjenklang. Og Trump vil jo stengja handelsgrensene slik at stålindustrien kan gjenreisast, og byggja ein mur mot immigrantane slik at arbeidarklassen skal

sleppa å konkurrera om jobbar. Og mellomklassen skal sleppa å betala for velferdstenester for immigrantar.

**Det ser altså ut** til at eit sosialt opprør frå arbeidarklassen tippa valet i favør av Donald Trump. Denne sosiale krafta kunne Trump utnytta fordi den eigentlege klassepolitikken vart borte frå amerikansk politikk rett etter Andre verdskrigen. Den venstreradikale politikken i USA vart sentrert rundt borgarrettsrørslene, slike som kampen til afro-amerikanarane, kvinnerørsla og homorørsla. Det var på mange måtar ei samansverjing mellom demokratane og republikanarane om å ha motsette standpunkt om denne identitetspolitikken, til dømes på spørsmål om abort og likekjønna ekteskap. Samstundes som begge partia fjerna spørsmåla om klasse og ulikskap frå den politiske dagsorden.

**Det har heller ikkje** vore særleg populært å melda seg inn i fagforeiningar, og i dag er det berre ca. 10 prosent av arbeidarane som er medlemmar. Den økonomiske ulikskapen er eksepsjonell, og den sosiale mobiliteten er borte. Få land har større avstand mellom ideal og realitetar. Det rettferdige opprøret til den amerikanske arbeidarklassen kunne difor ikkje skje gjennom fagforeiningar og den eksisterande politikken. Denne sosiale protesten hadde difor få andre utvegar enn å bli omforma til urettmessige åtak på innvandrarar og kvinner.

## **Det bifokale blikket**

Filmen «Parasitten» har eit universelt tema, sjølv om den handlar om møte mellom to familiar frå Sør- Korea. Det er ei forteljing om personane i familien Kim sine oppfinnsame spel, førestillingar og knep for å få innpass som tilsette i den rike familien Park. Det er eit godt regissert estetisk eksperiment som på ein stilsikker måte representerer allmenne og generelle fenomen, eit spesialtilfelle av det universelle. Filmen har difor fått mange prisar, og for første gong fekk ein ikkje amerikansk film Oscar for beste film.

Det er lenge sidan eg har opplevd å få ein slik innsikt i det dramaet som utspeler seg kvar dag verda rundt, når dei underlegne møter dei overlegne i tette møte: I akkurat denne filmen får vi innblikk i kva som skjer når ein fattig og forneda familie, som lever i ein mørk og fuktig kjellar med utsikt mot urinerande fyllesvin, møter ein privilegert familie som bur i ein vakker villa oppe i åsen, og denne familien har utsikt mot ein avskjerma grøn plen som vert farga av ei skinande sol. Denne skildringa av kjellarfamilien Kim som lurer seg inn som tenrarar for den velståande familien, viser at stundom kan dominanstilhøva bli omsnudde, slik at dei dominerte og underlegne for ein kort periode kan forføra, innynda seg, lura og bedra den overlegne familien, før tragedien skjer og fører familien Kim ned i ein enda djupare kjellar. Eg synest BT sin filmmeldar Britt Sørensen har ein presis oppsummering av det tematiske innhaldet i denne fantastiske filmen: Ho peikar på det naive perspektivet til særleg kvenna i den rike familien som ikkje er i stand til å førestilla seg eit anna liv utanfor villaen, mens personane i den fattige familien har fantastiske evner til å førestille seg og agere noko dei ikkje er, og slik får dei innpass i den rike familien (BT 31. januar 2020). Dei underlegne, utstøytte og forneda har eit heilt spesielt fortrinn: Dei er i stand til å sjå sin fornedrande erfaring gjennom augene til

dei som dominerer over dei, og slik for dei detaljert innsikt i både sine liv og dei dominerte sine erfaringar og perspektiv, og det er just dette bifokale blikket som gjer muleg dette at dei kan lura den rike familien.

Filmen skildrar det sosiale spelet om anerkjenning mellom dei utstøyte og privilegerte. Ein grunn til at denne universelle menneskelege erfaring, blir så godt forstått av Oscar- prisgjevarane i USA, kan vera at erfaringa om segregering, fornedring og utstøyting finst lagra i den alltid aktuelle forteljinga om rasekampen i USA. Den amerikanske politikken og dei sosiale bevegelsane i USA har aldri henta særleg styrke frå klassepolitikken, men rasekampen spesielt og identitetskampen meir generelt har alltid vore i framgrunnen av den amerikanske mentaliteten, politikken og dei sosiale bevegelsane. All denne politiske og intellektuelle krafta, dette rørslemomentet, kjem frå erfaringa av det rasesegregerte samfunnet, og denne erfaringa av «We shall overcome» vart eit kulturelt mønster for all seinare identitetspolitikk i det amerikanske samfunnet, slik som kvinnebevegelsen, handikapbevegelsen og kampen for homofil og lesbisk frigjering.

For å få innsikt i denne forteljinga av møtet mellom dei underlegne og dominerande, kan ein lesa den svarte sosiologen og raseaktivisten W. E. B. Du Bois (1868-1963) si bok *The Souls of Black Folk* (1903), der han skildra livet til dei svarte slavane. Dei svarte levde livet bak eit slør, eller eit forheng, og dei utvikla ei dobbel bevisheit, noko som også førte til at dei svarte slavane vart utrusta med eit særskilt klårsyn. Dei svarte sitt bifokale perspektiv på verda medførte også at dei hadde vanskar med å skapa ein autentisk identitet. Deira syn på sin eigen identitet, oppstod alltid gjennom slaveigarane sine objektiverande og nedverdigande blikk. Dei vart reduserte til noko framand som var ulik dei svarte si ånd og historie. Eller dei var begge delar, både den identiteten som mellom anna vart representert og anda

gjennom sorgfulle songar, samstundes som dei vart reduserte til halvt menneske av nedverdigande slaveeigarblikk. Det var berre den sterke svarte kroppen som kunne holda i saman desse to sjelene i eit bryst, to ånder, to tankar og to ulike ønsker, og slik sett romma både det å vera ein amerikansk tenar og løfta fram den svarte ånd, den pulserande songkultur og historie.

Du Bois skildra også sentrale kjenneteikn ved dei kvite sine liv i *The Souls of White Folk* (1920). Her meinte han at dei kvite sine privilegia er usynlege for dei kvite sjølve, mens dei svarte har eit skarpt syn, både på seg sjølve og dei kvite. Ein fisk i ein fiskebolle er den siste som får innsikt i nettopp dette å leva i bollen, på same måten manglar dei kvite innsikt i liva sine. Dei svarte utviklar eit klarsyn på dei kvite, eit perspektiv frå den underlegne sin posisjonen. Som tenrarar i ein eller annan forstand, får dei svarte innsikt i intime detaljar i liva til den kvite herskarklassen, og dei ser korleis dei kvite verkeleg er i det nakne og blottelivet. Dei ser rett igjennom hykleriet til dei kvite slaveeigarane. I politikken hyller dei kvite grunnlovsfedrane sine prinsipp om at det er ei sjølvinnlysande sanning at alle er fødde som frie og like menneske, og dei kvite pastorane talte om at i Guds auger er vi alle like. Dei svarte slavane som hadde dette klarsynet og denne doble bevisstheita, kunne gjennomskoda dette usanne som låg i den nedverdigande framferda til slaveeigarane, og det svarte folket kunne med dette også vera samvitet i det amerikanske samfunnet, og minna alle på at samfunnet ikkje innfridde sine eigne løfte og heilage ideal om fridom, likskap og lukke. Det var denne innsikta frå dei underlegne sin posisjon og synsvinkel som vart rørsleenergien i all seinare identitetspolitikk.

Dette å sjå fenomena gjennom eit perspektiv frå utsida, er ikkje berre eit klarsyn som finst hjå underdanige og forneda grupper. Dette er heldigvis eit klarsyn

som kan eksistera hjå nokon og ein kvar, og stundom må vi verta ein framand for å studera livet vårt gjennom eit objektivt perspektiv. I følgje den klassiske sosiologen Georg Simmel (1858-1918) er det nettopp den framande sin posisjon, der ein både er nær og har avstand til medmenneska, og der ein både er likegyldig og sterkt involvert, som gjev oss eit nokolunde objektivt perspektiv på verda. Dette er perspektivet til kunstnaren som har den unike fridommen til å forstå og studera kjente detaljar og nære personlege detaljar i eit fugleperspektiv. Dette perspektivet frå den framande kunstnaren er også noko vi alle møter av og til i liva våre. Vi har vel alle erfart kor frigjerande det kan vera å fortelja om liva våre til komplett framande personar. Dette er også tilfelle for den litt naive husfrua i familien Park som plutselig kjenner seg fri til å avsløra nokre uhyggelege minne om den vesle sonen sin. Ho fortel den unge jenta frå Kim- familien, som spelar at ho er kunstlærar, at sonen ein gong såg eit skrømt, noko som i følgje husfrua, kan forklara den ukonsentrerte veremåten til sonen i Park-familien.

## Fornuftige og myndige medborgarar.

Det at vi kan samtala, konversera, argumentera, kommunisera, og delta i dialogar med kvarandre, er det menneskelege særpreget og vår spesifikke natur, noko som gjer oss forskjellig frå andre dyr, og hugs at vi lærte på examen philosophicum at dialog tyder felles fornuft. Dette medfører også at klokskap, rasjonalitet og intelligens er å ha ein sosial kapasitet, eller det å vera ein dugande og kompetent deltar i kommunikasjonen, konversasjonen og samtalen med andre menneske. Immanuel Kant (1724 – 1804) meinte at *sensus communis*, denne sansen til å sjå med andre sine auger og gjennom framande perspektiv, er minst like viktig for myndige, modne og fornuftige menneske som dei andre sansane, slik som syn, høyrsla og hudfølelsen

Å vera intelligent vil seia å ha evne til føra ein indre dialog, der ein drøftar andre sine standpunkt og perspektiv, seier ja til nokre argument og aviser andre og inkluderer og ekskluderer andre sine stemmer og meningar. Dette med å vera intelligent og fornuftig er å ha kompetanse i argumentera, noko vi ikkje kan gjera åleine. Eit argument er knytt til å forstå, tolka og forklara kjennsgjerningar, og argumentet er formulert slik at andre kan ta stilling til om det er gyldig. Det er ein sosial dugleik som gjer oss fornuftige, intelligente og rasjonelle: Å vera ufornuftig, ikkje rasjonell eller *mindless*, er samstundes teikn på manglande evne til å ta andre sine perspektiv og problem med å gjennomføra ein indre dialog, eller konversasjon.

Dette vil nok også seia at hjernen er både eit kognitivt - biologisk informasjonsnettverk og eit mikrokosmos av eit samfunn, slik at hjernen tar bilet av samfunnet, ein negativ som kan framkallast etter ulike bruksområde. Her møtes samfunn og biologi, og dei fantastiske informasjonsnettverka i hjernen er spegelbilete

av samhandlingsnettverk i samfunnet, og ei spegling av all kommunikasjon, dialog og samtale mellom alle dei vi har møtt gjennom vårt augneblink i evolusjonen.

Dette med å bli fornuftig, rasjonell og intelligent, kan vi berre bli innanfor intersubjektive fellesskap der menneska kommuniserer og samtalar med kvarandre. Det komplett einsame, egosentriske, narsissistiske og isolerte geniet finst ikkje. Eit menneska som ikkje er danna gjennom kommunikasjonen er ein idiot i dobbel forstand; både klumsete og stotrande i lag med andre, og egosentrisk og utan evne til å sjå ei sak frå andre sine perspektiv, og utan evne til å resonnera samanhangande og ta stilling til ulike argument, kort sagt ein dum og trongsynt person som absolutt ikkje kan delta i det demokratiske samfunnet.

Det er dette perspektivet om at intersubjektiviteten, kommunikasjonen og samtalen er infrastrukturen i både det myndige og fornuftige menneske og den demokratiske offentlege sfære, som var den amerikanske filosofen og sosiologen Georg Herbert Mead (1863 – 1931) si store oppdaging. Han viste til at Opplysning er at kvar enkelt kan bli vaksen, myndig og desentrert gjennom kommunikasjonen, og denne offentlege kommunikasjonen er samstundes heilt nødvendig for å realisera ideala om demokratisk fridom og rasjonell meiningsutveksling innanfor den offentlege sfære. Georg Herbert Mead viste korleis vi sosiologisk og pragmatisk kan forstå Immanuel Kant sitt spørsmål: Kva er Opplysning:

AUFLÄRUNG ist der Ausgang des Menschen aus seiner selbstverschuldeten Unmündigkeit. Unmündigkeit ist das Unvermögen, sich seines Verstandes ohne Leitung eines anderen zu bedienen.  
Selbstverschuldet ist diese Unmündigkeit, wenn die Ursache derselben nicht am Mangel des Verstandes, sondern der Entschließung und des Mutes liegt, sich seiner ohne Leitung eines andern zu bedienen. Sapere aude! Habe Mut, dich deines eigenen Verstandes zu bedienen! ist also der Wahlspruch der Aufklärung. IMMANUEL KANT, Was ist Aufklärung? UTOPIE kreativ, H. 159 (Januar 2004), S. 5-10

Opplysning er menneska sin utgang frå den sjølvforskyldte umyndigheit. Å vera umyndig er å mangla evne til å nytta forstanden utan å gjera nytte av vegleiing frå andre. Denne umyndigheita er sjølvforskyldt når grunnen til dette, ikkje ligg i mangel på forstand, men heller ligg i svikt i bestemming, vilje og mot til å gjera bruk av forstanden på sjølvstendig vis, utan vegleiing frå andre. Sapere aude! Ha mot til å nytta din eigen forstand! Dette er valspråket til Opplysningsa.

Å verta myndig og vaksen er å læra å ta andre sine perspektiv, og å erverva seg sjølvinnssikt ved å sjå på seg sjølv med andre sine blikk, altså gjennom ein kollektiv sans, *sensus communis*. Immanuel Kant sa altså at opplysning og fornuft medførte at menneska måtte koma ut av den sjølpålagte barndommen. Menneska vart myndige og vaksne gjennom å tenkja sjølvstendig, og gi sine eigne lover. Det er dette kloke, vaksne og myndige menneske som er og bør vera berebjelken i den demokratiske og offentlege sfære. Kommunikasjon, argument og konversasjon er nødvendige for å skapa myndige og vaksne menneske, og det er eksakt same dugleik i offentleg argumentasjon som er infrastrukturen i den offentlege sfære, og vilkåret for eit samfunn som kan realisera ideala om fridom, likskap og brorskap, eller solidaritet.

Sjølvinnssikt vil seia å læra å sjå på seg sjølv gjennom perspektivet til andre, først mor og far, så venner og naboskap, så lokalsamfunnet, deretter nasjonen og det medborgarlege fellesskapet, den offentlege sfære, forskarfellesskapet, og endeleg så kan vi vurdera vårt eige liv utifrå perspektivet at vi også er verdsborgarar. Det høgste og rikaste nivået av modning, eller å bli myndig, har vi difor når vi er demokratiske medborgarar innanfor eit vitskapleg og kosmopolitisk fellesskap. Men dette vil ikkje seia at familien og nasjonen er mindre viktige: Ansvarlege og sjølvstendige tankar utviklar vi alltid gjennom å vera medlemmar i ulike fellesskap, der kvar enkel har lært seg å argumentera og sjå verda med andre sine perspektiv, frå spesielle

omsorgspersonar sine perspektiv til meir abstrakte og generelle fellesskap, slike som nasjonen og det kosmopolitiske fellesskapet sine perspektiv.

Dette er krevjande og forpliktande innsikter, men det gjev oss også løfte om og innsikt i at demokrati og myndige medborgarar er to sider av same mynten. Dette vil også seia at ytringsfridommen er den fremste av alle fridommar, og dette gjeld både i barneoppsedinga og innanfor eit demokratisk samfunn. Autoritær barneoppseding er å lønna og straffa barna til korrekt åferd, utan bruk av den gjensidige og frigjerande samtalen, og mangel på ytringsfridom skaper eit taust, konformt og tyngjande totalitært samfunn eller eit teokratisk tyranni. Mangel på ytringsfridom fører til umodne og usjølvstendige menneske, slik som lydige barn i familien og undersåttar innanfor den autoritære, eller totalitære staten. Opplysning startar alltid i familien, og vellykka sosialisering er det avgjerande og nødvendige vilkåret for eit demokratisk samfunn. Denne innsikta var viktig i Frankfurt-skulen si analyse av samsvaret mellom den autoritære personlegdom og fascismen. Frå til nazismen vart sådde i den autoritære barneoppseding.

Sanning, myndighet og demokrati er uløyselege element i Opplysninga. Vi er som myndige menneske moralsk forplikta til sanning, noko som vil seia at vi prøver gjennom kritiske argument og ein open diskusjon å etablera ei felles forståing av fakta. I følgje min gamle ven, professor i filosofi Hans Skjervheim (1926 -99) frå Voss, er vi både deltagarar og observatørar i samfunnet, noko som vil seia at vi inngår i ein treledda relasjon, der vi deltar og kommuniserer med kvarandre for å danna sannferdige og adekvate observasjonar av eit sakstilhøve. Dette sanningssøkande fellesprosjektet er eit absolutt vilkår for demokrati, vi kan ikkje grunna demokratiet i lygner, manipulasjonar og alternative fakta. Vi kan ikkje ha eit demokrati utan offentlege institusjonar som hjelper oss alle til å sjå faktuma på ein nokolunde lik

måte. Dei viktigaste offentlege institusjonane som har prosedyrar for sanningssøken er mange, slik som media, rettsprosedyrane og den vitskaplege sanningssøkinga.

Eit absolutt vilkår for at vi kan ha eit demokratisk og fritt samfunn er at vi har opne og offentlege media som er styrte gjennom ein journalistisk ethos, og redaksjonelt ansvar. Denne journalistiske etikken sikrar ikkje at alt som kjem fram i media er sant. Det finst mange partsinnlegg, fordreidde synspunkt og spesielle perspektiv. Men denne profesjonelle etikken fungerer litt som Adam Smiths usynlege hand på marknaden, denne usynlege handa som er i stand til å transformera egoistiske særinteresser til kollektiv velstand. Slik er det også med media. Det finst heilt klart ein spesiell dramaturgi og ein særleg personfokusering i utval av fakta, og ofte finn vi urimelege framstillingar av saksforhold, med mellom anna ulike politiske vinklingar. Men vi er nøydde til å ha tiltru til at summen av dei mange medieinnsлага gjev ei nokolunde adekvat framstilling av saksforholda og kjensgjerningane. Sanning er noko som oppstår av offentlege prosedyrar innanfor rammene av ein profesjonell etikk. Det er ikkje alltid slik at alle enkeltreportasjar formidlar sanninga, men medieinstitusjonen har den unike eigenskapen at den kan transformera ei rekke med nokso omtrentlege sanningar, til ei sanning som vi kan stola på, og som er eit avgjerande vilkår for at vi kan ha eit demokratisk samfunn med myndige medborgarar.

Utan denne medieinstitusjonen vil «all that is solid melts into air», eller at den offentlege meinings vert transformert til ein serie med meininger innan alternative sekter i media, sosiale media og ekkokammer. Desse ekkokammera praktiserer ikkje rasjonell meiningsutveksling, kommunikasjon, eller dialog mellom myndige menneske. Desse ekkokammera, eller mediesektene må forståast ved innsikter som vi har frå studiar, enten av lukka sekter eller av amorfe massar som er lada opp av

sterke emosjonelle kjensler og fråvær av sakleg meiningsutveksling. Innan slike ekkokammer er ingen interesserte i å kasta ljós over eit sakstilhøve, å argumentera for ei sak, eller å invitera til å bli motsagt. Desse ekkokammera er små sekter, ein slags masse med identiske individ, eller det som den italienske filosofen Michel Maffesoli kallar nye-stammar (Maffesoli 1996). Menneska sluttar seg til slike nettstadar, sosiale media, eller ekkokammer, fordi dei ønskjer å få stadfesting på det dei alt veit er det einaste rette standpunktet, og dei søker denne stadfestinga gjennom å oppleva ei emosjonell felles kjensle med likesinna som har identisk mening med ein sjølv.

Innanfor den offentlege sfære skal alt i prinsippet kunna diskuterast og prøvast, det tinst ikkje religiøse, - politiske eller vitskaplege dogme. Ekkokammera er kultiske stadar for hysteri, paranoia og ekstatisk jubel over det eine sanne dogme. Det er sjølve negasjonen av Opplysningsideane om å tenkja sjølvstendig innanfor ei offentleg sfære, noko som er vilkåret for sanning, demokrati og individuell fridom.

Dette sambandet mellom myndige medborgarar og den rasjonelle meiningsutvekslinga innanfor den offentlege sfære, er spesielt verdt nokre siste merknader. I eit samfunn som har ei vital offentleg sfære, har vi anledning til å utveksla våre private erfaringar, og ta innover oss at det er mange måtar å leva eit liv på. Denne offentlege sfære var, i følgje Jürgen Habermas, historisk knytt til framveksten av kafear, salongar og andre offentlege møteplassar, der «privatfolk kom saman og danna eit offentleg publikum». I denne «Borgerlige offentlighet», var det også diskusjonar i aviser, tidsskrifter, og innanfor den litterære offentlegheit med pamflettar, romanar og dramatikk, som alle tematiserte borgarane sine private problem. I tillegg til kafeane og salongane har den offentlege sfære blitt styrka

gjennom ulike offentlege rom og møteplassar, slike som Teatersalen, Auditoriet, rettssalen og parlamentet.

Denne omforminga av private problem til offentlege problem, er hjarte og blodstraumane i eit demokratisk samfunn, noko som også den amerikanske sosiologen C. Wright Mills (2000) framheva som eit essensielt aspekt ved den sosiologiske fantasien. Denne stadige omforminga av private problem til offentlege tema, skjer innanfor sosiale rørsler, noko som eigentleg vil seia alt i samfunnet som er i skapande rørsle, og som må vera den skapande straumen av erfaringar innanfor det politiske system. Feminismen som ei sosial rørsle hadde eit slagord om dette: «Det personlege er det politiske». Innanfor den offentlege sfære og sosiale rørsler er det ei vedvarande tematisering av sosiale problem som vert erfart som private erfaringar. Dette er i følgje Habermas samfunnet sin klangbotn og varslingssystem, og dette gjer at systematiske vanskar vert erfart gjennom individuelle livshistorier, og i privatlivet finst det eit eksistensielt språk som nettopp kan tematisera samfunnsproblem gjennom spesielle livserfaringar.

## Litteratur

Habermas, J., Høibraaten, H., Schwabe-Hansen, E., & Øien, J. (2002). Borgerlig offentlighet: Dens fremvekst og forfall : Henimot en teori om det borgerlige samfunn (3. utg. ed., Fakkel). Oslo: Gyldendal.

Kant, Immanuel, Was ist Aufklärung? Utopie kreativ, H. 159 (Januar 2004), s. 5-10

Maffesoli, Michel (1996). *The Time of the Tribes: The Decline of Individualism in Mass Society*. London: Sage

Mead, G., & Morris, C. (1934). *Mind, self, and society: From the standpoint of a social behaviorist* (Vol. Vol. 1, Works). Chicago: University of Chicago Press.

Mills, C., & Gitlin, T. (2000). *The sociological imagination*. Oxford: Oxford University Press.

Skjervheim, H. (1996). *Deltakar og tilskodar og andre essays* (Ny utg.]. ed., Idé og tanke). Oslo: Aschehoug.

## Konspirasjon, primitiv animisme og (postmoderne) myter

I Simon Stranger si bok, Leksikon om Lys og Mørke (2019), finn vi eit døme på forteljarstrukturen i dei usanne, paranoide og udemokratiske konspirasjonsteoriane, noko som har blitt meir vanlege igjen innanfor dei mange internettsektene, der det vert funne opp det eg vil kalla postmoderne myter. Dette utdraget frå Stranger si bok viser fram denne galskapen og vondskapen i fortetta form, noko som også er representativt for dagens konspirasjonsmyter, vil eg tru.

Den ideen, den er som et molekyl, en oppskrift, et byggverk, og bitene byggverket består av, er fortellinger og forestillinger: at jødene **lager pølser av barn**. At jødene **styrer økonomien**. At jødene er ansvarlige for dårlige avlinger, for uvær, for sykdom og pest. Blant de mest kjente forsøkene på å sverte all verdens jøder er pamfletten **Sions vises protokoller**, som første gang ble utgitt i Russland i 1905. Et dokument som beskrev **en hemmelig kongress i Basel i 1897** som aldri fant sted, der jøder fra forskjellige nasjoner skulle ha samlet seg og lagt **en plan for å vinne verdensherredømme**. Det var sikkerhetspolitiet til den russiske tsaren som fabrikerte dokumentet, basert på overtro og gammel propaganda (mine uthevingar).

Det er ikkje mi oppgåve å seia noko om omfanget av konspirasjonsteoriar, heller ikkje å skildra det konkrete innhaldet i alle desse konspirasjonsteoriane, eller desse paranoide fantasiane, dei postmoderne mytane, eller vrangførestillingane, som eg meiner er dekkjande omgrep for dette fenomenet. Eg vil med dette sjå på konspirasjonsfantasiar både som psykiske patologiar, og som ein avgjerande fare for den rasjonelle meiningsutvekslinga innanfor den offentlege sfære og media, og øydeleggjande for den demokratiske rådslaginga. Ein slags narsissistisk patologi går saumlaust saman med eit ufornuftig, irrasjonelt og udemokratisk samfunn. Det er just som i mellomkrigstida, det totalitære massesamfunnet starta med usanne og irrasjonelle idear.

Eg vil stilla spørsmålet om kvifor det synest som om desse konspirasjonsteoriene har blitt populære innanfor deler av sosiale media og innanfor ein del ekkokammer, eller media - sekter. Kva kan grunnen vera til at mange har slike irrasjonelle fantasiar om samfunn, politikk og historisk utvikling? Er det mogleg å hevda at ei av kjeldene til desse fantasifostera finst i den primitive animismen, som er den arkaiske tankeforma for menneskeslekta. Denne primitive animismen er kjenneteikna av idear om at verda er full av gode og vonde ånder, at alt som skjer er eit resultat av viljen til desse åndene, og at desse åndene kan påverkast gjennom magi, og der tankens allmakt er mogleg gjennom eit trylleslag (Møen 2020). Kan vi seia at denne primitive animismen som alltid har eksistert side ved side med religiøse, filosofiske og vitskaplege tenkemåtar, har fått eit nytt liv innanfor dagens informasjonssamfunn og sosiale media. Er det rett og slett så enkelt som at innanfor dagens informasjonssamfunn finst det mengder med informasjon lett tilgjengeleg for alle, og at desse informasjonane kan setjast saman til fantasifulle forteljingar. I tillegg er det svært lett å distribuera desse fantasiane innanfor globale nettverk, og endeleg er det lett å vedlikehalda desse fantasiane innanfor sosiale media, som står fram som ekkokammer, som er kultiske stadar for den primitive animismen og den omsegripande tankemagien, eller ideologiske sjamanismen. Dette er denne blandinga av primitive og arkaiske fantasiar, på den eine sida, og det mest avanserte med internettnettverk, på den andre sida, som utgjer materialet i desse postmoderne konspirasjons - mytane.

Men for å sjå litt nærare på utdraget frå Stranger si bok. Jødane laga pølser av barn, og dette skal fortelja oss om den groteske og grenselause vondskapen til jødane. Å skada og myrda verjelause barn er den verst tenkjelege vondskapen, og når det i tillegg vert laga pølser av barna, vert vondskapen radikal, grotesk og

komplett. Dette er mest truleg grunnen til at nokre av dagens konspirasjonsmytar handlar om barn. Det vart identifisert mange medlemmar i frå konspirasjonsekta Qanon i åtaket mot den amerikanske Kongressen 6. januar 2021. Vi såg alle ein gjeng med svært fanatiske personar som heilt tydeleg var svært motiverte, og lidenskaplege i sin vilje til å bruka vald i kampen for å stogga kongressrepresentantane i å godkjenna valresultatet. Kvifor slik veldig sinne og aggressjon? Var det berre Trumps påstandar om valfusk som skapte dette kokande sinnet? Eller var det også ei innramming av denne påstanden om valfusk: Qanon hadde dikta opp ein fantasi om at det Demokratiske partiet vart styrt av eit pedofilt nettverk, og at dette nettverket, eller denne «djupe staten» i realiteten hadde allmakt i det amerikanske samfunnet, og at det var denne «djupe staten» som gjennomførte det som Trump kalla den store svindelen, det at valsigeren vart tatt i frå han. Det er ei halvsanning i denne konspirasjonsteorien; det finst mange mektige menn som misbrukar barn, men sjølvsagt dannar ikkje slike nettverk ein djup stat med ein slags allmakt over samfunnet.

Ein annan hovudforteljing handlar om at det er ei samansverjing, eller ein slags gruppe med menneske som har gått i saman for å skapa ei ny verdsordning, om lag den same forestellinga om at jødane hadde verdsherredømme og total kontroll over økonomien. Her finst det også ei halvsanning, fordi mange økonomar har begynt å bruka omgrepene *The Great Reset*, for å skildra dei endringane i det økonomiske system som ofte skjer etter ei krise. Ei krise kan også føra til ei tilbakestilling til eit nullpunkt gjennom at investeringar vert trekt tilbake frå ein mengde servicenæringer, dette er ei gedigen krise, men denne tilbakestillinga kan også opna opp for investeringar i nye næringer. Den vidjetne austerrikske økonomen Joseph

Schumpeter (1883 – 1950) utvikla eit liknande omgrep om «den kreative destruksjonen» for å skildra dei moglege konsekvensane av ei krise, altså at når noko vert øydelagt opnar det seg nye utvegar.

Desse fantasifulle hovuda som skaper desse konspirasjonsfantasiene, byter om konsekvensar og årsaker, dei «spenner vogna framføre hesten». Dei har forstått at økonomiske kriser kan ha som konsekvensar at desse krisene kan stundom føra til «kreative destruksjonar», eller *The Great Reset*. Men tankehavariet oppstår gjennom at desse fantastane lagar ei forteljing om ein elite, ei samansverjing av mektige menneske, som til dømes har påført Koronapandemien på verdsøkonomien, for å skapa *The Great Reset*, eller ein ny økonomisk verdsorden, styrt av eit hemmeleg nettverk av menneske, slike som Paven, frimurarane, eit pedofilt nettverk, FN-nettverk som ein slags djup verdsregjering, eller andre hemmelege samansverjingar. Dette er også ein mytisk fantasi, eller ein primitiv animisme om at gode og vonde ånder styrer verden, og ei forestilling om tankens allmakt, at idear og tankar, beslutningar og samansverjingar, kan endra verden, som ved eit trylleslag. Innanfor denne primitive animismen står det alltid ein sterk vilje bak alt som skjer, innanfor desse tankefantasiene finst det verken tilfeldige hendingar, eller historisk utvikling som eit produkt av milliardar desentraliserte avgjersler. Det står ein vilje bak alt som skjer, og dette er ein primitiv animisme, med viktige innslag om tankens allmakt og magiske samansverjingar.

Den siste fantasien om jødane, som vi kan sjå frå utdraget frå Stranger si bok, er den vondskapsfulle fabrikasjonen om ei myte om **Sions vises protokoller**, som skildrar at jødane skulle ha hatt ein hemmeleg kongress i Basel i 1897, der dei skulle ha laga ein plan for fullstendig verdsherredømme. Denne konspirasjonsteorien har kome igjen i ein ny versjon innanfor høgreradikale nettstadar, og i norsk samanheng

førte denne paranoide samansverjingsfantasien til 22. juli, med drap av 77 menneske og publisering av «Manifestet» som i hovudsak er ei forteljing om at muslimane er i ferd med å overta Europa, den såkalla Eurabia-myten, der det vert hevda at vi står mitt i ein lagnadstung kamp mellom dei gode og vonde kreftene. Det er muslimane som er dei vonde kreftene og den kristne nasjonen og den kvite mannen som representerer dei gode kreftene, men det finst også ei samansverjing av ytre fiendar og indre fiendar som er representerte gjennom kulturmarxismen, multi-kulturalismen, islam og feminismen. Men framføre nokon andre, er det Ap som er den indre fienden og som har dolka den nasjonale fellesskapen i ryggen (dolkestøyt-legenda), og på denne måten opna opp for ein omfattande islamifisering av samfunnet (Malkenes 2012). Denne paranoide og apokalyptiske tankegongen, heng også i hop med ein konspiratorisk førestilling om at den historiske utviklinga vert styrt av ei hemmeleg samansverjing, eller ein samla sterk historisk vilje som formar alle realitetane. Det finst også nokre få utvalde menneske som har karisma, eller *Imaginatio*, som er slik at dei kan gjennomskoda desse hemmelege samansverjingane. Behring Breivik som den historiske helten kunne også motverka den store historiske samansverjinga gjennom to strategiske steg. Det første steget var å drepa representantar for dolke-støtarane, altså AUF-arane gjennom ein spektakulær terroraksjon. På bakgrunn av denne merksemda kunne så Behring Breivik ta det neste steget som var å distribuera sitt «Manifest», slik at han gjennom sine magiske ord kunne mana fram dei gode nasjonalistiske og revolusjonære kulturkonservative kreftene og den gode viljen til ein avgjerande beringing av den kristelege nasjonen og sivilisasjonen. Eller som Toril Moi skriv: «Manifestet viser en nesten ubegripelig tro på ordets makt» (Moi 2012: 29), altså tankens omnipotens.

Det finst også eit tilskuv internt i samfunnsvitskapane til å forklara fenomen, hendingar og utvikling med noko som liknar på ideen om at det eksisterer store og små samansverjingar bak mange fenomen. Eg tenkjer her på nokre former for funksjonalistiske forklaringar som byter om på konsekvensar og årsaker, slik at dersom eit fenomen har positive konsekvensar er dette også årsaka til at dette sosiale fenomenet oppstod i byrjinga. Denne tankefeilen som vi alt har kalla «å spenna vogna framføre hesten» er ein vedvarande fare knytt til funksjonalistiske forklaringar, og er hovudstrukturen i konspirasjonsteoriane.

Ei grufull hending i USA, terroråtaket 11. september 2001, førte snøgt til at det vart danna ein konspirasjonsfantasi om hendinga, som har noko til felles med funksjonalistiske forklaringar i samfunnsvitskapane og biologien. Ein av konsekvensane av terroråtaket mot tvillingtårna og Pentagon, var at det vart produsert ein sterk solidaritet i folket, først i New York, men denne solidariteten som vaks fram i kampen mot terror vart ganske snart ei fornying av den amerikanske nasjonskjensla og fornying av dei idealistiske ideala som er nedfelt i konstitusjonen, den sivile sfære og dei demokratiske institusjonane. Det er liten tvil om at desse konsekvensane av 11.september også skapte dei solidariske ressursane som kunne utnyttast i krigen mot terror og invasjonen av Afghanistan og seinare Irak.

Det var innebygd ei freistung til å kopla i saman ei feilaktig funksjonell forklaring og ein primitiv animisme: Det første steget var å byta om konsekvensar med årsaker: Det var ein viktig konsekvens av terroråtaket at det vart skapt indre solidaritet og ei fornya nasjonskjensle, men tankefeila oppstår når denne konsekvensen vert omdanna til den kausale årsaka til terroråtaket, eller at det var ein sterk vilje som sette i gang terroren for å skapa den sterke nasjonskjensla, som kunne brukast til å

mobilisera folket i kampen mot terror, invasjonen i Afghanistan og seinare i krigen mot Irak, kort sagt ein misjonerande og ekspansiv amerikansk utanrikspolitikk.

Dersom ein går eit steg vidare, vert det naturleg å hevda at det var den amerikanske «djupe staten» som sette i scene terroren, og på nettet finst det fantasifulle og kvasivitskaplege forsøk på å forklara at Tverringtårna ikkje kunne ha rasa saman som ei følgje av at fly krasja inn i bygningane. Det er vidare slik, i følgje denne paranoide tankekortslutninga at representantar for den djupe amerikanske staten hadde plassert sprenglekamar på plassar i bygget som var kritiske for konstruksjonen, og det var detonering av dette sprengstoffet som førte til at bygningane rasa i saman. Dette er difor ein djupstruktur i desse konspirasjonsfantasiane. Konsekvensar og årsaker byter den logiske rekkefølge, og neste steget i tankekortslutninga, er å knyta ein sterk vilje til årsaka, altså samansverjinga som skapte den djupe amerikanske staten. Eit totalt havari for fornufta, og ei gigantisk tilbakevending til mytiske og animistiske forklaringar.

Det er tre hovudgrunnar til at desse konspirasjonsteoriane, eller konspirasjonsfantasiane alltid er feil. Sjølvsagt finst det mange eksempel på små konspirasjonar, eller «nokon som snakkar i saman». Men storstilte konspirasjonar mellom mange menneskjer, og som i tillegg har avgjerande makt over eit utfall, eller ei samfunnsutvikling, finst nok aldri:

For det første er det vanskeleg nok å få gjennomslag for ei kollektiv handling, eller offisiell politikk, sjølv om eit stort fleirtal har same interesser, og same mening og mål. Vi kan tenkja oss ein konspirasjon mellom mektige menn og kvinner, ei slags samansverjing for å få ned biltrafikken, slik at problemet med giftlokket i Bergen forsvinn. Denne moglege samansverjinga mellom mektige personar innan næringsliv, universitet, politikk og media, ville ikkje ha klart å setja sin vilje gjennom, mellom anna på grunn av «gratispassasjerproblematikken», som er slik at kvar enkelt bilist

tenkjer- det er ikkje så farleg at nett eg kører denne eine dagen. Når alle er freista til den same unaluringa, fint det ingen sterk vilje som kan hindra dette. Men innføring av avgifter i form av bompengar, fører til ein betydeleg reduksjon i biltrafikken.

For det andre er det store organisasjonskostnader og logistikk vanskar når det gjeld å organisera slike store konspirasjonar som medfører samanslutning av mange menneske. Det er klart at nye informasjonsteknologiar gjer det lettare å danna nettverk mellom menneska, noko som har blitt gjort i tilfelle med massedemonstrasjonar. Men uansett er det store logistikkvansken, og kommunikasjonstekniske hindringar som må overvinnast. I høve til påstanden om valfusc i det amerikanske valet, må vi i tilfelle tenkja oss at ei stor mengde menneske må ha stått bak dette valfusket, og ikkje minst har alle desse og gått i lag for å skjula dette fusket frå offentleg innsyn. Det er svært lite truleg at tusenvis av valfunksjonærar frå begge parti, valobservatørar frå OSS, rettsinstansar, media og den akademiske eliten, har gått i saman for å gjera dette valfusket. Men desse konspirasjonsteoriane har produsert ein nødutgang for sine fantasiar: Det blei hevd langt inn i Document.no irrgangar at teljemaskinene som talte opp resultata, vart programmert til å telja flest demokratiske røyster.

Den tredje grunnen til at store konspirasjonar er svært usannsynlege er at desse teoriane har ein føresetnad om at komplekse og avanserte informasjonssamfunn kan styrast av ein sentral politisk vilje, og her kjem vi tilbake til den primitive animismen og førestillingane om at politikken, nærmest gjennom eit mirakel, eller ved eit magisk trylleslag kan styra eit heilt samfunn, også verdssamfunnet. Det kan vera vanskeleg nok å styra små einingar, slik som ein familie, politisk organisasjon, ei bedrift, eller eit burettslag, gjennom å etablira ein felles vilje. Komplekse og avanserte industrikapitalistiske informasjonssamfunn, let

seg ikkje politisk styra verken av open politiske rørsler, politiske parti eller av hemmelege konspirasjonar.

## Litteratur

Malkenes, S. (2012). *Apokalypse Oslo*. Oslo: Samlaget.

Moi, T (2012). Markedslogikk og kulturkritikk: Om Breivik og ubehaget i den postmoderne kulturen *Samtiden*, no. 3, 2012.

Møen, Atle. (2020). Sigmund Freuds samfunnsteori. Spartacus Forlag AS / Scandinavian Academic Press.

Stranger, S. (2018). *Leksikon om lys og mørke* : Roman. Oslo: Aschehoug.

## **Koronaen**

## Koronaen, vitskap og myte

*Vitskapen har gjort raske framsteg når det gjeld å produsera ei vaksine mot Covid19.*

*Men kan vaksineprogramma bli grunna på aktivt samtykke og autonome val frå medborgarane? Og den same vitskaplege tenkemåten har også bidrige til å skapa viruset, samstundes som vitskapleg rasjonalitet går hand i hand med nye og kreative former for konspirasjonsteoriar. Er det Opplysningas dialektikk som spelar seg ut?*

Den vitskaplege kunnskapen og teknologien har utvikla ei vaksine som mest truleg kan medføra at vi står framføre byrjinga på slutten av pandemien, gjennom å vaksinera 60-70 % for å oppnå ein flokkimmunitet. Enda ein gong har den vitskapelege rasjonaliteten gjort eit stort framsteg, men er det også eit framsteg for den menneskelege autonomien og fridommen? Er det mogleg å basera vaksineprogramma på informert samtykke (sjå Ny tid 5. januar), og slik sett realisera opplysningsstankengangen sine to likestilte idear; for det første grunngjevne val frå myndige og autonome medborgarar om å la seg vaksinera, og for det andre rasjonell kontroll over naturen gjennom vaksinen.

Men det synest som vaksineframgangen, kan føra til vaksinetvang, nye former for overvakning og kontroll, og enten blind underkasting av den vitskaplege kunnskapen, eller like blind motstand mot den nye vaksineteknologien. Kvar enkelt sine val om vaksinering medfører også eit ansvar andsynes andre, og i eit komplekst informasjonssamfunn er begge perspektiva om vaksinen, det vitskaplege og det konspiratoriske berre eit tastetrykk unna. Den sunne og rasjonelle skepsisen, den aktive tilliten og den praktiske visdommen, som må liggja til grunn for valet om å ta vaksinen, er vanskeleg å realisera innanfor dagens farmasøytske og biopolitiske

regime. Er det difor slik at den nye vaksineteknologien berre kan setjast effektivt i verk innanfor eit totalitært samfunn? Er Kina på denne måten framtidssamfunnet? Ser vi no tydeleg denne Opplysningas dialektikk, som den innebygde motsetnaden mellom rasjonell vitskap og autonome val?

Og det er just den same vitskapelege rasjonalitet og teknologi som har bidrige med å skapa pandemien. Den intensive utnyttinga og utbyttinga av naturen; dette herredømme og kontroll over naturen, noko som Freud såg på som ei sublimert aggressjonsdrift, har ført menneska nærmare virus som finst i dyreriket. Den industrikapitalistiske og vitskapelege sivilisasjonen har difor produsert dette viruset, gjennom at menneskeleg verksemd har ekspandert utan grenser inn i naturen, slik at det ikkje lenger finst urørt natur, noko som fører til at vi menneske rører ved framande og farlege virus.

Denne vitskapleg motiverte ekspansjonen inn i ukjent territorium vart særleg farleg når denne vitskapelege kulturen blandar seg med den ateistiske kinesiske kulturen, der det finst få mattabu, i motsetnad til den monoteistiske kristne, jødiske og islamske kulturen som er fulle av tabu mot å eta diverse typar mat. I Kina kan dei eta det meste, slik som slangar, rotter, fuglar, kattar, hundar, og flaggermus, som fanst på marknaden i Wuhan, av den enkle grunn at menneska er frie frå den eine Guden, og difor kan dei eta alt som gjev næring og smakar godt. Det er ennå ikkje sikker kunnskap om korleis pandemien oppstod, men dei fleste forskrarar meiner at viruset vart overført frå eit dyr, der flaggermus er ein sannsynleg kandidat. Kina er med eitt blitt aktuelt både som utviklingsmodellen for eit totalitært vitskapssamfunn og som eksempel på ein farleg miks mellom tradisjon og modernitet.

Men dette viruset som vart skapt gjennom denne sameininga mellom vitskapeleg kunnskap og kinesisk tradisjonell mattradisjon, kunne likeså vel vorte

produsert av det vitskaplege industrikapitalistiske landbruket, noko som svineinfluensa var eit vitne om. Og det finst forskarar som meiner at viruset først oppstod i Italia og Spania. Det finst difor mange vegar til nye og farlege virus.

Og ingen veit sikkert kor mykje elende som står framføre oss når vi høgg ned regnskogen og drenerer myrområde i Amazonas, for å dyrka soyabønner som vi pumpar inn i laks, svin, kylling og storfe, til og med sau som lever fritt og sorgfritt på norske fjellbeite og nyt det saftige og næringsrike fjellgraset, vert feitefôra med desse djevelske soyabønnene, for å oppfylla regjeringa sine produksjonskrav, dvs. småbøndene kan fylla opp sine skrantne pengebøker gjennom å auka volumet av saupekjøtet.

Alt heng i saman med alt: Årsaka til at denne pandemien spreidde seg som eld i tørt gras er sjølvsagt våre reisevanar, turistifiseringa av livet og vår umettelege trong til konsum. Dette gjer at alle menneske lever relativt tett innanfor eit komplekst globalt system, der blafringa av sommarfuglvengjer i New York kan føra til storm i Bergen, dvs. små årsaker fører til store konsekvensar, slik at nærbane med ei flaggermus på ein lokal kjøtmarknad i Wuhan, lammar heile verdsøkonomien og endrar det sosiale livet i minste detalj, med nye digitale møterom, nye daglege rutinar, heimekontor som viskar ut den moderne differensieringa mellom kontor og heim, og heilt nye måtar å omgåast på, når vi ein sjeldan gong møter andre sosialt distanserte menneske.

Alt dette er også døme på det som Adorno og Horkheimer (1944) omtala som Opplysningas dialektikk: Aldri før har ei vaksine blitt utvikla så snøgt, just fordi vitskapen for fullt er blitt «kommunistisk», eller eit kollektivt produksjonssystem, der kunnskapen vert delt i globale nettverk, om lag som finanskapitalen scannar heile verda for investeringsobjekt. Denne nettverkinga av vitskapen er også det første

steget mot kunstig intelligens, eller framveksten av ein rasjonell tenkeautomat. Den vitskaplege kunnskapen har vorte omforma frå å vera ein handverkskunnskap hos prominente og iderike professorar, til å bli industrielt produsert i gigantiske globale samlebånd, eller nettverk. Den same utviklingsprosessen som først vart manifestert innanfor den industrikapitalistiske fabrikken, og seinare i «Kulturindustrien» gjennom masseproduksjon av kultur, vert no realisert fullt ut innanfor den vitskaplege produksjonsprosessen.

Men denne vitskaplege rasjonaliteten kan brått slå over til nye mytar, eller ei svært urovekkande form for animistiske, magiske og mystiske verdssyn. Innanfor desse globale nettverk av kunnskap, sirkulerer også dei mange konspirasjonsteoriane, eller den primitive og opphavelege animismen, der verda er besjela av gode og vonde ånder, der det mest av alt står ei hemmeleg samansverjing bak alt som skjer i verda. Den primitive animismen med «tankens allmakt» har oppstått i ein ny versjon gjennom konspirasjonsteoriane innanfor dagens komplekse nettverks- og informasjonssamfunn. *Dette er ei fornys mytisk, magisk og animistisk motrørsle mot fornufta, i eit dialektisk sprang.*

Før i tida var det grenser i kunnskapen for kva vrangførestillingar som var mogleg å fabrikkera, mens innanfor dagens informasjonssamfunn finst det uendelige mengder med kunnskapar som kan setjast saman til kreative illusjonar, vrangførestillingar og konspirasjonsteoriar. Difor kan den nye vaksinen og framsteget for den vitskaplege teknologien og eit mangfold av konspirasjonsteoriar om at vaksinen er farleg, bli utvikla frå ressursane i eit komplekst informasjonssamfunn. Generelt sett er det slik at innanfor komplekse system, har ei matematisk likning to alternative løysingar, og slike komplekse system svingar difor veldig mellom desse to

løysingane, slik som vitskapleg framsteg og mytisk konspirasjon, og demokratisk fridom og totalitær tvang.

## **Litteratur**

Adorno, T.W og Horkheimer, M. (1944, 2011) Opplysningens dialektikk. Oslo: Spartacus forlag

## I Koronaens tid: Turistar og omstreifarar

Vi lever i eit samfunn der dei fleste er mobile. «Turistane» er mobile av fri vilje, alltid på reise til nye møter, nye venner, nye elskarar og kjærastar, nye opplevingar, konserter og idrettskonkurransar, og nye reisemål. Vi søker ikkje varige forhold, vi har ikkje langvarige livsprosjekt, mykje er mellombels, og attraktiv ein stund, heilt til vi bestemmer oss for å dra vidare. Ein eg kjenner skreiv på FB at det var med stort vemon at han hadde kansellert 6 reiser, på ein dag ein typisk nettverkar og akademisk turist.

«Omstreifarane» er tvinga til mobilitet, fordi heimen deira vert øydelagd av krig, tørke, matmangel, eller overfløyming. Det kan sjølvsagt også vera at framtidsutsiktene er så vanskelege at ei farefull reise, eller flukt, kan synast som einaste utveg. Omstreifarane, eller vagabondane, er ikkje velkomne nokon stad. Dei møter stengde grenser, politi og tåregass, og piggrådgjerde. Alle land kjemper om å gjera seg attraktive for turistane, men ingen ønsker å ta i mot flyktingane, eller vagabondane, alle desse som er tvinga til mobilitet.

Turistane er attraktive for mottakarlanda fordi dei er individuelle konsumentar, og det einaste problemet med turistane er at dei kan bli for mange av dei på ein stad, slik at dei går i vegen for kvarandre og tråkkar ned og skadar både natur og bymiljø. Difor roper byar som Venezia, Barcelona, Dubrovnik og Bergen ut eit varsko om at dei ikkje kan ta imot ein mengde, ein stor sverm av turistar, som til og med berre kjøper småting, fordi dei har med seg alt om bord på Cruiseskipa.

Turistar i kø, er framande for kvarandre, og opplever den andre turisten som ein stengsle for eigen mobilitet, og ei hindring for eigen fridom. I denne serien, eller køen av turistar finst det ingen solidaritet, og turistlivet inneheld ein kontradiksjon:

Ideelt sett ønskjer kvar enkelt turist å vera åleine, men dei andre er viktige fordi det er mengda med turistar som gjer det attraktivt og lønnsamt å tilby gode restaurantar, museum og billige flyreiser. Altså, andre turistar er både eit vilkår for at eg sjølv kan vera ein turist, og nokre kryp, som skubbar seg fram og pustar meg i nakken.

Koronatiltaka er retta mot mobiliteten til turistane, for omstreifarane er det små endringar, dei er uansett tvinga til immobilitet i provisoriske leirar, der sjølvsagt eventuelle virus spreier seg fritt, og der all intensivbehandling manglar. Frå før er omstreifarane vant med at dei ikkje kan reisa vanlege turistreiser med raske fly og digre luksusskip. Alternativa for flyktningane er å kryssa havet i gummibåtar, berre for å bli internerte i avstengde leirar, og bli møtt med knytte -nevar og stive blikk heller av opne hender og vennlege blikk. Det er først og fremst rolla som «turistar» at vi opplever dei strenge kontrolltiltaka. Vi kan ikkje fly verda rundt, dei fleste grensene vert stengde, og vi misser moglegheita til å vera konsumentar, alltid på reise for å finna nye produkt, spennande konserter og god mat.

Det blir ei alvorleg krise i reiselivet, turistnæringa, og flyselskap, restaurantar, hotell og kjøpesentera har vanskelege tider. Det er smått forbausande at turistane aksepterer denne immobiliteten, fordi informasjonen om Korona- viruset, seier at dette er ein alvorleg pandemi som fører til død for kanskje så mange som 5 % av oss, men samstundes skjer det noko som er moralsk uhyggeleg: Helsekommunikea har vore fleirtydige. Det blir både sagt at viruset er svært farleg, men også eit anna budskap vert formidla. Viruset er først og fremst skadeleg for dei ikkje- mobile, skrøpelege, sjuke, pleietrengjande og gamle. Dei unge friske og mobile har ingen ting

å frykta, og vi kjem svært nær å hevda at desse immobile som er internerte i sin eigen kropp, har ein annan verdigheit enn dei friske, unge og mobile. Gamle skrøpelege skal døy snart uansett, og så lenge dødstala er avgrensa til dei skrøpelege, trege og immobile, har dei som er for det meste er frie, friske og mobile ingen ting å frykta, anna enn den ubehagelege smerta av å missa ein kjær skrøpeleg person.

Men denne unntakstilstanden, fyller oss også med eit moralsk håp. Det er trass alt fantastisk å vera vitne til den solidariske dugnadsinnsatsen, også vår indre turist, ønskjer å renonsera på lysta til mobilitet for å beskytta dei immobile og mest sårbare av oss. Vi er bundne saman, som sårbare, skrøpelege og immobile. Alle opplever den same trusselen. Vi tar vare på kvarandre. Vi er vare andsynes kvarandre. Og vi må alle skapa nye rutinar, ei ny mening, og ein ny tryggleik, no når vi ikkje kan delta i offentlege institusjonar og vera i kroppsleg nærleik på offentlege møteplassar. Vi er tvinga inn i eit digitalt liv.

Men det kjem ein gong ein ny kvardag, kan henda med meir solidaritet enn før. Og med større rast og ro i livet, og verdsetjing av vennlege fellesskap. Ei krise kan også vitalisera en fornya solidaritet med menneska sin verdigheit i høgsetet, bortanfor pengeverdien som mobile turistar og konsumentar.

## **Samfunnet på prøve**

Vi står no framføre eit stort eksperiment som ingen kjenner utfallet av. Samfunnet er på prøve både når det gjeld om vi klarer å holda ut gjennom denne «dugnaden», og med tanke på at regjeringa må fatta viktige avgjersler på grunnlag av usikker kunnskap, ein kunnskap som kontinuerleg vert forbetra med stadige ny data om utviklinglaupet. Vi ser konturane av det eksperimentelle samfunnet, der spørsmålet om kva som er rett strategi, kan ein først få kunnskap om når pandemien er over. «Minervas ugle flyg i skumringa» også med tanke på pandemiar, noko som vil seia at rett kunnskap får vi først etter at viruset eventuelt er nedkjempa.

Men i den kritiske fasen vi no er midt inni, må avgjersler takast på grunnlag av visdom, skjønn og praktisk rasjonalitet, i nært samspele mellom den vitskaplege helseekspertisen og dei politiske styresmaktene. Dei mest fornuftige tiltaka kan verken vera iverksetjing av reine vitskaplege vurderingar, eller gjennomføring av reine politiske avgjersler. Politikken treng ekspertkunnskapen, og ekspertkunnskapen treng også politisk dømmekraft, fordi det er mange dilemma og alternative utviklingslaup, og her trengs ansvarleg politisk dømmekraft. Vi kan difor kan henda seia: «Politikk utan ekspertkunnskap er blind, og ekspertkunnskap utan politikk er tom».

Helsestyresmaktene og regjeringa har i nært samspele med offentlege institusjonar og frivillige organisasjonar, innført drastiske tiltak som skal redusera omfanget av smittespreiande samhandling. I noen land er inngrepa enda strengare enn hjå oss, til dømes er det innført portforbod i Frankrike, mens i Sverige satsar dei for det meste på handhygiene og isolering av menneske med særleg risiko for å bli

alvorleg sjuke. Dette vil for ei god tid framover føra til eit slags «antibac society», og taktikken er no endra frå å bremsa smittespreiinga til å slå ned smitten.

Denne politikken er avhengig av at heile folket vert mobiliserte, ikkje skulder mot skulder, hand i hand, men heller ein dugnadsinnsats som medfører fråskiljing frå møteplassar og utesetjing frå offentlege institusjonar. Eg har god tru på at det norske samfunn er godt rusta til å klara seg gjennom denne prøven, mykje av di vi har gode samfunnsinstitusjonar, ein god velferdsstat, aktive frivillige organisasjonar, sterkt tillit til andre menneske, og tillit til dei offentlege institusjonane.

Vi har lenge hatt ein sterkt og aktiv stat i Noreg som no skal visa seg å vera ein god ressurs når vi skal engasjera folket for å bremsa, eller slå ned pandemien. Det norske staten har vore sterkt, men likevel har statsmakt og folkelege rørsler styrka kvarandre gjensidig gjennom ein folkerørslemodell. Både arbeidarrørsla, bonderørsla, og feminismen var breie folkerørsler som nyttet statsmakta til å realisera politiske prosjekt. Denne organisasjonsmodellen står i dagens situasjon på prøve, og eit vilkår for at regjeringa sine tiltak vert effektive er at folket sluttar opp om tiltaka utan for sterke sanksjonar. Ein aktiv stat bør gå i takt med ein aktiv befolkning. Dette gjev oss ressursar til å mobilisera heile folket til felles innsats, kanskje like effektivt som i Kina, som er eit totalitært kommandosamfunn.

Den rikaste ressursen i det norske samfunnet er at vi har mengder med sosial kapital, slik at vi stolar på kvarandre, og denne sterke tilliten til våre medborgarar kjem mellom anna av at vi møter kvarandre- rike og fattige, svarte og kvite, menn og kvinner, kloke og mindre kloke, muslimar, jødar og kristne – innanfor felles offentlege og private institusjonar. Vi møter kvarandre i barnehagen, grunnskulen, den vidaregåande skulen, universiteta, sjukehusa, og vi går til den same legen, fysioterapeuten, frisøren og butikken. Vi møter kvarandre og samhandlar med

kvarandre som medborgarar, som menneske rett og slett. Vi har tillit til kvarandre fordi samhandling innanfor offentlege institusjonar produserer mengder av «brubyggjande sosial kapital», og denne sosiale kapitalen kan investerast i den mykje omtala dugnadsinnsatsen.

Vi har framfor alt eit intakt offentleg helsevesen med helsepersonell som er trenna til å yta hjelp og omsorg til absolutt alle, uavhengig av religion, hudfarge, kjønn, legning, alder, og funksjonsnivå, og uavhengig av om pasienten har betalt inn sjukeforsikring. Norsk offentleg helsevesen vert kan henda også tvungne til vanskelege prioriteringar om talet på pasientar som treng intensivbehandling vert større en talet på respiratorar. Men vi kan kjenna oss trygge på at desse vanskelege vala, vert tekne på bakgrunn av medisinske vurderingar, og at alle former for sosiale bakgrunnar vert uvesentlege.

Og det betyr at vi stoler på helsestyresmaktene sine informasjonar, vi veit at all kunnskap er open tilgjengeleg, og vi får full innsikt i dei vanskelege vala som er basert på usikker og inntil vidare kunnskap. Vi har tillit til at regjeringa og helsestyresmaktene gjer så godt dei kan. Vi stoler på dei styrande fordi dei ikkje er autoritære og skråsikre, dei tvilar med oss, men dei har likevel handlingskapasitet.

Heldigvis er vi spart for dei meste groteske utslaga av alternative fakta, konspirasjonsteoriar, og paranoide førestillingar om styresmakter som feilinformerer folk. Det norske samfunnet er på prøve, men vi har gode ressursar til å komma ut av krisa.

## **Den uverkelege verkelegheita**

Koronaviruset er i ferd med å skapa ein unntakstilstand i heile verda. Styresmaktene i dei fleste land innfører strenge tiltak: I Frankrike er det portforbod, i Tyskland er det forbod mot at fleire enn to møtes, og i Noreg har vi fått ei koronalov, som gir regjeringa løyve til å setja i gang nødvendige tiltak, utan godkjenning av Stortinget. Fleire statsjuristar har reagert på denne fullmaktslova, som i realiteten opphevar prinsippa i den demokratiske rettsstaten. Dette har aldri skjedd tidlegare i fredstid, og mange av dei omfattande reguleringane i folks daglege liv har vi tidlegare berre opplevd innanfor autoritære og totalitære statar.

Denne ekstraordinære situasjonen inneholder ei blanding mellom frenetisk politiske tiltak og eit sosialt liv på lågast mogleg intensitet. Folk skal ikkje møtast, og Folkehelseinstituttet drillar oss til å leva eit strengt hygienisk liv innanfor «antibacsociety». Vi møter dagleg politiske inngrep i dagleiven våre som vert rettferdigjorte av ein kamp mot ein mogleg dødstrussel. Vi blir stadig eksponerte for politikkens eksistensielle grunnlag, der sjølve livet og døden står på spel. Vi er vitne til at den daglege politiske rutinen er i oppløysing og at den politiske aktiviteten er raudglødande av eksistensiell angst i møte med ein «ytre fiende», som skaper kaos og redsle for liv og helse.

Vi ser med eitt at den liberale politikken sine prosedyrar og rettslege rasjonalitet er endra til kamp og strid mot denne fienden. Regjeringa stengjer grensene, sjølv om viruset alt er i vill spreieing. Norske kommunar agerer som statar. Fleire kommunar har innført grensekontroll, noko som medfører at ingen har lov å reisa ut av eller inn i kommunen. Dei vanlege liberale rettane, retten til å reisa fritt, gå på arbeid og skule, vera aktiv i samfunnet, bu på hytta, besøkja pasientar, delta i

kulturelle arrangement, delta i bryllaup, gravferder og seremoniar, oppsøkja tannlege og frisør og eta ute, er for ein ubestemt periode sett på vent. Til og med barn blir instruerte til å ikkje leika fritt med kvarandre, og det vert oppmoda om å avlysa fødselsdagsselskap.

Den vanlege politiske legaliteten, den strengt lovregulerte politikken, er oppheva i ein ekstraordinær politikk som nettopp hentar legitimitet frå forsøk på å handtera denne nød- tilstanden med politiske midlar som hadde vore utenkelege berre for to veker sidan. Kven kunne sjå for seg for to veker sidan, at vi fekk grensekontroll, masseinternering, at politiet bankar på hyttedørene til folk, at det er straffbart å bryta heimekarantenen, at heimevernet er mobilisert, alle kommunikea frå helseministeriet, og regjeringa sine stadig meir drastiske tiltak for å avgrensa ein kvar rørslefridom.

Det uverkelege er svært raskt blitt den nye verkelegheita, nesten alle daglege rutinar er oppløyste. Vi lever innanfor ein nærast revolusjonær tilstand, og vi veit ikkje om vi nokon gong kan venda tilbake til just det same samfunnsliv som vi hadde før pandemien. Miljørørsla har streva for massemobilisering i 30 år, men den ekstraordinære koronapolitikken har utretta meir for miljøet på 14 dagar enn det miljørørsla har gjort over fleire tiår. No veit vi at vi har kapasitet til å skapa politiske mirakel, berre nødtilstanden vert prekær nok.

Politisk suverenitet spring i alle land — nett slik den tyske rettsfilosofen Carl Schmitt (1888-1985) skildra dette — utifrå kontroll over unnatakstilstanden, den eksistensielle redsla for døden, og kampen mot den eksterne fienden, eller koronaviruset. Til alt hell er ikkje virustrusselen kopla til migrasjonskrisa, da kunne verkeleg den liberale politikken stå i fare. Liberalismen er for ei ubestemt tid sett på

vent, og den totalitære politikken i Kina, og den kinesiske handteringen av denne eksistensielle trusselen, står brått fram som eit uhyggeleg ideal.

Og denne frenetiske politikken, kunne ha vorte ein totalitær fare, nettopp fordi den går hand i hand med nedkjøling av samfunnet og demobilisering av all aktivitet, men heldigvis har vi eit sterkt folkestyre her i landet, så dette vil vera ein tidsavgrensa unntakstilstand. Utan denne intense samhandlinga på offentlege møteplassar, vert folk makteslause andsynes den politiske makta.

Men vi har alt lært mykje av krisa. Denne gongen var det mest truleg nødvendig med sterke inngrep i dei liberale fridommane. Men vi har samstundes sett at vi må vera på vakt mot politiske styresmakter som rettferdiggjer sin politikk med at vi står overfor ein dødeleg trussel, og at denne trusselen om død og sjukdom kan møtast gjennom å eliminera alt vanleg samfunnsliv.

Denne gongen var det ein sosialdemokratisk dugnadsinnsats, men det som har skjedd dei siste dagane, er også ei oppskrift på eit totalitært samfunn. Det er uhhyggeleg å vera vitne til dette omfattande eksperimentet for å verna om dei mest sårbare, også viser oss kor snøgt normalt samfunnsliv kan setjast i kvilemodus. Og ingen kjenner til kva som skjer når vi startar opp att våre daglege gjeremål.

**Mørke om dagen**

## Drapet på Samuel Paty

### - Biletforbod og dei monoteistiske religionane

Læraren Samuel Paty vart drepen og halshoggen 16. oktober 2020 av ein fanatisk muslimsk ungdom frå Tsjetsjenia. Vi opplevde alle skrekken, og dei fleste kjente djup avsky mot dette drapet, og aversionen mot ein religion som har så strenge forbod mot å avbilda profeten vaks i oss. Kva slags religion kan rettferdiggjera å myrda eit menneske, berre fordi læraren Samuel Paty viste fram i ein undervisningssamanheng, den karikaturen av Mohammed som ein gong vart trykt i satirebladet Charlie Hebdo.

Men dette med ikonoklasme, eller biletknusing, har vore ein djup understraum i alle monoteistiske religionar, og den protestantiske reformasjonen gjennomførte også strenge forbod mot bilete av det gudlege, noko som finst prov på i mi eige kyrkje frå Voss, Vangskyrkjo. Det står i boka til Arne Berg (1977) Vangskyrkjo på Voss, om påbod om utskifting av bilete etter reformasjonen. Vangskyrkjo, låg rett nok så langt frå bispesetet at lokale skikkar, tradisjonar og kjensler også vart teke omsyn til, slik at biletknusinga vart noko mindre drastisk. Det vart streka under at denne utskiftinga av pynt og bilete, måtte skje gradvis, slik at ein unngjekk å krenka kjenslene til den lokale kyrkjelyden i utrengsmål, og mest truleg fekk alternativa stå urørt lenge etter reformasjonen. Men i ein mannsalder etter reformasjonen i 1569, vart det fatta eit synodevedtak i Bergen om å fjerna bilete og anna pynt frå Vangskyrkjo. Den lokale kapellanen i Vangskyrjo var til stades på dette bispemøtet, og i dette vedtaket frå 1569 sto det: «Alle billeder uden de po høgalterit staa skulle sagte borttagis» (Berg 1977: 70). Dette var lenge etter reformasjonen, og fjerning av

bilete måtte skje i ein takt som skulle tilpassast dei lokale stemningane og reaksjonane.

Det er lett å forstå at kyrkjelyden likte dei vakre biletene og andre pyntegjenstandar, sjølv om grunngjevinga for ikonoklasmen, var at måleria vitna om katolsk avgudstilbeding. Etter reformasjonen skulle det vera tru åleine, *sola fide* som Martin Luther uttrykte det, og kvar enkelt truande måtte sjølv lesa bibelen for å oppnå frelse. Og i denne samanhengen var vakre biletene noko som førte på avvege i høve til tekstlesing og tru åleine. Etter reformasjonen vart det meir vanleg at dei i staden for vakre biletene, hengde prestane opp skriftlege minnetavler, eller *Epitafia*, over avlidne prestar som hadde tent som prestar i kyrkjelyden. I Bergen-synoden, prestemøtet i 1589, vart det eit råd frå bispen at all pynt frå altertavla skulle skiftast ut med innskrifter frå katekismane (Berg 1977:76). Det var med dette berre skriftena i seg sjølv som kunne nyttast som dekor i kyrkja. Protestantismen framheva den forstandige skriftena, og fjerna det visuelle, vakre og sanselege, som hadde smykka ut og dekorert kyrkjeromma innanfor den katolske kyrkja. Ei protestantisk kyrkje var grå og enkel, mens ei katolsk kyrkje var full av vakre måleri og pynt, noko som for ihuga protestantar meinte ville føra til ein «dans rundt gullkalven».

Det vert ofte hevda at den protestantiske reformasjonen på nokre måtar kan forståast som ein att fødsel av den gammal-testamentlege jødedommen. Dette gjeld, spesielt innanfor kalvinismen, at nokon var rekna for å vera mellom Guds utvalde til nåden, om lag slik jødefolket var Guds utvalde folk. Protestantismen vidareførte også det strenge forbodet mot å framstilla biletene av Gud, noko som er enda strengare innanfor Jødedommen og Islam. Men likevel kan ein sjå på den relativt omfattande og drastiske ikonoklasmen etter reformasjonen som att skaping av eit hovud element innanfor Jødedommen: Då Moses kom ned frå fjellet, hadde han lovtalene med seg

til folket sitt. I det han kom ned frå fjellet såg han at israelittane dansa rundt gullkalven, noko som var eit dobbelt brot på den strenge monoteismen som Moses ville at folket hans skulle lyda: For det første fall israelittane tilbake til polyteisme gjennom å tilbe gullkalven, og for det andre var det eit brot på biletforbodet som påbaud Israel-folket å tru på den eine guden utan å ha tilgang til visuelle eller sanselege bilete av Gud. Det var denne evna til å tru på abstrakte prinsipp, denne utsøkte evna til *Geistigkeit*, eller det åndelege, framføre sanselege persepsjonar, altså ei radikal renonsering av det sanselege, som var jødefolket sin store kulturelle prestasjon og gāva deira til menneskeslekta. Dette førte også til at jødane fekk ei særskild kjensle av å vera åndeleg overlegne andre meir sanselege menneske, og mellom anna Sigmund Freud meinte at denne sjølvskre veremåten til jødane var hovudgrunnen til at dei vart hata av nesten alle andre folkeslag.

Ein kan kanskje seia at Islam kan forståast både som ei radikalisering av monoteismen, radikalisering av forbodet mot å framstilla bilete av Gud, og ei enda strengare skrift og tekstorientering enn i Jødedommen og protestantismen. Det strenge biletforbodet innanfor Islam, vekkjer harme og undring over kor humørlause muslimane kan vera. Kvifor er det så fælt å visa ein karikatur av profeten? Kvifor ikkje berre le av dette? Det er kan henda sant at muslimar har därleg humoristisk sans, men det kan vera klokt og perspektivrikt å sjå dette forbodet mot å framstilla visuelle bilete av Allah, og profeten, i ein vidare historisk og komparativ samanheng.

Kva er så det spesifikke ved Islam når det gjeld skrift og bilet? Koranen som klassisk tekst er skriven kalligrafisk- og denne utsmykkinga i skrift, har Islam felles med skrifta i den kinesiske kulturen. Denne kalligrafien har også blitt brukt til å dekorera moskear og andre offentlege bygningar, og Islam bruker den skjønne skrifta

både til å gje att innhaldet i Koranen, i handskrivne utgåver av Koranen, og til dekor og utsmykking.

Ein vanleg muslim lærer også Koranen ved å lesa klassisk arabisk som ikkje lenger er eit talemål. Det er også svært vanleg å læra seg skrifta gjennom offentlege resiteringar, noko som kan minna om europeiske songfestivalar. Dette at skrifta i seg sjølv har ein estetisk verdi, og at læringa av tekstane vert sunge og resiterte, viser at tekstane også er ein slags kunst. Den katolske messa er også ein musikalsk estetisk seremoni, og på dette viset liknar katolisismen meir på framføringa av tekstane i Islam, og den einsformige tekstutlegginga i protestantismen er meir eineståande. Men når det gjeld vektlegginga på at det er i skrifta ein kan finna Gud, er det ein fellesnemnar mellom Islam, Jødedommen og protestantismen.

Både jødedommen, protestantismen og Islam legg avgjerande vekt på skriftlege tekstar, men berre Islam har ein direkte estetisk verdi på skrifta, både gjennom den kalligrafiske skrifta og gjennom den estetisk ladde resiteringa av dei heilage tekstane. Det er berre katolisismen som går bortanfor skrifta, og framstiller det heilage gjennom vakre og sanselege bilete. Dette gjev i følgje Jødedommen, protestantismen og Islam opphav til å tilbe visuelle avgudar, eller å «dansa rundt gullkalven». Dette er grunnen til at det er ei uoppretteleg og formasteleg synd å framstilla karikaturar av profeten og at Moses vart fullt av vreide når han såg folket sitt dansa rundt gullkalven, og at dei radikale protestantane, etter reformasjonen, gav ordre til å fjerna alle helgenbileta, og anna glitter og stas frå kyrkjebygga.

## Litteratur

Berg, Arne (1977). *Voss kyrkje: Vagskyrkjo på Voss*. Utgjeve av Voss kommune

## Så kom terroren

**Vi står tett saman** i den varme sommarkvelden, og ser utover havet som andar mot himmelen. Det er 14. juli, fødedagen til Oda dottera mi og den franske nasjonaldagen, og vi ser på fyrverkeriet og det veldige fargespelet. Ei lita stund etter vi har sett utover stranda, havet og himmelen, og vi har ana susinga frå stimen av menneska, går vi sakte nedover strandpromenaden i Nice.

Vi snirklar oss mellom alle menneska, om lag 30.000 er samla langs promenaden, og vi tek vegn mot høgre mot *Place Masséna*. Brått endrar alt seg og grunnen forsvinn under oss. Vi er midt inne i ein straum av menneske som spring for livet og skrik av skrekk. Berre 50–100 meter unna kører ein ung dødens mann inn i den mjuke massen med menneske og slår dei lemlestā og døde ned i gangvegen.

**Det er nesten ufatteleg** at ein ung mann kan setja seg ned bak rattet i ein diger lastebil og køyra med fullt overlegg mot barn, unge menneske med nesten heile livet framføre seg, kvinner og menn, gamle menneske, og mange ekstra skjøre med stokkar og i rullestolar. Alle desse liva, som ikkje vart fullbyrda, vart strødd utover *Promenade des Anglais* på grunn av dette hatet, denne djupe lengta mot å døy og denne lysta til å riva andre med seg ned i avgrunnen. Kvifor så mange døde sjeler som strever etter det evige? Nesten ufatteleg, men ikkje heilt, også dette kan forklarast.

**Er vi midt inni** ein religionskrig, eller ein sivilisasjonskamp? Eller er det heller slik at terrorismen kan forklarast gjennom eit samspel mellom religion, sosiale vilkår, og at det finst menneske med paranoide og aggressive vrangførestillingar? I begge tilfelle spelar islam ei rolle, men det er likevel ein stor skilnad på å hevda at islam er

den determinerande årsaka, og at islam er ein av mange årsaksfaktorar, slik at det mest vesentleg er eit ungdomsopprør, mot samfunnet, og mot sine eigne foreldre, noko som vert artikulert gjennom ein jihadistisk narrativ, eller forteljing.

**Den franske sosiologen** Olivier Roy meiner at vi først og fremst må forstå terroren som eit ungdomsopprør frå 2. generasjonsinnvandrarar og unge menneske som har konvertert til salafisme, som er ein grov, rigid og kulturlaus versjon av islam. Ein religion «for dummies». Salafismen inneheld enkle prinsipp og rigorøse læresetningar, og manar til global jihad og heilaggjer valden, og opphøgjer martyren. Dette er ein perfekt oppskrift for alle som søker rask omdanning av seg sjølv og som er drivne av paranoide valdsfantasier.

Det kulturlause med denne religionen er at han er svært enkel å tilpassa seg og gjera bruk av innanfor alle samfunn. Det er ein slags McDonalds – hurtigversjon av islam. Sjølv om dei hatar vesten, er desse europeiske jihadistane ofte påverka av ein radikal individualisme, noko som ikkje direkte er i samsvar med den islamske tradisjonen

**Mange av desse** unge mennene har levd på utsida av den religiøse tradisjonen, og mange har knapt vore i ein moské. Dei har drukke alkohol, brukt stoff, dansa til vestleg musikk, og dei fleste har også vore kriminelle og har sona fengselsstraffer. Den store omvendinga til jihad har ofte skjedd bak fengselsmurane. Dei høyrer til den same generasjonen, den same gutegjengen, og kommuniserer gjennom sosiale media.

Og det finst fleire døme på at det er brør som har gjennomført terroren i lag,

Brahim og Khalid El Bakraoui i Brussel, Salah og Brahim Abdeslam i Paris, Said og Chérif Kouachi i Charlie Hebdo massakren i Paris, januar 2015, og også «To søstre», som er tittelen på boka til Åsne Seierstad.

**Desse unge muslimane**, også nokre jenter, og forbausande mange som har konvertert, har utvikla estetiske valdsfantasiar, inspirerte av valdsfilmar og dataspel, ikkje så ulikt den fantasiverda av vald og heltegjerningar som Anders Behring Breivik levde innanfor.

**Desse ungdommane** opplever mest truleg eit radikalt tap av meiningslause liv, der nihilisme, og dei manglar tilhørsle innanfor felles institusjonar og samarbeidande fellesskap. Den religiøse dimensjonen er avgjerande på den måten at den jihadistiske forteljinga kan gje ny metapolitisk meiningslause liv, der ungdommane lever utan ei framtid. Og terroren gjev ein garanti for evig liv, ein utveg for dei desperate draumane, og ein signatur på livsløpet. Ikkje gjennom å gjera suksess innanfor skule og arbeid, men gjennom iaugefallande destruksjon og vald. Dette er den perverse og fanatiske versjonen av den vestlege individualismen.

**Vi kan framfor alt ikkje** skjula noko, eller sminka på sanninga. Dei fleste terroristane har vore fødde i landet der dei utførte terroren og har hatt svak tilknyting til den religiøse tradisjonen, men både i Tyskland og i Sverige no nyleg var det to einskilde asylsøkjarar som stod for lastebil-massakren. Det finst også mange jihadistar som har blitt direkte omvende av radikale imamar. Det er også ganske sikkert at mange av moskeane, med imamar som talar om global jihad og som opphøgjer valden og terroren som heilage gjerningar, har fått operera fritt i ly av den vestlege toleransen og religionsfridommen, og delvis finansiert av Saudi-Arabia.

**Den norske jihadisten** Ubaydullah Hussain (som nettopp vart dømd til ni års fengsel), levde eit vanleg ungdomsliv i Oslo. Han snakkar perfekt norsk, han spelte fotball, han kvalifiserte seg som fotballdommar, og han arbeidde som kundebehandlar i ei Osloverksemd. Han var relativt godt integrert i det norske samfunnet, men likevel var det noko som gnog i livet hans. 14 år gammal skreiv han brev til den militante islamisten Mohammed Omar Bakri i Storbritannia, og svaret han fekk inspirerte til omvending og global jihadisme. Det er vel ikkje mogeleg å snakka fornuftig med slike fanatikarar som oppviglar til ærefulle drap? Det kan henda det er viktig å slå hardt ned på denne ekstreme salafismen, og den nære slektingen, den saudiske wahhabismen?

**Men det er ingen religionskrig**, og islam kan vera ein fredeleg religion. Like fullt møter vi stadig det liberale dilemmaet om vi skal tolerera dei intolerante, som heilaggjer drap av medmenneske.

## Litteratur

Roy, Olivier (2017). *Jihad and Death. The Global Appeal of Islamic State.* Hurst. Kindle Edition.

## **Kvardagen vender tilbake**

Terroren 22. juli var eit dramatisert åtak mot verjelause ungdommar på Utøya, og mot bygg, menneske og stat i regjeringskvartalet. Gjerningsmannen utførte og framførte desse massedrapa utifrå ein nøyne planlagt dramaturgi, der hans eigen person vart framstilt som ein krossfarar og redningsmann av den vestlege og kristne sivilisasjonen, og han sette i scene eit glorifisert bilet av seg sjølv i ein eigenlaga uniform.

Denne grenselause omsorga for seg sjølv som eit estetisk produkt, kom også til syne i den hulkande gråten i rettssalen, då bilet av uniformshelten vart vist fram under rettsforhandlingane, samstundes som drapsmannen sat som hoggen i stein, utan synlege teikn på medkjensle andsynes all den lidinga han hadde påført ofra, dei nærmaste og ein heil nasjon.

## **Vi gret i lag**

Denne kosmetisk designa og djupt sjølvopptekne drapsmannen såg på seg sjølv som ein avgjerande historisk figur, som gjennom skrift og gjerning kjempa mot dei øydeleggjande kreftene, først og fremst islam og det framveksande «Eurabia», men også den venstreorienterte fleirkulturalismen, feminismen, og kulturmarxismen, som mellom anna vart fremja av journalistar og sosiologar. Sjølv om fiendane var mange, blei likevel den lettaste utvegen å setja i verk dei grandiose dataselfantasiane i ein røyndom av verjelause AUF-ungdommar, som i tillegg representerte det som gjerningsmannen hata mest av alt, med stor lidenskap og utan perspektiv og proporsjonar, nemleg det feminiserte Arbeidarpartiet.

## **Kollektive kjensler**

Denne veldige misgjerninga gjekk, som vi alle veit, hand i hand med publiseringa av «Manifestet», som var eit giftig brygg av kulturkonervative og høgreradikale ingrediensar. På mange måtar var drapa eit dramatisk verkemiddel til å realisera eit djupare mål, som var å gjera kjent forteljinga om kampen mellom det gode og vonde, det ærlege og uærlege, reine og ureine, heilage og profane.

Men gjerningsmannen sine dramatiske framføringer vart møtte med masseseremoniar og dramatiske framføringer mot høgreradikalt tankegods og terror. I dagane og vekene etter massedrapa samla det norske folket seg framføre TV-skjermane, og dei aller fleste deltok på denne måten i sorgjерitual og medkjensle andsynes ofra og dei nærmeste pårørande. Statsministeren talte klokt om at demokratiske verdiar som toleranse, fleirkulturalitet, open diskusjon, og det at politikarane kunne røre seg fritt ute mellom folk, stod på spel. Svært mange gjekk også i tog og samla seg på offentlege plassar, i nær kroppslege fellesskap med sterke kollektive kjensler, og vi gret og song i lag. Desse kollektive kjenslene vart også uttrykte i nye, heilage symbol, slik som rosehava og songen «Til ungdommen».

## **Så kom kvardagen**

Etter ei tid kom ein kvardag, og seremoniane stilna. Dei kollektive kjenslene vart tona ned, og symbola, songane og dei politiske talane, miste gradvis klangbotnen i folket. Songen som pressa fram gråten i oss, vart gradvis meir «hul», dei politiske formlane om toleranse mista den sakrale glansen, og vart meir profane, litt tomme, sjølvsagde og trivielle. Ved å referera til den tyske sosiologen Max Weber kan ein seia at karismaen som vart skapt i masseseremoniane, vart meir rutine og etter kvart kvardagsleg. Dei gamle politiske motsetnadene dukka fram att, folket vart igjen delt

opp i ulike grupper, og fleire og fleire talte for at Behring Breivik sine ekstreme synspunkt om innvandring ikkje måtte føra til at all kritikk av islam og innvandring vart tabubelagde.

## **Skuld og ansvar**

Denne nye kvardagen førte også til ei stegvis omdanning av spørsmåla om kven som var offer og kven som hadde ansvaret for at dette kunne skje. I tida etter terroren vart offeret klart definert som idealistiske AUF-arar, og det vart også tolka som eit åtak på den demokratiske arbeidarrørsla, og meir generelt vart det også sett på som eit anslag mot det opne og demokratiske samfunnet. Dei skuldige og ansvarlege var dei ekstreme høgreradikale rørslene og alle bloggarane med same synspunkt som terroristen. Det var også mange som ville plassera skuld og ansvar hjå alle former for kulturkonservativ kritikk av islam og den allmenne frykta for «Eurabia», som var vanleg mellom anna i Frp og deler av KrF og Høgre. Det vart også peika på at Behring Breivik trass alt hadde vore ein aktiv medlem i FpU, og at han sjølv hadde uttalt at denne terroraksjonen neppe hadde vore nødvendig, dersom Frp hadde vunne valet.

## **Ikkje styrkja solidaritet**

I august same år vart 22. juli-kommisjonen sett ned. Den skulle granska alle sider ved denne tragiske og grufulle hendinga, og fokuset skifta gradvis: I debatten etter framlegginga av rapporten vart Ap omdanna frå å vera offeret for terroren til å bli stilt til ansvar for svak terrorberedskap og eit politi som ikkje var førebudde på å hindret åtaka. Det vart avdekt ei rekke logistiske, tekniske og organisatoriske svikt hjå politiet, og regjeringa vart kritisert for å neglisjera det store ressursbehovet i politiet.

Dei skuldige og ansvarlege for terroren var ikkje lenger eine og aleine dei ekstreme høgreradikale kretene, det var den norske stat, regjeringa og Ap som brått vart skulda for å forsømme tryggleiken til norske borgarar. Det vart konkludert med at åtaket mot regjeringskvartalet kunne ha vore forhindra, at styresmaktene svikta når det gjaldt å verna menneska på Utøya, og at gjerningsmannen kunne ha vore stogga gjennom ein raskare politiaksjon.

### **Ut av offerrolla**

Den breie moralske og emosjonelle fellesskapen mot høgreradikalismen vart avløyst av spørsmål om beredskap, politi og tryggleik. Gradvis omdanna Arbeiderpartiet seg frå å vera offer til å verta ansvarleg for at politiet var därleg budd.

I tida etter 22. juli vart det danna ein massiv moralsk og emosjonell fellesskap mot høgreradikalisme og kulturkonservativt tankegods, etter at AUF og arbeidarrørsla vart utsette for ein valdeleg politisk aksjon. Dette kunne ha skapt fornya solidaritet i samfunnet og mobilisering av verdiane i arbeidarrørsla, men denne utvegen vart stengd. Den breie moralske og emosjonelle fellesskapen vart avløyst av eit meir snevert fokus på om politiet var effektive nok i å verna folket mot terror.

## På sporet av ei anna framtid

**Ulrich Beck 1944–2015**

**Det er ein symbolsk rikdom** i det at Ulrich Beck døydde av hjart einfarkt ved inngangen til det nye året, nettopp i denne ettertenksame overgangen, når uroa og forventinga, utvegane og truslane, håpet og frykta møtest. Han var ein eineståande tysk sosiolog som opplyste oss om verdsomspennande risikoar, men som likevel gav oss ei sterk von om at trugsmålet om vår eigen undergang også er svanger med ei anna og betre framtid.

**Beck vart fødd** 15. mai 1944 i den vesle byen Stolp i Pommern, som no ligg i Polen. Familien flykta vestover etter andre verdskrigen og han vaks opp i Hannover.

Han studerte sosiologi, filosofi, psykologi og politisk vitskap i München på 1960- og 70-talet. Det vert fortald at han skreiv ferdig den epokegjerande boka

*Risikosamfunnet: På vegen mot ein annan modernitet* i 1986, kort tid før atomkraftulykka i Tsjernobyl. Han sat og skreiv denne boka på ein roleg plass ved Starnbergsjøen, der han mest truleg såg utover sjøen og tok innover seg korleis bylgjene glitra i solskinnet, korleis mørkret og ljuset spelte saman, og han kjende nok at vinden svalna det tenksame og godlynte andletet. Eg samtalte nokre få gonger med Ulrich Beck, og det overraska meg kor sjenert, stillfaren, lyttande og vennleg han var, heilt fri frå professoral arroganse.

**Etter den enorme suksessen** med boka *Risikosamfunnet*, steig han fram i det offentlege ljuset og vart ein verdskjent sosiolog. Ulrich Beck vart tilsett som professor i sosiologi ved Ludwig Maximilian-universitetet i München i 1992. Han hadde gjesteprofessorat både ved Harvard og Maison des Sciences de l'Homme i Paris, og frå 1997 ved London School of Economics. I London hadde han eit nært

samarbeid med Anthony Giddens, som også var oppfinnaren av den tredje vegen til Tony Blair.

**Beck var ein eineståande sosiolog** og ein offentleg intellektuell som var med på å utvikla eit nytt språk for ein ny og prekær fase i framveksten av det moderne samfunnet. Han var ein verdig etterfølgjar av dei klassiske sosiologane, som hadde store ambisjonar om å utvikla ein heilskapleg samfunnsteori. Ifylgje seg sjølv utforma han ein empirisk informert samfunnsteori, som også skulle bidra til å utvikla eit prosjekt om ein annan modernitet. Han skreiv i ein essayistisk stil, og alle detaljar ved samfunnet vart observert og analysert gjennom eit skarpt teoretisk blikk. Mange kritiserte han for å vera for anekdotisk og tilfeldig i omgangen med det empiriske materialet, og at han eigentleg utførte teoretiske generaliseringar på eit tynt empirisk grunnlag. Det er noko rett i denne påstanden, men samstundes var han ein Hegelfigur som bidrog med at «verdsånda» fekk innsikt i si eiga historiske modning, og slik sette han omgrep på allmenne livserfaringar. Han likna samstundes på den store tyske sosiologen Georg Simmel, som også meinte at alle detaljar på tilværet si overflate kunne visa oss noko ved dei heilskapelege samanhengane og den djupe meinings ved livet.

**Beck si store oppdaging** var at dei mest alvorlege truslane og risikoane for menneskeslekta er ein konsekvens av suksessen til moderniteten, når det gjeld teknologisk utvikling, økonomisk vekst, og vekst i vitskapleg kunnskap, slik som medisinsk kunnskap om sjukdommar. I den førmoderne verda vart menneske «utsette for farar» frå kroppen og naturen, og menneske vart utsette for farar frå eit ikkje pasifisert samfunn utan sentralt valdsmonopol. Menneska døydde av svolt, infeksjonssjukdommar, naturkatastrofar, frost eller tørke, eller vart drepne gjennom dagleg valdsbruk. Men det var berre ein liten elite som aktivt «tok risikoar», og dei

første omgrepa om risikoar vart difor også utvikla i samband med sjøfarten og dei risikoane som menneska tok med å seila i ukjende farvatn (*risko* tyder opphavleg eit undervatnsskjær).

I den enkle industrimoderniteten vart den teknologiske kontrollen over naturen styrka, slik at dei farane som menneska vart utsette for vart reduserte gjennom betre levestandard, betre ernæring og medisinsk kontroll over infeksjonssjukdommane, samstundes som det opna seg nye risikoar som var ein konsekvens av den teknologiske kontrollen og den industrielle kapitalismen sin svært høge produksjonskapasitet. Dette signaliserer overgangen til risikosamfunnet og framveksten av klima- og miljøtruslane.

**Riskosamfunnet** er difor kjenneteikna av ein dobbel sosial konstruksjon: For det første er risikoane ein konstruksjon av den industrielle sivilisasjonen, og for det andre vert erkjenning av risikoane konstruerte gjennom offentleg kommunikasjon, sosiale rørsler og vitskaplege diskusjonar. Det var særleg gjennom fredsrørsla og miljørørsla på 1980-talet at det vart utvikla erkjenning av at menneske hadde kapasitetar til å utsletta seg sjølve. Dei politiske stridane er difor alltid også stridar om rett forståing og fortolking av vitskapleg kunnskap, som også er prinsipielt usikker. Det finst alltid konkurrerande ekspertar, folk flest kan gjera bruk av ekspertkunnskapen, og som eit kontrapunkt til desse stridane om kunnskapsdoktrinar er politikarane svært glade i å fortelja om at dei har reist rundt og snakka med folk, slik at dei også kan knyta politikken til einskilde erfaringar.

**At politikken** og dagleglivet er prega av risikoar, vil seia at vi lever under ei vedvarande forventning om at ein eller annan katastrofe skal skje. Katastrofen er alltid ei konkret hending, noko som set fri den kaotiske erfaringa av øydelagde liv og sviktande eksistensgrunnlag, slik som ein terroraksjon, eller ein veldig flaum, noko

som gjev realitet til dei moglege risikoane. Risikoane svever nettopp i denne ubestemmelege tilstanden mellom ein konkret katastrofe, og den spekulative sjansen for at noko livstruande skal skje. Det er altså i det tilfelle risikoane vert reelle, slik som når eit kjernekraftverk eksploderer, eller eit terroråtak vert gjennomført, at dei vert synlege som konkrete katastrofar.

I dette landskapet mellom spekulasjonar om moglege risikoar, og erfaringar av nokre få katastrofale hendingar, må politikarane handla og gjennomføra tiltak. Når det gjeld risikoen for at vi skal bli utsette for terroråtak, vert politikken utforma på bakgrunn av erfaringar av eit utval av katastrofar, slik som 11. september, bombene i London og Madrid, og terroren i Oslo og på Utøya.

**Sommaren 2014** vart det sendt ut varsel til det norske folk om at det var svært sannsynleg at landet ville bli råka av terror. Det vart sett i verk omfattande tryggleikstiltak, grensekontollar og væpning av politiet. PST og ansvarlege styresmakter streva samstundes med å informera folket på best mogleg måte, på eit vis som både skulle formidla eit stort alvor og eit bodskap om at risikoen for at den katastrofale terroren skulle råka oss var svært liten. Det var også slik at sjølve dette varslet om trusselen og igangsettinga av politiaksjonen mest truleg hadde hindra at trusselen vart realisert. På denne måten kan ein seia at den veldige merksemda ikring terrorrisikoar er ein sjølvnektande profeti, og vi vil difor aldri få vita om kva som hadde skjedd om ingen ting hadde blitt gjort.

Slik risikopolitikk må alltid gjennomførast på grunnlag av fundamentalt usikker kunnskap. Dette førte også til ein merkeleg dobbelkommunikasjon med omsyn til trusselnivået: På den eine sida vart det sagt frå styresmaktene at det var ein overhengande fare, og at denne trusselvurderinga var basert på god etterretning og pålitelege kjelder. På den andre sida vart det fleire gonger uttalt at det beste folk

kunne gjera var å opptre heilt som før, og også delta i folkelege samanstimlingar, som om ingen ting var forandra når alt var forandra.

Denne allmenne frykta og det skarpe fokuset på all slags framtidige risikoar endrar også fundamentalt på prioriteringa av dei politiske verdiane, og det vert innført heilt nye rettslege kategoriar og førebyggjande tiltak. No nyleg vart det presentert eit nytt tiltak som kunne legalisera ein meir omfattande overvaking av mobiltelefontrafikken. Grunngjevinga frå mellom anna statsministeren var at kvar enkelt av oss måtte tola litt innskrenking av den private fridommen for å oppnå meir kollektiv tryggleik, gjennom metodar for å avverja terror i planleggingsfasen.

**I den etablerte rettsstaten** er det eit kategorisk skilje mellom tiltalt og ikkje tiltalt, skuldig og ikkje skuldig, og individuell skuld og kollektiv skuld, men det skarpe fokuset på terrortrusselen fører ein ny status eller kategori inn i det rettslege språket, nemleg «ein mogleg terrorist». Og for å finna desse farlege personane må vi utføra overvaking av alle potensielt farlege personar tilhøyrande det same sosiale miljøet. Det blir difor også tildelt ei kollektiv skuld, om lag som i ætte- og klansamfunn.

**Beck hadde eit brennande** engasjement for aktuelle politiske saker, men han var ingen «kateterprofet» som talte for eit verdssyn eller frelselære. I ei av hans siste bøker, *Det tyske Europa* (2013), tek han i bruk sine analytiske verktøy og sin optimistiske fantasi for å visa oss at det i framtida kan finnast mange utvegar for Europa, og ein av desse vil vera eit demokratisk Europa styrt av borgarane.

Beck var uroa over krisa i Europa, og han meinte at det var viktig å erkjenna at dersom Europa kollapsa, ville også europeiske verdiar som toleranse og ytringsfridom stå i fare for å bryta saman. Det er samstundes viktig å framheva at sjølv om EU langt frå er ein fullkommen union, har unionen oppnådd mykje som vi i

dag tek for gjeve. EU har gjort det mogleg for tidlegare diktatur, slik som Portugal, Spania og Hellas, å utvikla demokratiske institusjonar. I dagens situasjon må nye medlemmar av EU vera demokratiske, sekulære, og respektera menneskerettane. EU er også ein suksess med høg levestandard, fridom og ikkje minst fred.

Europa var lenge ein verdsdel mellom krigerske statar, og det er fort å gløyma at tidlegare bitre fiendar no samarbeider om å løysa felles oppgåver. I det krigerske Europa var det alltid ytre fiendar som var den mest alvorlege trusselen mot velstand og tryggleik, mens i dagens risikosamfunn med finansielle og økologiske truslar vil det vera mogleg å utvikla eit transnasjonalt samarbeid for å hindra katastrofar.

**Beck håpte på** ein «europeisk vår», der medborgarane samla seg i ei sosial rørsle for eit transnasjonalt EU, eller ei ny samfunnspakt. Dette nye Europa måtte medføra meir fridom for den vanlege borgar, noko som i dagens situasjon vert uttrykt gjennom at ungdommane reiser gjennom kontinentet mellom anna ved hjelp av Erasmus-stipend. Denne horisontale integrasjonen vil på ingen måte truga dei sjølvstendige nasjonalstatane, og den transnasjonale medborgarskapen kan føyst saumlaust saman med den nasjonale medborgarskapen.

Den nye europeiske samfunnspakta må også skapa meir sosial tryggleik. Dagens krise i Europa vert forsøkt løyst gjennom at den strenge tyske sparepolitikken vert påtvinga dei mest gjeldsråka landa i sør. Det har vorte satsa på redningspakker til bankane, som har skuld i finanskrisa, mens den vanlege borgar, som er utan skuld for krisa, misser arbeid, opplever lønnsnedgang, tap av pensjonar, og ikkje minst privatisering av offentlege eigedommar. Dette billigsalet av offentlege eigedommar er eigentleg ein «opphevleg akkumulasjon» (Karl Marx), eller «akkumulasjon ved fråraning» (David Harvey), noko som er ein effektiv metode for å få tilført kapital til eit næringsliv i krise.

**Beck ville altså** at denne risiko- og krisekapitalismen med redningspakker til næringslivet skulle avløysast av ei fornying av den sosiale tryggleiken for kvar einskild borgar. Det var difor nødvendig å innleia ein ny sosialdemokratisk tidsalder på eit transnasjonalt nivå som både må utvikla eit økologisk og sosialt demokrati, utan nostalgi for den nasjonale velferdsstaten. Europa av i dag står difor, ifylgje Beck, under det kosmopolitiske imperativet: Samarbeid eller gå under!

## Litteratur

Beck, U., & Stenbakk, A. (2013). Det tyske Europa: Fra Machiavelli til Merkiavelli - maktstrategier under euro-krisen. Oslo: Abstrakt forl.

## **Mens vi ventar på katastrofen**

Den verdskjende sosiologen Ulrich Beck vakte stor oppsikt med boka «Risikosamfunnet. På vegen mot ein annan modernitet» da den blei utgitt i 1986. I denne boka varsla Beck ein overgang til «Risikosamfunnet» som er kjenneteikna av at suksessen til det industrielle samfunnet ikkje berre produserte økonomisk velstand, men også nye miljø- og klimarisikoar, noko som kan øydeleggja heile sivilisasjonen. Dagens miljø- og klimadiskusjon skjer i stor grad innanfor det teoretiske landskapet som Beck skisserte.

Beck hevdar at på mange måtar var livet mykje farlegare i førindustriell tid, men det var meir uvanleg å bli utsette for menneskeskapte risikoar. Livet til menneska var spesielt prekært og farleg, og menneska døydde av uår, svolt og naturkatastrofar, og ikkje minst av ulækjelege infeksjonssjukdommar. I tida før det statlege valdsmonopolet vart innført, var samfunnet også prega av ein konstant trugande valdsfare, og svært mange menneske mista livet som ein følgje av spontane utbrot av vald og aggressjon.

## **Moderne katastrofetenking**

Dei aller fleste menneska vart utsette for farar fordi dei ikkje kunne kontrollera den majestetiske naturen. Men i denne «førmoderne» tida var det berre nokon få som aktivt tok ein risiko, til dømes ved å leggja ut på lange skipsreiser i ukjende og farefulle farvatn, for å utforska, plyndra og handla.

I dagens samfunn lever vi under vilkår der alle kan bli ramma av menneskeskapte risikoar, eller ein mogleg katastrofe i framtida, som vi desperat forsøkjer å føresjå og kontrollera i samtida. Katastrofetenkinga har innteke institusjonane og dagleglivet med full tyngde.

Men i tida før denne katastrofetenkinga førte framveksten av den industrielle og teknologiske sivilisasjonen til at menneska gradvis auka kontrollen over naturen, slik at farane for svolt, uår og død som følgje av infeksjonssjukdommar vart reduserte. I industrisamfunnet sine glansdagar vart det difor stor framstegstru, og hovudspørsmålet var å fordela den veksande rikdommen mellom samfunnsklassane.

### **Medvit om menneskeskapt risiko**

Utover 70-talet, mellom anna som ein følgje av mobiliseringane innanfor miljørørsla, vart det retta fokus på at industrisamfunnet ikkje berre produserte velstand, men også risikoar for total øydelegging og trugsmål om ein klimakatastrofe.

På same måten reduserte den medisinske vitskapen farane for mange slags akutte sjukdommar, men den medisinske teknologien skapte samstundes nye risikoar, eller ein mogleg katastrofe som ein følgje av resistente bakteriar, og nye sjukdomsriskoar som ein konsekvens av for mykje rikdom.

Endeleg var det slik at dei statlege valdsmonopola mogleggjorde eit fredeleg sivilt samfunn, men samstundes auka risikoen for krigar mellom statar, noko som kulminerte under den kalde krigen med risikoen for kjernefysisk ragnarok.

### **Frykten for terror**

Terrorrisikoen har igjen ført valden tilbake til samfunnet som ein alltid mogleg katastrofe. På dette område vert det også tydeleg at det er utflytande grenser mellom reelle risikoar, og den subjektive oppfatninga og utveljinga av risikoar: Terrorism som ein målretta realisering av ein katastrofe, er særskilt vellykka dersom aksjonen får stor merksemd i media, slik at det spreier seg ein allmenn frykt.

I kontrast med iscenesetjinga av terroren i media, er det relativt stor risiko for å bli drepen i trafikken, men relativt lite risikomedvit om trafikkdøden.

### **Velferdsstaten som forsikringsinstitusjon**

Industrisamfunnet produserte velstand, men også risikoar for sjukdom, uførleik og arbeidsløyse i samband med lønnsarbeidet. Det var likevel mogleg å kontrollera og forsikra seg mot desse risikoane gjennom velferdsstaten som ein forsikringsinstitusjon.

Riskosamfunnet er kjenneteikna av grenselause risikoar som ikkje kan kontrollerast gjennom teknologiske inngrep, sjølv om vi heile tida forsøkjer å kontrollera risikoane, noko som månelandingsprosjektet på Mongstad vitnar om. Det er heller ikkje mogleg at private forsikringsselskap til dømes kan betala for uver, skogsdød, overfløyming og ørkendanning, noko som oppstår som ein følge av den moglege klimakatastrofen.

Riskosamfunnet er også eit hypotetisk, eller eit eksperimentelt samfunn, både fordi ingen kjenner utfallet av det moderne eksperimentet, og fordi mellom anna diskusjonen om det finst ein menneskeskapt klimatrugsel går føre seg intern i vitskapen.

### **Uvissa har vendt tilbake**

Det er i dag vitskapeleg konsensus om at det finst ein menneskeskapt klimatrugsel, men det finst like fullt alternative ekspertar med like god vitskapeleg utdanning som har andre forklaringar på den globale oppvarminga. Beck hevdar difor at uvissa har vendt tilbake, og vi kan aldri forventa eintydig og sikker vitskapeleg kunnskap.

Men vi kan håpa på livlege diskusjonar innanfor vitskapane, og opne demokratiske diskusjonar, der vi alle kan nytta oss av ekspertkunnen, slik at vi kan utforma kosmopolitiske og verdsomspennande tilsvare på klimatrugsmålet.

## **Slik vinn terroristane fram**

Terroristane sine mål er å spreia allmenn frykt. Ingen skal kjenna seg trygge, og terroren kan råka når som helst og overalt. På kjøpesentera, offentlege transportmiddel, flyplassar, offentlege bygningar, offentlege debattmøte, avisredaksjonar, på arbeidsplassane og i private heimar. Denne allmenne og omfattande frykta kan berre bli vedlikehalden gjennom hyppig og vedvarande fokusing i media, og særskilt er det avgjerande at nokre utvalde og spesielt spektakulære hendingar får stor merksemd. På denne bakgrunnen hevda den tyske sosiologen Ulrich Beck at terroren alltid får full verknad gjennom dramatisering og iscenesetjing i media.

På denne måten vert mediefolk, kommentatorar, politikarar, tryggingsekspertar og overvakningstenestene tvinga inn i eit uløyseleg dilemma: På den eine sida kan terrortruslane mest truleg reduserast med svakare eksponering i media, men på den andre sida har både media og tryggleiks— og overvakningstenesta ei plikt til å informera om, og forsøkja å forhindra, terror.

Sommaren 2014 vart det sendt ut varsel til det norske folk om at det var svært sannsynleg at landet ville bli råka av terror. Det vart sett i verk omfattande tryggleikstiltak, grensekontrollar og væpning av politiet. PST og ansvarlege styresmakter streva samstundes med å informera folket på best mogeleg måte. Slik risikopolitikk må alltid gjennomførast på grunnlag av fundamental usikker kunnskap.

Dette førte også til ein merkeleg dobbelkommunikasjon med omsyn til trusselnivået. På den eine sida vart det sagt frå styresmaktene at det var ein overhengande fare, og at denne trusselvurderinga var basert på god etterretning og

pålitelege kjelder. På den andre sida vart det fleire gonger uttalt at det beste folk kunne gjera var å opptre heilt som før, også ferdast som før på offentlege plassar og delta på offentlege tilskipingar, som om ingenting var forandra når alt var forandra.

Det var også slik at sjølve dette varselet om trusselen og igangsettinga av politiaksjonen, mest truleg hadde hindra at trusselen vart realisert. På denne måten kan ein seia at den veldige mediemerksemda ikring terrorrisikoar er ein sjølvnektande profeti. Vi vil difor aldri få vita kva som hadde skjedd om ingenting hadde blitt gjort.

Det er ofte ikkje terroren i seg sjølv, men iscenesettinga av terroren i media, formidlinga og kommunikasjonen av denne faren frå ansvarlege styresmakter, og all overvaking og kontroll som vert sett i verk, som øydelegg dei demokratiske institusjonane i Vesten. I Danmark tidelegare i år råka terroren personar som nytta seg av ytringsfridommen på eit offentleg diskusjonsmøte på kultursenteret Krudttønden i København.

Dette utløyste naturlegvis redsle for tryggleiken for personar som deltek på tilsvarande offentlege diskusjonsmøte. Men ytringsfridom vakta av væpna politi er ein merkeleg samanstilling av valdsmakt og det frie ord. Same kva ein gjer, så vert det feil.

Denne iscenesettinga og dramatiseringa av terroren i media fører til at terrortruslane eksisterer heile tida overalt, samstundes som politiet må kontrollera og forhindra terroren gjennom tiltak som er lokaliserte både i tid og rom. Det blir stadig vanskelegare for politiet å kontrollera og hindra ein slik mogeleg katastrofe som kan skje når som helst og overalt, men likevel vert det gjort stadig meir for å overvaka og forhindra terrorfaren.

Dette kan mellom anna føra til at innskjerping av kontroll og tryggingstiltak kan redusera den individuelle fridommen. Dette dilemmaet har mellom anna blitt drøfta med omsyn til overvaking av telefon og datatrafikk. Politiet og mange politikarar meiner at omfattande overvaking kan avsløra og forhindra terroranslag, men kritiske røyster hevdar at det er urovekkande at alle skal overvakast berre for å nå nokre få mogelege terroristar.

Dette er eit ubetydeleg og knapt observerbart fridomstap for dei aller fleste av oss, men for utvalde minoritetar har denne overvakainga og kontrollen ført til kraftig innhogg i den individuelle fridommen. På mange måtar står vi også her andsynes eit uløyseleg dilemma. På den eine sida er det sikker kunnskap om at ungdom frå særskilte islamske grupper kan vera disponerte for å utføra terroraksjonar. Det er spesielt blitt fokusert på at såkalla heimvendte framandkrigarar både har evner og ideologisk overtyding til å drepa uskuldige menneske i regi av ein global jihad. På den andre sida må politiet overvaka og kontrollera svært mange islamske ungdommar, dei fleste utan verken evne

Dette kan lett føra politiet og tryggleikstenestene inn i vanskar med omsyn til grunnleggjande prinsipp i rettsstaten.

For det første er det eit viktig prinsipp i rettsstaten om individuell skuld og straffeansvar. Det skal aldri rettast mistanke mot og straffeforfølging av eit menneske på grunnlag av tilknyting til ei religiøs eller etnisk gruppe. Med dagens praksis vil det nesten unngåeleg vera mange islamske ungdommar som vil kjenna seg utsette for påtrengjande overvaking, kontroll og mistanke.

For det andre innehaldt rettsstaten i utgangspunktet prinsipp om å straffa utførte ulovlege handlingar, og ikkje intensjon eller planlegging av slike handlingar. Dei siste åra er det innført strengare straffeansvar og skuld også i samband med planlegging av ulovlege handlingar. Dette kan synast rimeleg med omsyn til at terrortruslane finst til alle tider og overalt, men det fører også til framveksten av nye og uavklarte rettslege kategoriar. Mellom anna er det blitt meir vanleg med «førebyggjande tiltak» når det gjeld å hindra kriminalitet, terror og krig. Politiet og rettsvesenet kan ikkje lenger avgrensa seg til å fanga og straffa kriminelle. No blir innsatsen like mykje retta inn mot overvaking, kontroll og straffeforfølging av «mogelege terroristar».

Den globale terroren vert mest verknadsfull gjennom iscenesetjing og dramatisering i media. Den omfattande offentlege merksemda, overvakninga og kontrollen er ein nødvendig respons, men likevel kan dette øydeleggja dei vestlege institusjonane. Slik vinn terroristane fram på eit djevelsk vis.

## **Islamsk fundamentalisme – ein type modernitet**

Det blir ofte sagt at Shmuel N. Eisenstadt (1923-2010) har utforma eit forskingsprogram med omlag same breidde, djupne og originalitet som Max Weber, og verket til Eisenstadt strekte seg over ein periode på 60 år (Preyer 2013). Den aksiale tidsalder er det mest sentrale omgrepet i dette historiske og komparative forskingsprogrammet, og denne aksiale tidsalderen er det vanleg å tidfesta frå 800 - 200 før vår tidsrekning. Det var eigentleg den tyske filosofen Karl Jaspers (1883 – 1969), vennen til Max Weber (1856- 1920), som utvikla denne innsikta om den aksiale tidsalderen, og han meinte det hadde vore ein kort periode med veldig kulturelle og religiøse nyskapingar, noko som skjedde innanfor alle verdsreligionane, og også innanfor den greske kulturen.

Denne kreative perioden skjedde ikkje som ein konsekvens av genetiske, klimatiske - eller teknologiske endringar, og det er vanskeleg å seia noko om kva som utløyste denne revolusjonære kulturelle kreativiteten. Denne kulturelle kreativiteten var enda meir omseggripande for menneskeslekta enn den vitskaplege revolusjonen, fordi framveksten av verdsreligionane skapte heilt nye kognitive strukturar som berre kan samanliknast med den kognitive revolusjonen som skapte det første symbolske språket hjå homo sapiens, for om lag 70 000 år sidan,

Det som var felles innanfor alle sivilisasjonane var ulike slag overvinningar av det magiske og sjamanistiske verdsbiletet, der verden var full av gode og vonde ånder med menneskelege kjenneteikn, og der desse åndene kunne påverkast gjennom troldom, magi og sjamanistiske praksisar. I den magiske tidsalder, noko som vil seia gjennom store deler av menneskeslekta si historie, var det ikkje særlege skilje mellom det menneskelege og det gudlege, og det var ein realitet som var full av

ånder, gudar og skrømt. I den aksiale tidsalder vart det utvikla strenge skilje mellom det menneskelege og det gudlege, det kvardagslege og heilage, det sakrale og det profane, det immanente og transcidente, og dette skjedde om lag samstundes i alle verdsreligionane, og uavhengige av kvarandre. Denne framveksten av verdsreligionane førte til at den magiske og animistiske religionen vart borte, eller at den magiske tankegangen vart ein av mange psykiske tvangshandlingar i kvardagen og innanfor den populære kulturen, og denne forskyvinga av magien gav også opphav til systematiske refleksjonar over den menneskelege eksistensen. Men kvar av verdsreligionane utvikla sine særskilte verdssyn som vart fremja og løfta fram av nye intellektuelle elitar, slike som prestar og profetar som fekk nye og sentrale roller.

I Kina vart det utvikla eit verdsyn med verdstilpassing som den sentrale kulturelle og religiøse verdien. Det var den kinesiske literati som løfta fram og representerte denne livsførselen med verdstilpassing ideal, noko som la vekt på å skapa ein estetisk skjønn verden, med mellom anna kunsten å skriva vakre vers, og dei kinesiske literati levde ein livsførsel som var regulert av den konfutsianske etikken. Det var også desse estetane og spesialistane i Konfucius sin etikk som var den herskande eliten i den imperiale «staten». Det er omlag som om forfattarar og estetar skulle vore den dominerande eliten i det norske samfunnet.

Innanfor den indiske sivilisasjonen var det Bramanane og dei buddhistiske munkane som løfta fram eit verdsyn om at frelsa var knytt til verdsflukt, og gjennom å søka stille kontemplasjon og mystisk meditasjon utanfor verda, kunne menneska bli eitt med kosmos og oppnå frelse, å bli eitt med ein kosmisk orden, eller nirvana. Den religiøse energien vart ikkje brukt til å forma og gjenskapa samfunnet etter religiøse ideal, så lenge den religiøse eliten berre kunne oppnå frelse gjennom å flukta frå verda, og trekka seg tilbake i stille kontemplasjon og meditasjon. Det er som om dei

mange alternativ, New- Age religionane som har meditasjon som religiøs praksis, skulle setja preg på det norske samfunnet.

Innanfor dei monoteistiske religionane, slik som Jødedommen, Kristendommen og Islam, vart det utvikla kulturelle mønster både for mystisme og presteforskrifter, men det viktigaste i denne samanhengen var at det vart danna eit verdsyn om verdsherredømme, der menneska handla i denne verda for å realisera Guds vilje på jorda. Denne verdslege askesen har satt sitt preg på den vestlege sivilisasjonen og forma dei faste karakterane innanfor politikk og forretningsliv. Dette skapte ein «revolusjonær» elite av utvalde protestantar, slik som den engelske puritanar som vart suksessrike forretningsmenn, eller den amerikanske puritanar som var sentrale i å utvikla den amerikanske nasjonen.

Den jødiske religionen hadde dette omgrepet om Guds utvalde folk, noko som vart vidareført og radikalisert av protestantiske sekter, der både den engelske og amerikanske puritanar rekna seg som Guds utvalde. Den islamske religionen har den indre spenninga mellom mystisme og strenge lovforskrifter, på den eine sida, og kravet om det revolusjonære verdsherredømme på den andre sida, som har vore den religiøse drivkrafta bak den islamske fundamentalismen. Den revolusjonære haldninga, eller det kulturelle mønsteret til transformerande verdsherredømme, har innanfor Islam alltid vore formidla av ein elite av skriftlærde, eller Ulema, som er direkte arvtakarar etter profeten, just slik som det vert hevdat at katolske biskopar har ei ubroten arverekke til apostelen Peter.

Eit sentralt poeng for Eisenstadt var også at den vestlege modernitetens skapte ein utveg for dei store revolusjonane, slik som den franske og amerikanske revolusjonen, den russiske revolusjonen, og delvis den kinesiske revolusjonen (som var inspirert av den vestlege marxismen). Desse revolusjonane var berre moglege

innanfor dei monoteistiske verdsreligionane, særleg innanfor asketisk og puritansk kristendom, der det kulturelle programmet inneheld eit prinsipp om verdsherredømme, noko som medførte ei verdsleg orientering om realisera ein utopi, som eigentleg er ein sekulær versjon av å realisera Guds vilje på jorda. Den kommunistiske revolusjonen i Russland var ei radikalisering av dette kulturelle programmet om radikal samfunnsendring. Dette var ein alternativ modernitet på den måten at den kommunistiske revolusjonære eliten kritiserte den kapitalistiske moderniteten for å ikkje realisera fullt ut dei innebygde prinsippa for frigjering og fornuft som låg i Opplysningsfilosofien og i det vestlege kulturelle programmet (Eisenstadt 2000).

Fascismen og nazismen var på same viset revolusjonære prosjekt som ville ha total forandring av samfunn og menneske på basis av blod, rase og jord. Denne utopien om tusenårsriket på grunnlag av den ariske overlegne rasen og massedrap av jødar, var eit brot med opplysningstida sine prinsipp om universelle fellesskap, men nazismen var moderne i si vekt på aksjon, kamp, krig og teknikk. Alle desse store revolusjonane hadde eit veldig valdspotensial, og på bakgrunn av at den franske revolusjonen utvikla seg til ein sekterisk jakobinarklubb som sto for eit terrorvelde, meinte Eisenstadt at det var ein jakobinsk dimensjon ved modernitetten. Vald og krig er like «moderne» som frigjering, fornuft og universelle fellesskap.

Innanfor dagens globale samfunn står den sekteriske islamske fundamentalismen fram som ei revolusjonær rørsle med strukturell likskap med kommunismen. For det første er både kommunismen og islamismen revolusjonære prosjekt og visjonære utopiar som er utvikla innanfor monoteistiske religionar. For det andre forsøker begge å mobilisera på grunnlag av universelle identitetar, og for kommunismen gjekk fellesskapet av arbeidrarar på tvers av nasjonar, religion og

slekt, og på tilsvarende vis for den revolusjonære islamismen, er Umma eit universelt fellesskap som inkluderer ulike stammar, klanar og etniske grupper. For det tredje vil både kommunismen og islamismen ha ei total forandring av samfunn og menneske. Islamsk fundamentalisme kan også tolkast som ein jakobinsk dimensjon ved moderniteten, fordi denne kombinerer den politiske radikalismen frå den franske revolusjonen med reaktive impulsar frå Islam som ein aksial religion med streng monoteisme.

Islam har eit kulturelt program for å realisera Allahs vilje på jorda, slik at dei deler noko av det same kulturelle mønsteret om verdsherredømme som finst i den asketiske og puritanske protestantismen. Men Islam har også vore ein monoteistisk religion, der dei skriftlærde, eller Ulema har vore ein berande elite i religionen. Dette har hatt fleire viktige konsekvensar som svekker den verdsendrande asketiske impulsen innanfor Islam: For det første har Islam vore ein forskriftsreligion heller enn ein religion som skaper ein asketisk livsførsel. Dette at dei skriftlærde er det berande laget heng i hop med at Koranen vert oppfatta som Allahs ord, og difor er det ikkje tolkingsmangfald, slik som i kristendommen. Den vanlege truande kan realisera Allahs vilje gjennom å etterleva ei rekke forskrifter. Dette er også grunnen til at dagens Salafisme - som er orientert etter å leva etter rigorøse forskrifter - er ein viktig del av den islamske fundamentalismen.

Det sterke tekstlege innslaget i Islam, dette at Allahs ord skal tolkast bokstaveleg, fører også til at den enkelte truande, i tillegg til å vera Allahs instrument gjennom å leva etter forskrifter, kan tena herren ved å resitera Koranen på klassisk arabisk. Ved denne innsikta kan ein også forstå det sterke biletforbodet: Menneska kan tena herren gjennom å resitera heilage tekstar og gjennom å leva etter religiøse forskrifter, men det er stor synd å gå utanom den heilage skrifta, og forsøka å nå

fram til Allah gjennom å framstilla profeten i bilete. Dette bilettabuet skapte ein svært destruktiv radikalisme, noko som viste seg gjennom IS- soldatane som forsøkte å utrydda alle historiske minnesmerke, der dei for fram på sine plyndrings – og drapstokt. Desse revolusjonære islamistane, ville skap noko radikalt nytt, eit nytt Kalifat, og då måtte dei knusa alle bilete og statuar som var visuelle avgudar og som representerte fortida og andre religionar. Denne islamismen praktiserte ikonoklasme eller biletknusing både for å knusa alle historiske minne, og for å fjerna visuelle gudebilete.

Ved å henta inspirasjon frå den store arabiske historikar og sosiolog Ibn Khaldun (1332 – 1406) sine skildringar av ei historisk veksling mellom ørkenkrigarrar som erobra byen, noko som i neste steg førte til ein slags dekadanse og framvekst av ein bufast, sedat og puritansk elite. Men det oppstod etter kvart nye nomadiske ørkenkrigarrar som igjen erobra den bufaste eliten i byen. Mot bakgrunnen av denne innsikta frå Khaldun utvikla Eisenstadt den enkle modellen om ei konstant veksling mellom militærregime med svak pluralisme, på den eine sida, og protofundamentalistiske og jakobinske fundamentalistar, på den hi sida, som kom som ørkenkrigarrar og nedkjempa den sedate byeliten (Amir Arjomand, 2011). Det vart sagt at Osama bin Laden rekna seg sjølv for å vera ein ørkenkrigar som retta eit dødeleg åtak mot den syndefulle byen, og fremst av desse byane var New York, som den store satan,

I vår tid var dette IS, som ikkje rei på kamelar gjennom ørkenen, men som køyrt raske bilar gjennom ørkenlandskapet med automatvåpen fastmonterte på taka av bilane, og desse ørkenkrigarane nedkjempa all motstand, og erobra Raqqa som de nye urbane sentrum i det nye Kalifatet. Det var ein revolusjonær utopi om å restituera det Kalifatet som eksisterte i Islams stordomstid.

Dei strukturelle grunnlaga for revolusjonære og fundamentalistiske islamske grupper har ofte vore svakt utvikla, mellom anna fordi det har vore svake bysentrum innanfor den islamske verda. Gjennom globalisering og transnasjonalisering vart dette drastisk endra, slik at IS sin ideologiske visjon vart mogleg å gjennomføra innanfor nye strukturelle vilkår. Den transnasjonale jihadismen, dei globale nettverka av idear, våpenhandelen, og det at det vart mogleg å rekruttera framandkrigarar frå dei fleste land med islamske minoritetar, førte til veldig styrke for IS. I mange land med muslimske minoritetar vart det også svært vitale diasporafellesskap, som har det vanlege kjenneteiknet ved slike fellesskap, nemleg framveksten av sterke nasjonale identitetar og ein viss form for verdsfjern radikalisme. Det moderne ved denne nye forma for jihadisme utvikla seg etter terroråtaket 11. september 2001 og krigen mot terror i Afghanistan, og den etterfylgjande krigen mot terror, noko som førte til transnasjonal rekruttering av jihadistar. Eit anna avgjerande skifte var den arabiske våren som førte til svekking av militærregime i Irak, Syria, Libya og Egypt. Denne endringa av maktbalansen gjorde det mogleg for USA å invadera Irak, i eit urealistisk forsøk på å skapa eit demokratisk styresett, men det einaste resultatet vart eigentleg å fjerna den Sunni- muslimske eliten frå makta og erstatta denne med Iransk- lojale Shia- muslimske grupperingar. Den aller første danninga av IS skjedde gjennom at soldatar frå den oppløyste Saddam – hæren, slo seg saman med Sunnimuslimske milits, i kamp mot det nye Shia -kontrollerte regime i Irak. Alt dette bidrog til den sterke rekrutteringa av framandkrigarar til IS.

Det var ei rekke andre svært moderne kjenneteikn ved IS, i tillegg til at terrorgruppa vaks fram i kjølvatnet av Irakkriken, den globale jihadismen, og diasporafellesskapa, og dette var at IS også i hovudsak rekrutterte frå 2. generasjons innvandrarar, noko som også gjer at vi kan seia at dette også var eit nokso typisk

ungdomsopprør. Dei fleste var enten konvertittar, eller hadde nyleg blitt omvendte gjennom Salafisme, som er ein hurtigversjon av Islam, noko som kan lærest på kort tid, ein religion for dummies. Olivier Roy har demonstrert denne samanhengen:

Why in the space of twenty years has radicalization primarily affected second generations and converts? It is because these two categories, due to their situation or by choice, have lost the culturally rooted religion of their parents. They thus piece together a religion without any social and cultural grounding, as do the Salafis. They even take pride in their deculturation, as it transforms these marginalized misfits into ideal actors of a globalization that levels everything out. They are thus open to religious fundamentalism and the search for a global cause, or rather a “global person,” that would render pointless the roots they lack (Roy 2017).

Dette var ofte ungdommar som var i opposisjon til foreldra og hadde elles lite kontakt med tradisjonelle og ortodokse former for Islam. Dei var også ofte småkriminelle og konverterte også til Islam inne i fengselet etter møtet med ein karismatisk predikant innanfor murane. I følgje Roy var det ikkje først og fremst ei radikalisering av Islam som skapte terroristar og framandkrigarar, men det var heller islamifisering av ein radikal og nihilistisk ungdomskultur som skapte mengda med sjølvmordsterroristar og valdsromantiske framandkrigarar.

Eit anna nærast hyper- moderne aspekt ved IS, var den tydelege Hollywood-dramaturgien, som fanst både på dei «vakre» og action - prega rekrutteringsvideoane, krigføringa og avrettingane av fangar. Det er mange som har peika på at dei dødsdømte synest så rolege når dei vert ført inn for å bli halshogde. Noko av grunnen til denne tilsynelatande roen, var at IS- terroristane hadde øvd fleire gonger, just slik ein øver fleire gonger på ein film-scene, før den endelege innspelinga. Her er eit sitat frå Roy som viser til den moderne estetikken på denne valda:

The engagement in violent action thus has to do with making the connection between a personal revolt, rooted in a feeling of humiliation due to one's attachment to a virtual "community" of believers, and a metanarrative of retuning to the golden age of Islam, a narrative theatricalized according to the codes of a contemporary aesthetics of violence that turns the youth into a hero and master of terror (Roy 2017).

## Litteratur

Amir Arjomand, S. (2011). Axial civilizations, multiple modernities, and Islam. *Journal of Classical Sociology : JCS*, 11(3), 327-335.

Eisenstadt, S. (2000). Multiple Modernities. *Daedalus* (Cambridge, Mass.), 129(1), 1-29.

Gerhard Preyer, Gerhard (2013). The Perspective of Multiple Modernities. On Shmuel N. Eisenstadt's Sociology, Theory and Society. *Journal of Political and Moral Theory*, 30 2013, 187-225

Roy, Olivier (2017). *Jihad and Death. The Global Appeal of Islamic State.* Hurst. Kindle Edition.

**Å rekna med, eller å *rekna* med**

## Eit sjølvspelande piano

Det er i grunnen, slik eg ser det, lett å forstå dagens høgre-høgre-allianse i Noreg: Det eine partiet, Frp, skaper veldig veldige mengder emosjonell og politisk energi gjennom å fyra opp den permanente unntakstilstanden innanfor asyl- og innvandringspolitikken, og dei driv stadig med politisk karneval ikring lagnaden til andre menneske. Det er rett at innstramminga var nødvendig og forankra i ein brei politisk konsensus, men Frp lever av å stadig trø over grensene for sømeleg ordskifte.

Det andre partiet, Høgre, administrerer Noreg gjennom ein teknokratisk politikk, der målet er å leggja maksimalt til rette for kapitaleigarane gjennom skattelette, kutt i formuesskatt og fjerning av arveavgift. Og byggja ned offentleg sektor, gjennom kommunereforma og kommersialisering av velferdstenestene.

Eit anna mål er å skjerpa krava i «arbeidslinja» gjennom kutt i uførretrygda (fjerning av barnetillegget), arbeidsplikt knytt til sosialhjelp (workfare), og ikkje minst gjennom å opna opp for systematisk bruk av mellombelse arbeidskontraktar. Det siste har bidrege til å forsterka den ville vesten-tilstanden som lenge har vore i byggjebransjen. Denne politikken for meir fleksible arbeidskontraktar og maksimalt gunstige vilkår for kapitaleigarane er det Angela Merkel har kalla for ein «Alternativlos politik». Det er ein apolitisk politikk, eit politisk «sjølvspelende piano», noko som kan setjast i verk av kven som helst gjennomsnittleg gåverik politikar.

Erna Solberg er rett kvinne til rett tid, og ho er perfekt tilpassa til å setja i verk dette sjølvspelande pianoet. Leiarskapen hennar er å handtera det vanskelege spelet mellom Frp, Høgre og mellompartia. Men ho har ikkje eit sjølvstendig politisk prosjekt

som går utover å skapa teknisk og økonomisk effektivitet. Ho er ein politisk funksjonær meir enn ein politisk entreprenør.

Men partiet Høgre er likevel avhengig av den emosjonelle og politiske energien som vert skapt gjennom Frps iscenesetjing av den raudglødande permanente unnatakstilstanden. Høgre heldt seg på sømeleg avstand frå Frps politiske teaterekssessar, men dei stoggar ikkje denne kjelda til politisk og emosjonell energi. For denne energien trengst for å driva det sjølvspelande pianoet.

## **Den nye politiske ånda**

Før grunngav ein statsråd, eller annan politisk leiar, sin maktposisjon med at det var ei krevjande oppgåve, eit alvorleg kall, ei livslang plikt, og eit ærefullt tillitsverv som vart tildelt frå ein partifellesskap og ei demokratisk folkerørsle. I dagens situasjon høyrer vi stadig oftare at det er ei «spennande utfordring», «ein fantastisk sjanse», «ein drøymejobb», noko ein «gler seg til» og liknande.

Denne nye entusiastiske ånda inkarnerer seg i dagens politikarar som har sine vennskaps- og kjennskapsnettverk, sine barfellesskap og sine media- og kommunikasjonsrådgjevarar som sine nærmeste sosiale miljø. Det er dessutan ein kjent sak at tenketanken Civita, som har ført i saman akademikarar, medierådgjevarar og strategiske politikarar, har vore ein sentral agent i det nye regjeringsprosjektet, og ikkje minst i siviliseringa og oppsedinga av det vulgære «folk flest» i FrP. Innanfor desse vennenettverka er det nettopp mykje spennande og festleg som skjer, og grensene mellom det spennande og festlege og det offentlege, pliktunge og arbeidskrevjande er utviska, det er spennande og gøyalt å driva med politikk.

Reprenterer så desse nye mektige ekspertpolitikarane breie folkeinteresser eller einskild personar frå det private næringslivet? Ein av dei strategiske statssekretærane, Julie Brodkorp, stotra følt på Dagsnytt 18, førre fredag, då ho skulle forklara at kommunikasjonsrådgjevarar, som har gått over i politikken, har rett til å hemmeleghalda tidlegare kundelister. Er det ikkje slik at desse nye management-politikarane skulle ha lojalitet i første rekke andsynes Det norske storting og det norske folk? Det er etter dette opplagt at den nye Frp- Høgre regjeringa spring ut av

snevre krinsar og skjulte aktørar, og manglar demokratisk forankring i breiare sosiale fellesskap og sosiale rørsler.

Det er også innanfor desse snevre nettverka, som er frikopla demokratiske folkerørsler, og som delvis representerer synspunkta til klientane i «First House», at det vert fabrikkert ein teknokratisk politikk, som skal «modernisera» og gjera Noreg enklare. Denne «moderniseringa» og tiltaka for å gjera Noreg enklare, går stort sett ut på å fjerna alt det som står i vegen for å innføra marknaden og føretaksmodellen som dei dominerande prinsippa i samfunnet, og operera inn den rasjonelle konsumenten i hjarta av samfunnskroppen.

Eit særleg god døme på at den nye regjeringa først og fremst vil styrkja forbrukarrolla og vår tilknyting til samfunnet som rasjonelle konsumentar, framføre rolla som arbeidstakrar og rolla som medborgarar innanfor ein demokratisk stat, finn vi i forslaget om søndagsopne butikkar. Denne forbrukarmentaliteten trumfar over verdikonserve prinsipp om at søndagen er ein kviledag og ein heilag dag, at familiene skal samlast rundt middagsborda, at venner og slekt går på tur i lag, og at dei unge og mellomaldrande får ein liten pust i bakken, som kan utnyttast til å vitja dei eldste og einsame i familiene og vennekrysane. Denne overflatiske og trivielle fridommen til å få ein ny dag til konsum, vert også viktigare enn regulerte arbeidstider og helgefri for arbeidstakarane. Den abstrakte, private og rasjonelle konsumenten innanfor konsum - og massesamfunnet, vert prioritert framføre menneske som inngår i dei konkrete familie - arbeidsfellesskapane, og dei religiøse fellesskapane.

## Fornuft og lidenskap i Brann

Det er mange innebygde spenningar og djupe konfliktar i SK Brann, noko som spring ut av at Brann både er forretning og foreining. Brann er forretning og eit stort konsern med budsjett på nesten 100 millionar i året. Det er nødvendig med profesjonell leiarskap, kompetanse og profesjonell utdanning innanfor økonomi, administrasjon og juss for å styra denne forretninga på ein effektiv måte. Det er klart at alle som sponsar fotballklubben, investerer i spelarar eller gjev direkte pengestøtte til klubben, må vera trygge på at forretninga vert styrt etter fornuftige prinsipp. Sjølve grunnlaget i denne forretningsdrifta er kontraktane med spelarane, og difor trengst det også god juridisk kompetanse for å gjennomføra forhandlingar og skriva kontraktar.

Men Brann er så mykje meir enn dette mekaniske og rasjonelle systemet, denne effektive forretninga og denne profesjonelle kompetansen. Mest av alt er Brann ein levande organisme som lever av lidenskap, eksalterte kjensler, irrasjonelle stemningar, bølgjande jubelbrus, stigande forventningar og sure nederlag. Dette veit vi alle som møter til kamp med sitrande psykisk spenning og ein nervøs uro i kroppen. Vi sit og ser at publikum sig sakte på plass og fyller opp tribunane, og lagar eit behageleg brus over stadion. Vi kjenner trykket frå alle menneskjene, vi ser at spelarane kjem ut på banen følgt med taktfaste tilrop, og vi ser at endeleg er spelet i gang, og vi ventar alle på den avgjerande scoringa som suser i nettet, og den veldige bølgja av kollektive kjensler som lyfter oss høgt over det kvardagslege strevet. Vi jublar og skrik som galne, hjarta slår hardt i bringa, og vi har tårer i augo av glede når vi endeleg har vunne denne kampen.

Vi dansar fram og attende i denne estetiske og affektive fellesskapen — denne konsentrasjonen av andande kroppar på ein liten stadion under Ulriken. Og vi syng

«Nystemten» av full hals og kjenner historia og det kollektive minnet med alle sigrar og nederlag, dei gylne augneblinkane og dei store spelarane, Kniksen, Steinar Aase, Helge Karlsen, Erik Huseklepp, og mange fleire, verkar gjennom oss alle som ein historisk puls. Men like ofte opplever vi ei tung og kvelande stille, ei mørk rumling og eit djupt sukk, når det er motgang i spelet, og den svake buinga av barnlege vonbrot vert som lodd rundt spelarane på banen. Det er desse eksalterte kjenslene av glede og innimellom den svarte avgrunnen av fortviling som gjev liv i SK Brann, og det er desse kollektive kjenslene og den veldige lidenskapen i supportergjengen som gjer at sponsorane, investorane og media er interesserte i klubben.

Det var denne spenninga mellom forretning og foreining som utkristalliserte seg i den opprivarande konflikten på det famøse årsmøtet ikring innstillinga til valkomiteen. Valkomiteen og Kjell Tennfjord hadde ein einsidig prioritet på forretning, og difor vart det lagt vekt på at medlemmane i styret skulle ha ein eller annan profesjonell kompetanse innanfor juss, økonomi, eller erfaring frå næringslivet.

Supporterane ville ha Åshild Samnøy inn i styret. Ho representerte Brann som foreining, samstundes var ho utvilsamt den personen med den beste formelle kompetanse på doktorgradsnivå, men ho mangla erfaring og utdanning som vert rekna for verdifull innanfor denne nye management— tankegangen, og difor mangla ho «kompetanse». Det var også ein skjult premiss hjå Tennfjord at representantane på årsmøtet i Brann skulle slutta seg lydige til valkomiteen, og denne sin prioritering av profesjonalitet, effektiv administrasjon og forretning framføre medlemsdemokrati, engasjement og dei sterke kollektive kjenslene som oppstår ikring Brann, særleg på tribunen i samband med fotballkampane.

Men det er viktig å halda seg til fakta i saka: Det som skjedde på årsmøtet var ikkje at Tennfjord ikkje kunne ta på seg å leia denne hylande og støyande supporterflokkens, som etter nokon si meining burde halda seg på tribunane og drikka øl på fotballpuben. Det som faktisk skjedde var at årsmøtet til slutt reagerte på at Tennfjord prøvde å trumfa igjennom ein straumlinjeforma management ideologi, og den veldige trua på «kompetanse».

Ura og buinga byrja alt forsiktig då styreleiar Rolf Barmen forsøkte å mana dei frammøtte til å følgja valkomiteen si innstilling. Denne talen var ein fatal feil, noko som skapte stemningsskifte og misnøye, og ei kjensle av at suvereniteten til årsmøtet sto på spel. Valkomiteen, Barmen og Tennfjord ville underkjenna årsmøtet sin sjølvstendige demokratiske vilje. Spesielt Tennfjord førte heile årsmøtet bak ljoset, og då dette vart avslørt, reagerte deler av forsamlinga med rettmessig harme. Før desse forsøka på å omskapa representantane på årsmøtet til lydige undersåttar, skjedde alt innanfor rolege og siviliserte former. Det var ikkje det minste teikn til buing eller ukvensord før samansverjinga vart avslørt.

Brann er både lidenskap og fornuft: Lidenskap utan fornuft er blind, og sjølvsagt må desse kollektive kjenslene og denne lidenskapen også styrast og kanaliserast gjennom profesjonell leiarskap. Men fornuft utan lidenskap er tom, eller ei maskin som ikkje startar. Dette veit inst inne den nye management-eliten som ville styra klubben, men dei opptrer likevel nedlatande i tilhøve til desse supporterane som er den djupe energikjelda til Brann. No treng vi ein «karismatisk» leiar som kan styra klubben i kraft av fornuft, kompetanse og profesjonalitet, men som også hentar styrke frå dei kollektive kjenslene. Det er dette den kognitive vitskapen kallar «emosjonell intelligens», og det er den kompetansen Brann må leite etter.

## **Skjønn og digitalisering.**

### **Ei ideskisse**

Vi lever i ein stadig meir digitalisert kvardag, der alle på ein eller annan måte må kommunisera med hjelp av digitale media for å nyta seg av offentlege og private tenester, slike som helsenorge.no, skattemeldinga, likningsattesten, NAV- tenester og banktenester. Det er vanskeleg å ha kontakt med helsevesenet utan digitale media, og å betala rekningar med den gamle typen fakturablaenkett er bortimot umogleg. Dette fører til sentrale endringar i mange folks kvardag, men det er også ganske uskyldige og trivielle endringar som har gjort livet lettare og meir effektivt for dei fleste.

Men denne omseggripande digitaliseringa kan også omskapa vår måte å nyta skjønn på i mange vanskelege vurderingar, og her vil eg koma inn på 4 slike situasjonar, der det vert utøvd den avanserte dugleiken som skjønnet er. Dette gjeld fagleg skjønn innanfor undervisning, diskusjonar og avgjersler i diverse møter, skjønnsvurdering av søknad om lån i bankane, og saksbehandlarar i NAV sine skjønnsvurderingar i møte med klientane.

Denne dugleiken til å utøva skjønn er den mest avanserte, vakre og verfulle eigenskapen vi som menneske har, og utan denne dugleiken, dette å avgjera noko, utan at vi kan vera heilt sikre, vil vi stå fram som klønete, klumsete, vinglete og handlings – og avgjerslelamma. Det kvardagslege livet inneheld ein mengde slike avgjersler, og den vitskaplege kunnskapen og alle former for ekspertkunnskap, er berre mogleg gjennom skjønnsavgjersler innan ein forskar – og ekspertfellesskap. Vitskapleg kunnskap strever etter sanning og er bygt på objektive observasjonar og

teoretiske forklaringar. Men det finst ingen matematiske algoritmar som fører oss frå empiriske data til teoretiske forklaringar, fordi det er slik at vi nyttar skjønn både når vi samlar inn data, når vi analyserer data, og eit sett med data kan tolkast på ulike måtar. Den vitskaplege kunnskapen vert soleis bygt på eit flytande grunnlag av ulike skjønnsavgjersler. Det er difor slik at vitskapen er avhengig av gode data, rasjonell meiningsutveksling og skjønn, eller ein form for praktisk visdom som eigentleg berre kan kultiverast innanfor ein forskarfellesskap, både i form av skrifteleg kommunikasjon, og ikkje minst i form av kroppsleg og emosjonell nærleik. Den praktiske visdommen og skjønnet er altså noko som oppstår når menneska kan sansa kvarandre og ta perspektivet til kvarandre, og vera var alle små og vase hint og stemningar innanfor ein *sensus communis*.

Ein type ekspertkunnskap som dei fleste møter på er når vi er hjå lækjaren, og han eller ho skal bruka sitt faglege skjønn til å stilla ein diagnose, på grunnlag av samtalar med pasienten, ulike prøvesvar og enkle kliniske granskningar, slike som å sjå i halsen, munnen eller augne, og kjenna på mage, nakke og rygg. Det er alltid mange objektive funn, men rett diagnose er likevel avhengig av doktoren sitt kreative skjønn, fordi det finst ingen mekanisk og logisk oppskrift, eller algoritme, på vegen frå alle kliniske observasjonar og prøvesvar fram til bestemte diagnosar. Dette er eit døme på at godt skjønn er ein særskilt viktig eigenskap og dugleik, både i kvardagen og innanfor vitskapen.

No vil eg gå vidare med å stilla nokre sentrale spørsmål. For det første; Korleis vert forståinga av fornuft og praktisk visdom, forstått innanfor filosofien, sosiologien og den kognitive vitskapen. Det er også verdt å merka seg at den filosofiske og sosiologiske innsikta om praktisk visdom, skjønn og *fronesis*, er nokså samanfallande med den innsikt og kunnskap om skjønnsavgjersler som finst innanfor dagens

nevrovitskap og den kognitive vitskap. Og mot bakgrunnen av denne forståinga av skjønn: Korleis artar dette med skjønn og praktisk visdom seg i høve til digital kommunikasjon?

Georg Lakoff (2008) er ein amerikansk forskar innanfor den kognitive vitskapen, og han har vore inne på at vi treng ein ny opplysningsfilosofi med eit nytt syn på fornufta. Opplysningsfilosofane meinte at fornufta var universell, medviten, uavhengig av kroppen, kjenslene og lidenskapane, og uavhengig av persepsjon, handling, og verdiar, og strengt logisk og skrifteleg. Dersom fornufta er slik som opplysningsfilosofane på 1700 – talet tenkte seg, ville det var ein saumlaus overgang frå å bruka fornuft, rasjonalitet, logikk og skjønn i ansikt til ansikt samhandling, og bruk av skjønn gjennom digital kommunikasjon. Sagt på ein annan måte, den digitale kommunikasjonen skaper ikkje vanskar med å utøva skjønn, dersom fornufta er skrifteleg og logisk, og uavhengig av kroppslege emosjonar og lidenskapar.

Men George Lakoff (2008) meiner at fornufta, den rasjonelle tenkinga og den praktiske visdommen har heilt andre kvalitetar enn det som opplysningsfilosofane tenkte seg. Vi treng difor ein ny opplysningsfilosofi som er meir i samsvar med ny kunnskap innanfor nevrovitstkap og kognitiv vitskap, ein kunnskap som lenge har vore kjent innanfor deler av filosofien og sosiologien, men som no blir utforska med naturvitskaplege metodar. Det har difor vore ein konvergens mellom den filosofiske hermeneutikken og den naturvitskaplege nevrovitstkapen, noko eg straks skal koma tilbake til.

Dette nye synet på fornufta meiner at mykje av tenkinga vår skjer umedvite gjennom bruk av rammeforteljingar, innøvde resonnement og intuitive praktiske dugleikar, slik at vi også kan arbeida produktivt med å løysa problem mens vi sov,

eller dagdrøymer, noko som så ulike forfattarar som Sigmund Freud og Charles Sanders Peirce, meinte var tilfelle. Tenkinga er også intimit knytt til kroppslege erfaringar, pasjonerte lidenskapar, og visuelle biletar og metaforar heller enn stringente omgrep og logisk konsistente argument. Dette gjer at vi ikkje skal gje avkall på fornufta, men vi treng nye perspektiv på fornufta som legg vekt på korleis vi reint faktisk brukar fornufta i praktiske avgjersler, og vårt skjønn og praktiske visdom, treng støtte frå kjenslene våre og korleis kroppen vår er plassert i verda, og taler til oss gjennom små hint, noko som gjer at omgrepet om rett magekjensle har blitt ein meir aktuell metafor på det emosjonelle aspektet ved tenkinga.

Eg vil no seia noko om korleis dette skjønnet, eller den praktiske visdommen har blitt forstått innanfor den filosofiske hermeneutikken, eller nærmare bestemt hjå Gadamer, Habermas og Hannah Arendt (Bernstein 1983). Dette skjønnet, eller visdommen kviler på ein mogleg semje med andre og sjå ei sak frå den andre sitt perspektiv, noko som kan oppnåast gjennom dialog med andre innanfor ein smak – og vurderingsfellesskap. Slike kvalitetsdommar, eller vurderingar, kan ein gjera åleine, men likevel forventar ein implisitt at eit slikt skjønn kan vurderast av andre menneske. Dette skjønnet må difor frigjera seg frå individuelle idiosynkrasiar og heilt private meininger, og dei subjektive vurderingane er berre rimelege dersom dei kan framsetjast innanfor eit offentleg rom, eit smaksfellesskap, eller det som Immanuel Kant kalla *sensus communis*.

Immanuel Kant var spesielt interessert i smaksdommar, eller skjønn i høve til kunst, noko som er ein sans til å markere skilje, eller distinksjonar, som ikkje kan reduserast til private meininger og kjensler. Kunstsmaken er i og for seg privat og subjektiv, men dei subjektive smaksdommane gjev berre mening innanfor eit smaksfellesskap, eller *sensus communis*, noko som er sanseerfaringa til ein

smaksfellesskap. Vi kan difor ikkje utvikla god smak, eller ein raffinert evne til å sjå skiljemerke, som isolerte individ. Smak og skjønn er ein sosial dugleik, vi kan øva oss opp til som deltarar i ein estetisk fellesskap, der det estetiske både refererer til det sanselege og det kunstnarlege. Denne referansen til det sanselege vil seia at vi utviklar den gode smaken i lag med andre kunstelskarar i kroppslege og emosjonelle fellesskap. Vi føler kunsten på kroppen i lag, ein slags kollektiv kropp, og kunsten gjev oss i følgje Kant eit interessaust behag, og dette vil seia at det estetiske i kunsten strøymer i kjenslene våre, om lag som eit rusmiddel som lokkar fram lystkjensler hjå oss.

Denne innsikta om smaksdommar, eller *Urteilskraft*, nyttar Hanna Arendt til å seia noko om politisk skjønn, visdom, eller politisk dømmekraft. Dette politiske skjønnet kan verken reduserast til subjektive og private meininger, eller objektivae fakta, slik som i vitskapen. Det politiske skjønnet ligg bortanfor det subjektive og objektive, det er subjektive meininger som berre kan gjevast meining innanfor eit kollektiv meinings- eller smaksfellesskap. Det er innanfor eit slikt fellesskap vi kan tala og handla, og slik gjeva vår singulære eksistens synlege for andre. Vi treng eit offentleg rom for å transformera private erfaringar til noko som er relevant og gyldige for mange. Når vi utøver politisk skjønn, gjer vi dette som medlemmar av eit fellesskap, just slik våre kunstdommar berre er moglege innanfor eit smaksfellesskap. Eit godt skjønn treng i begge tilfelle støtte frå eit offentleg fellesskap.

Mot bakgrunnen av denne framstillinga av skjønn, kan eg kanskje seia noko meir om skjønnsavgjersler i den digitale tidsalder. Det siste året har koronaen gjort livet ekstraordinært vanskeleg for dei fleste, men krisesituasjonar skaper også endringar i mange daglegdagse rutinar, noko som gjer at vi kan sjå nye kontrastar

gjennom at vi er kasta inn i ein eksperimentell situasjon. Vi er nøydde til å prøva oss fram med digital kommunikasjon i mange situasjoner, der det før pandemien var møte innanfor eit felles lokale, til dømes førelesingar i auditoriet. Forelesingar i eit auditorium har ein lang historisk tradisjon, og denne undervisningsforma er framleis vanleg ved universiteta, særskilt for introduksjonskurs for bachelor – studentar. Eg har lang erfaring med slike forelesingar, og eg kjenner på den sitrande spenninga hjå meg sjølv før eg begynner å prata, og eg sansar stemninga hjå studentane som om massen av studentar dannar ein klangbotn. Eg startar opp forelesinga, og summelyden mellom studentane går ofte gradvis over i ein roleg vellyst, og ei behageleg susing, eller brusing (slik som Roland Barth skildrar godlyden som kan oppstå til dømes på eit vertshus) når eg maktar å presentera stoffet på ein måte som studentane forstår. Eg har studentane i mi hole hand, og eg merkar med ein gong dersom eg er uklar, rotete, stotrar, og forklarar ting på ein for vanskeleg og abstrakt måte, fordi då ser eg på massen av studentar at dei misser konsentrasjonen, dei ser seg rundt og det spreier seg ein ubehageleg uro og rasling i forsamlinga, ei uro som gjer at eg forsøker å justera mi formidling av stoffet, etter den nesten simultane tilbakemeldinga. Mine faglege utgreiingar vert kalibrerte av studentmassen sine kroppslege og emosjonelle svingingar og stemningar. Om eg lukkast med formidlinga hører eg og sansar på kroppen ein velklang hjå studentane, eg spelar på strengane og lyden skaper resonans mellom tilhøyrarane.

Vi har også hatt hyppige zoom- møte ved instituttet både administrative og faglege møte. Det er på alle vis ein ny form for kommunikasjon som truleg har kome for å bli som eit supplement, i tydinga tillegg, men ikkje som ei erstatning. Zoom- møta har vore eit eksperiment for oss alle, eit brot med innlærte tradisjonar og rutinar for å handtera faglege diskusjonar og kritikk. I det opplysningsfilosofiske perspektivet,

der fornufta vert sett på som medviten, eksplisitt, skriftleg, logisk og fri frå kjensler og kroppslege stemningar, er det ikkje noko kvalitet skilje mellom zoom-diskusjonar og ansikt til ansiktsmøte i seminarrommet. Den faglege diskusjonen handlar - sett frå denne synsvinkelen - om klare logiske resonnement, eksplisitte skriftliknande argument, saklege og kjenslekontrollerte argument utan fektingar med armane, ei skjelvande stemme, ei nølande stemning, heving av augnebryna, blikkutvekslingar og gestikk, og difor kan den faglege diskusjonen like så vel skje på denne nye digitale scena.

Men dersom vi tenkjer ut i frå det alternative perspektivet, der det vert hevdat fornufta i vesentleg grad er knytt til kjensler og kroppslege stemningar, er det ein kvalitetsskilnad mellom ein fagleg diskusjon på zoom og eit ordskifte i seminarrommet. Når vi møter kollegaer ansikt til ansikt har vi fleire strengar å spela på, eller at våre utsegn skaper ein klang, eller ei stille murring av motstand, og på denne måten får vi høve til å finstemma vårt faglege skjønn, instrumenta som vi spelar på, i takt med kroppslege emosjonar og stemningar. Vi føler eit interessaust velbehag, når vi opplever at vi kan finna ut noko saman. Kollegafellesskapet brusar stundom i vellyst, men ofte hamnar vi i stotrande nøling, og vi famlar oss fram utan å sjå, og vi kan kjenna på det gråe ubehaget av å ikkje nå fram med diskusjonen. Fagleg skjønn vert difor utøvd også gjennom kjensler og vert kalibrerte gjennom kroppslege stemningar.

No vil eg seie noko om ei form for digitalisering som oppstod lenge før koronaen. Dette gjeld lånesøknader og den utøvinga av skjønn som bankfunksjonærar må gjera for å vurdera om lånsøkjearane er pålitelege nok med tanke på å innfri lånepliktene. Før i tida utøvde bankfunksjonærane eit fagleg skjønn på grunnlag av ein relativ inngåande kjennskap til dei som skulle be banken om lån.

Lånsøkjarane møtte gjerne fram i banken til eit personleg ansikt til ansikt møte, der dei ulike sidene ved privatøkonomien vart kasta ljos over. Bankfunksjonæren gjorde ei vurdering på grunnlag av desse samtalane, der også ansiktsarbeidet og den kroppslege samhandlinga danna ein klangbotn for det faglege skjønnet, sjølvsagt i lag med dei harde fakta, slike som inntektstilhøva og kva pengane skal brukast til. Dette skjønnet er ein type fornuft som er emosjonelt, kroppsleg situert, og metaforisk og narrativt, meir enn logisk og matematisk.

I dag har dette endra seg vesentleg. Vi søker etter lån ved å fylla inn informasjonar om våre økonomiske variablar på eit standardisert skjema. Vi har ingen ansikt til ansikt samhandling med bankfunksjonærane, vi kan ikkje gje emosjonelle og kroppslege situerte signal om vår situasjon. Det er ikkje ein praktisk visdom, eller eit skjønn som vert utøvd innanfor ein emosjonell og metaforisk samhandlingssituasjon. Lånesøknaden vert avgjort etter prosedyrar som er strengt logiske, og det er relativt eintydige oppskrifter eller algoritmar som bestemmer utfallet. Det finst ikkje slingringsmon som kan gje utvegar for eit fagleg skjønn som oppstår i ein konkret kroppsleg og emosjonell samhandling inne på bankfunksjonären sitt kontor. Dette er både eit framsteg, men det er også eit tilbakesteg fordi noko med nyansane i lånesøkjarane sine liv vert borte.

Denne omseggripande digitaliseringa kan stundom vera urovekkande når det gjeld samhandlinga mellom saksbehandlarane ved NAV og klientane, og særskilt i behandlinga av søknader om sosialstønad og andre meir behovsprøvde tiltak. Det er stor skilnad for ein klient på å legge inn informasjonar digitalt og eventuelt skrive eit brev, på den eine sida, og møta ein saksbehandlar ansikt- til ansikt, innanfor eit rom med synsintrykk, blikkutvekslingar, latter og gråt, og lukter frå kroppane, på den andre sida. Den første forma for digital og skrifteleg samhandling skaper utvegar for

formell likebehandling, men spesielle særpreg hos klienten vert utydelege, og personar med svak digital evne og ufullstendig skriftleg framstillingsevne kan verta taparar i det digitale systemet.

Det er nokre livshistorier som må forteljast gjennom kroppslege stemningar, emosjonelle fargeleggingar, og stotrande tale, og små fragment frå eit liv. Kan NAV systemet lytta til ei ung trebarnsmor, som har åleine ansvar for barna, av di ho har gjort nokre uriktige val, men mest av alt fordi ho har vorte utsett for menn og kvinner som har svikta henne. Ho flykta frå krigen i Liberia som 13 åring, ho snakkar relativt bra norsk, ho er i full jobb på ein sjukeheim, likevel er det ein dagleg kamp for å skaffa mat på bordet, og for å skapa eit litt tryggare liv for sine barn, enn det ho har hatt. Ho har ei blanding mellom å stundom vera nesten taus, og stundom skråla, le og tala som om orda renn ut av munnen på henne som ein foss. Men i talen til NAV vert ho stotrande og ho fortel om fragmenterte erfaringar, kroppen vert stiv og kjenslene tomme, når ho skal fortelja om vanskane sine til NAV. Mest av alt treng ho nokon som kan dansa ein afrikansk dans med henne.

### Litteratur:

Barthes, R., & Stene-Johansen, K. (1994). *I tegnets tid : utvalgte artikler og essays* Pax.

Bernstein Richard J. (1983) *Beyond Objectivism and Relativism: Science, Hermeneutics, and Praxis*. Philadelphia Pennsylvania: University of Pennsylvania Press

Lakoff, George (2008) *The Political Mind*. Penguin Publishing Group. Kindle Edition.

## Kunsten i augneblinken

Fotballekspert Lars Tjærnås skriv i BT at videodømming er eit framsteg for fotballen fordi det skaper rettferdige avgjersler. Eg er usamd i dette.

Det ligg i alle spel, og særskilt fotballen, at spelet kombinerer dugleik og sjanske som oppstår gjennom tilfeldige sjansar. Ein ball som stryk utanfor målet med små millimeter, eller som susar inn i nettet. Det eine utfallet skaper eit mørkt sukk i publikum, mens scoringa vekkjer supporterane til vill jubel.

**Det er summen av** alle desse augneblikka, noko som oppstår gjennom denne symfonien av dugleikar, der spelarane ikkje plasserer seg der ballen er, men der ballen vil vera i neste augneblink, og dei tilfeldige sjansane, som er det fortryllande og forførande ved fotballen.

Det er difor det også er så viktig å halda fast på den kunsten over augneblinken som finst i det skjønnet ei dommaravgjersle er eit døme på. Det er eit slik skjønn som skaper meiningsa i dei viktigaste livsområda, slik som til dømes kjærleiken.

**Vi kan aldri vera** heilt sikre på at kjærleiken vil vara til neste veke. Handlar eg rett, forstår eg den andre, er eg omsorgsfull nok, utøver eg det rette skjønn, er ho eigentleg glad i meg, elskar eg henne? Tvilen og skjønnet (les ikkje kjønnet her) er den lufta kjærleiken må anda i, og i det same vi strever etter full innsikt i desse spørsmåla, legg vi eit kvelande lag av sikker kunnskap over den kreative kunsten som det å elска inneber.

Leitinga etter sikker kunnskap fører til avfortrylling av det viktige i livet, slik som fotball og kjærleik, og å gjera dei moralsk rette handlingane. Det er heller ikkje opplagt at videodømming fører til mindre skjønn i dommaravgjerslene. Her er det mange døme, men eg avgrensar med til tre.

**For det første** må dommaren bestemma at situasjonen appellerer til bruk av videodømming. Skjønnet vert difor minst like avgjerande som før, det er berre tale om forskyving av skjønnet. Og det oppstår også ein ny limbofase, eller eit nytt grenseland: I ein av dagens kampar gjekk det om lag 10 sekund mellom den diskutable situasjonen, og til dommaren signaliserte at han ønskte å sjå episoden på video, altså stogga tida ved eit tilbakevendande oversyn. I desse 10 sekundane er det fullt mogeleg at eit av laga kunne ha laga mål. Kva skulle dommaren gjera då. Godkjenna målet, eller ikkje?

**For det andre** vil det alltid finnast grensetilfelle, var spelaren på ballen eller foten, var ballen innanfor målstrekken, eller utanfor, sto spelaren i offside eller ikkje. Kva om det er nødvendig med ein annan synsvinkel, eller kameravinkel. Det er opplagt at full visse krev at episoden vert vurdert frå eit mangfold av kameravinklar, kor mange er nok.

**For det tredje**, er dommaren si avgjersle, eller skjønn, i mange tilfelle avhengig av adekvat fortolking av spelaren sin intensjonalitet, eller hensikt. Søkte ballen handa, eller prøvde spelaren å stogga ballen med hensikt eller vilje. Korleis skal slike intensjonelle episodar vurderast gjennom videoovervaking. Kan slik intensjonalitet målast gjennom dette videoblikket.

For meg kan nokre fotballstunder vera fortryllande augneblink. Og av og til kan eg fyllast av tvilen om ho verkeleg elskar meg, og vi leitar etter teikn på frelse og kjærleik, sjølv om vi inst inne veit at kjærleiken lever av tvilen og det å tru og ikkje vira dette sikkert, og at kjærleiken dør av søkinga etter prov. Det å elskar har kunsten og det rette skjønn som livskjelde. Slik er det også med fotballen.

## **Merknader i margen**

## Noreg som høgdepunkt i evolusjonen

På bakgrunn av evolusjonsteoretiske innsikter har det amerikanske *Evolution Institute* eit prosjekt som studerer det egalitære og solidariske Noreg som eit høgdepunkt i evolusjonen. Denne forskingsgruppa har mellom anna lagt merke til det forbausande faktum at i dei siste ti åra har Noreg lege på topp når det gjeld SNs utviklingsindeks (HDI), som er sett saman av forventa levealder, utdanningsnivå og inntekt per hovud.

Oljerikdomen har sjølv sagt bidrige til denne posisjonen, men hovudforklaringa må finnast i den særskilde kulturelle og sosiale historia til landet. Etter dette er det rimeleg å hevda at mellom anna lågkyrkjelege sekter, bonderørsla, arbeidarrørsla, kvinnerørsla og mangfaldet av friviljuge organisasjonar, Folketrygda, den offentlege sektoren, Statskyrkja, eit næringsliv med samfunnsansvar, sosialdemokratiet, sosialliberalismen og den sosalkonservative politikken alle har gjeve tilskot til å skapa likskap, samarbeid og generell tillit mellom menneska, noko som også er forankra i den menneskelege naturen.

Evolusjonsteoretiske innsikter viser til at menneskelivet er bygd på ein dobbel biologisk og sosial arv. Samfunnet kan anten vera bygd på tvang, hierarki og aggressiv konkurranse på den eine sida, eller på vennskap og samarbeid på den andre sida, men samfunn med likskap og problemløysande samarbeid har vore det vanlegaste i den første og lengste historiske fasen, og slik sett er vår fredelege og samarbeidande natur minst like sterkt innskriven i gena som aggressive legningar.

Menneskeslekta gjorde difor eit framsteg i evolusjonen då primatane utvikla språk og evne til samarbeid og solidaritet, i tillegg til å utvikla enkle verktøy. Denne doble arven kjem også til syne hjå dei nærmeste biologiske slektingane våre, der det

er interessante skilnader mellom to typar aper, som representer to utgåver av den urhistoriske naturen vår. Sjimpansane er relativt aggressive, hierarkiske og brukar sex som maktmiddel; og dei sterkeste mennene kjempar om eimeretten til hokjønna. I Kongo i Sentral-Afrika finst det ein stamme med aper som vert kalla bonobos, og desse har ei samhandling som er prega av fredeleg samarbeid, og seksualiteten er eit naturleg innslag i dette samkvemmet, og hokjønna har også svært sterke posisjonar i gruppa. Og mens sjimpansane løyser seksuelle spørsmål med makt, løyser bonobos maktspørsmåla med å glede seg over sex som eit fredeleg innslag i det sosiale livet.

I USA er det også eit interessant forskingsprogram om «genopolitikk» som, mellom anna på basis av tvillingstudiar, har demonstrert at «liberale» og «konservative» politiske standpunkt samsvarar med ulike genetiske legningar. Dei «konservative og absolutistiske» er skeptiske til menneske utanfor gruppa og ønskjer sterkt indre samhald, dei ønskjer sterke leiarar, dei vil ha ein klar og eintydig moral og strenge straffer, dei har toleranse for økonomisk ulikskap, og endeleg har dei konservative lite tillit til andre. Dei «liberale og kontekstuelt orienterte» er meir vennleg innstilte til dei utanfor gruppa, dei har meir tillit til andre og er innstilte på samarbeid, dei ser rett framferd meir i ein kontekst enn som å fylgja absolutte reglar, dei mislikar strenge straffer, dei er skeptiske til sterke leiarar, og dei har aversjon mot ulikskap.

Innanfor evolusjonstankegangen er begge desse politiske grunnhaldningane og dei samsvarande genetiske eigenskapane like viktige: Dei konservative haldningane bidreg til å føra kamp mot innitrengjarar og fiendar som kan truga eksistensen til gruppa, og den liberale innstillinga bidreg til å styrkja den samarbeidande fellesskapen internt i gruppa. I den lange urhistoria som er innskriven

som genetisk informasjon, var samarbeidet og kampen to likeverdige innslag i strevet for å overleva.

Den populære boka til Richard Wilkinson og Kate Pickett, Ulikhetens pris, gjev også ein analyse av at eit egalitært samfunn spring ut av dei grunnleggjande biologiske anlegga til menneska. Samfunn med stor grad av sosial og økonomisk likskap har god kvalitet på dei sosiale relasjonane. Dette fører først til at tilliten er sterkt mellom, noko som vitnar om omfattande samfunnssolidaritet. Egalitære samfunn er også prega av meir likskap mellom kjønna, mens i samfunn med stor ulikskap er mennene dei dominerande. Samfunn med stor ulikskap har samstundes eit folk med dårligere helse, med større innslag av rusproblem og mentale problem, overvekt og diabetes og andre sjukdomar som gjer at menneska i slike land også har relativ låg forventa levealder.

Kvifor skaper så sosial ulikskap ein auke i risikoen for meir alvorlege helseproblem, samanlikna med egalitære og sosialdemokratiske samfunn? Kva type mekanisme er det som overfører kvalitetar ved samfunnet til kvalitetar med den menneskelege organisme? Svaret er relativt enkelt: I samfunn med stor ulikskap går det føre seg ein vedvarande konkurranse om posisjonar og ein alltid eksisterande statuskonkurranse. Menneska lever under prekære vilkår, og dei fattige og utstøyte kjenner konstant skam, manglande respekt og fortviling på grunn av den underlegne posisjonen sin. Denne statuskonkurransen er kan henda endå hardare i mellomklassen og mellom dei rike, som heile tida må måla sin situasjon opp mot andre innanfor eige gruppe. Det finst inga rast eller ro, heller ikkje mellom dei rike i mellomklassen. Og den engelske sosiologen Norbert Elias har hevdat at prestisjekampen i den profesjonelle mellom-klassen eigentleg er ei transformering av kampen på liv og død mellom riddarane og krigarane i mellomalderen.

Denne vedvarande statuskampen fører til statusangst og konstant redsle for å tapa status, verta sedd ned på og ikkje verta respektert og verdsett som eit likeverdig menneske. Det sosiale livet vert prega av stress, noko som fører til at svært mange menneske får utskilt for store mengder av stresshormonet kortisol. Dette stresshormonet er svært nyttig når menneska vert utsette for uventa og livstrugande farar, slik at det vert mogleg med ein veldig energibruk for å flykta unna faren. Men for høgt nivå av stresshormonet kortisol over lang tid er knytt til svært alvorlege helseplager, slike som høgt blodtrykk, depresjon, overvekt og diabetes og mest truleg også immunologiske sjukdomar.

Denne vedvarande statuskampen bryt kort sagt ned dei urhistoriske biologiske anlegga våre for fredeleg samarbeid. Dette tyder også at dersom vi skal skapa god folkehelse er det aller mest effektive å skapa gode og trygge fellesskapar, der menneska kan samarbeida med kvarandre og gje kvarandre gjensidig vørtnad og respekt. Utan meiningsfulle arbeidsoppgåver og rosande og styrkjande fellesskapar imploderer menneska i eit veldig kaos av sjukdomar. Eller sagt med inspirasjon frå Sigmund Freud: Menneska står og dirrar i det eksistensielle valet mellom den utovervende kjærleiken og å kollapsa i sjølvsentrerte spekulasjonar over helsetilstanden.

## Litteratur

Wilkinson, R., Pickett, K., & Pousson, P. (2011). Ulikhetens pris: Hvorfor likere fordeling er bedre for alle. Oslo: Res Publica.

